



Universitetet i Bergen

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

NOLISP350

Mastergradsoppgåve i nordisk språk

Våren 2022

Haldningar til dialekter blant ungdom i Herøy

Ei haldningsgranskning på Søre Sunnmøre

Ragnhild Rooney

Forord

Når eg no sit i innspurtsfasen og kan sjå tilbake på den kjekke, utfordrande, lærerike, givande, minnerike og til dels stressande prosessen bak heile masterprosjektet, dukkar det opp fleire personar i minnet som eg ønsker å takke.

- Først og fremst vil eg takke den dyktige rettleiaren min, Ragnhild Lie Anderson. Dette arbeidet hadde ikkje vore mogleg utan den gode oppfylginga eg har fått frå deg. Takk for at du til all tid har vore tilgjengeleg og stilt opp når eg har ropt om hjelp.
- I samband med datainnsamlinga mi har eg vore i kontakt med fleire kjekke personar som fortener ein takk. Takk til gode vener og kjenningar som tok seg tid til å spele inn opptak til språkprøver for prosjektet. Takk også til rektorane og lærarane som har stilt opp og tatt meg imot på skulane eg har vore innom. De har vore med på å gjere datainnsamlinga til ein kjekk prosess. Eg må også takke alle elevane som tok del i datainnsamlinga – utan dykk hadde eg stått med ei tom masteroppgåve i handa.
- Eg vil også gi ein spesiell takk til mormor som har vist interesse for prosjektet mitt frå start til slutt. Eg set enormt stor pris på deg!

Heilt til slutt: Gratulerer til meg sjølv.

Samandrag

Tittel: Haldningar til dialekter blant ungdom i Herøy

Undertittel: Ei haldningsgransking på Søre Sunnmøre

Student: Ragnhild Rooney

Rettleiar: Ragnhild Lie Anderson

Denne masteravhandlinga er ein studie av språkhaldningar blant ungdom i Herøy på Søre Sunnmøre. Delar av studien er inspirert av tidlegare haldningsgranskingar frå prosjektet *Dialektendringsprosessar*, der målet er å undersøke bevisste og underbevisste haldningar gjennom ein haldningstest med *masketest*, *dialektpllassering* og *dialektrangering*. Denne metodiske innfallsvinkelen opnar for å samanlikne resultat med tidlegare funn for å styrke det metodiske og teoretiske fagområdet. I tillegg til ein haldningstest, søker oppgåva djupneinformasjon om bevisste haldningar frå ungdomar gjennom gruppessamtalar.

Det ligg til grunn to innfallsvinklar i oppgåva. Først og fremst er det eit mål å undersøke kva haldningar ungdomane i Herøy har til si eiga lokaldialekt og til dialektene i Sande, Ulstein, Ålesund og på Austlandet. Materialet består av ei samling av kvantitative og kvalitative data om bevisste og underbevisste haldningar frå elevar på 10. trinn i kommunen. Utover dette er det eit mål å prøve å forstå og forklare kva som kan vere grunnen til at ungdomane har dei haldningane dei har. Dette vert gjort ved å sjå resultata frå haldningane i lys av det teoretiske grunnlaget til prosjektet, som er delt inn i faktorar på makro-, mikro- og mesonivå. På *makronivå* vert det undersøkt korleis ytre faktorar og informasjon om det geografiske samfunnet som ungdomane lever i og rundt kan legge føringar for korleis individua handlar. På *mikronivå* vert det diskutert korleis faktorar ved enkeltindividet kan vere med på å tolke ungdomane sine språkhaldningar. Her ligg fokuset på psykologiske aspekt ved haldning – kva haldning er bygd opp av og korleis vi skal forstå haldning som fenomen. Til slutt ser oppgåva på korleis sosiale faktorar på *mesonivå*, og forholda mellom individ frå eit område, kan henge saman med haldningane til ungdomane. Oppgåva har vist at det ikkje berre er enkle og klåre forklaringar på kvifor ungdomane i Herøy har dei haldningane dei har, men at bakgrunnen for haldningane kan bestå av fleire komplekse faktorar.

Resultata frå denne granskinga viser eit felles mønster mellom dei bevisste og underbevisste haldningane på eit overordna nivå, der ungdomane i Herøy er mest positive til dei lokale dialektene på Søre Sunnmøre. Det nasjonale talemålet, austlandsks, kjem under dei lokale dialektene i rangeringa, og ungdomane vurderer til slutt regionsdialekta i Ålesund dårliegast.

På eit nyansert nivå vurderer ungdomane si eiga dialekt høgt når det gjeld bevisste haldningar, medan ungdomane er negative til dialektene frå områda dei har næraast rundt seg (Sande, Ulstein, Ålesund). På underbevisst nivå viser resultata eit ujamt mønster i rangeringa, og ei mogleg forklaring på dette kan vere at ungdomane i det store og heile har problem med å høyre forskjellar mellom dei lokale dialektene på Søre Sunnmøre.

Abstract

Title: Attitudes to language among teenagers in Herøy
Subtitle: A study of language attitudes in Søre Sunnmøre
Student: Ragnhild Rooney
Tutor: Ragnhild Lie Anderson

This master thesis is a study of attitudes to language among teenagers in Herøy in Søre Sunnmøre. Parts of the study are inspired by previous attitude studies from the project "Dialektendringsprosesser", meaning dialect changing processes, where the goal is to investigate conscious and subconscious attitudes through an attitude test consisting of a *speaker evaluation experiment*, *dialect placement* and *dialect ranking*. This method opens for comparing results with previous findings to strengthen the methodological and theoretical subject area. In addition to an attitude test, the assignment seeks in-depth information about conscious attitudes from the teenagers through group discussions.

There are two approaches to this thesis. First and foremost, the goal is to investigate what attitudes teenagers in Herøy have to their own local dialect and to the dialects in Sande, Ulstein, Ålesund and Austland (the eastern Norway dialect). The material consists of quantitative and qualitative data collections on conscious and subconscious attitudes from students in 10th grade in the municipality. Beyond this, it is a goal to understand and explain what may be the reason why the teenagers in Herøy have these attitudes. This is done by looking at the results from the attitudes considering the theoretical basis on which the project is based, which is divided into factors at macro, micro and meson levels. At the *macro* level, it has been investigated how external factors and information about the geographical society in which the teenagers live can provide guidelines for how individuals act. At the *micro* level, it is discussed how internal factors can contribute to interpreting attitudes. Here the focus is on the psychological aspect of attitude – what it is made up of and how we should understand attitude as a phenomenon. Finally, the thesis looks at how social factors at the *meson* level, and the relationships between individuals from an area, can be related to the attitudes of the teenagers. The thesis has shown that there are not only simple and clear explanations for why the teenagers in Herøy have these attitudes but that the background for the attitudes can consist of several complex factors.

The results from this investigation show a common pattern between the conscious and subconscious attitudes at an overall level, where the teenagers in Herøy are most positive about the local dialects in Søre Sunnmøre. The national dialect, from the east side of Norway, comes under the local dialects in the ranking, and the teenagers ultimately consider the regional dialects in Ålesund least positive.

At a nuanced level, the teenagers value their own dialect highly when it comes to conscious attitudes, while the teenagers are negative about the dialects of the other local areas (Sande, Ulstein, Ålesund). At a subconscious level, the results show an uneven pattern in the ranking, and a possible explanation for this may be that the teenagers in fact have problems distinguishing between local dialects in Søre Sunnmøre.

Profesjonsrelevans

Lærarprofesjonen bygger på ein kompleks samanheng mellom fagleg kompetanse og danning. Rolla som lærar føreset dermed å kunne bygge opplæringa på kunnskapsutvikling i tillegg til menneskeleg utvikling, refleksjon og verdisystem. I arbeidet med dette masterprosjektet, har eg utvikla nyttige og verdifulle kunnskapar og erfaringar som kan styrke mi rolle som framtidig lektor – både når det gjeld den faglege og den dannande delen av profesjonen.

Fagkunnskapen som eg har oppnådd i prosjektet mitt, kan kome til nytte i den faglege utøvinga av norskfaget. Eitt av kompetansemåla frå læreplanen etter 10. trinn, er at eleven skal kunne «utforske språklig variasjon og mangfold i Noreg og reflektere over holdninger til ulike språk og talespråksvarianter» (Udir, 2019, s. 9). Arbeidet med masterprosjektet har gitt meg kunnskapar om språk og haldning, i tillegg til at eg har oppnådd erfaringar om språkhaldningar blant ungdom gjennom eit feltarbeid. Med dette kan eg bidra med ei god språkopplæring som både er relevant og nyttig for elevane.

Masterprosjektet mitt har også gitt meg kunnskapar eg kan ta med meg i den dannande delen av læraryrket. Eitt av kjernelementa frå læreplanen i norsk bygger på «språket som system og mulighet», der elevane skal kunne «utvikle kunnskaper om og et begrepsapparat for å beskrive grammatiske og estetiske sider ved språket» (Udir, 2019, s. 3). Elevane må altså kunne utvikle og reflektere over korleis språket fungerer som system, i tillegg dei verdiane som er knytte til språk. Eit anna kjernelement frå læreplanen handlar om «språklig mangfold», der målet mellom anna er at elevane skal ha «innsikt i sammenhengen mellom språk, kultur og identitet og kunne forstå egen og andres språklige situasjon i Norge» (Udir, 2019, s. 3). Elevane skal ikkje berre kunne peike på den språklege situasjonen i Noreg, men også forstå korleis språksituasjonen heng saman med resten av samfunnet. Mitt arbeid med språkhaldningar har gitt meg innsikt i det komplekse forholdet mellom språk, individ og samfunn, og dette kan eg som lærar bruke til å skape ei verdifull opplæring for elevane.

Litteratur

Utdanningsdirektoratet. (2019). *Læreplan i norsk (NOR01-06)*. Henta frå:

<https://data.udir.no/kl06/v201906/laereplaner-lk20/NOR01-06.pdf?lang=nob>

Innhold

FORORD.....	III
SAMANDRAG	IV
ABSTRACT	VI
PROFESJONSRELEVANS	VIII
OVERSIKT OVER TABELLAR, FIGURAR OG VEDLEGG	XIII
KAPITTEL 1: INNLEIING	1
1.1 BAKGRUNNEN FOR PROSJEKTET	1
1.2 PROBLEMSTILLINGAR.....	2
1.3 KVIFOR STUDERE SPRÅKHOLDNING?	2
1.3.1 <i>Retninga i denne oppgåva</i>	4
1.4 OPPGÅVA SIN DISPOSISJON	4
KAPITTEL 2: TIDLEGARE FORSKING.....	5
2.1 HALDNINGSGRANSKINGAR I DANMARK	5
2.2 HALDNINGSGRANSKINGAR I NOREG.....	6
2.3 SPRÅKFORSKING PÅ SØRE SUNNMØRE	7
2.3.1 <i>Oppsummering av tidlegare språkforsking på Søre Sunnmøre</i>	10
KAPITTEL 3: HERØY KOMMUNE OG OMLAND.....	12
3.1 GEOGRAFI OG KOMMUNIKASJON	12
3.2 BEFOLKNING	14
3.2.1 <i>Befolkningsutvikling</i>	15
3.3 SKULESTRUKTUREN	15
3.3.1 <i>Utdanningsnivå</i>	17
3.4 SYSSELSETJING.....	18
3.4.1 <i>Pendling</i>	19
3.5 KULTURLIV OG FRITID.....	20
3.6 DIALEKTENE I OMRÅDET	21
KAPITTEL 4: TEORI	24
4.1 MAKRONIVÅ – SAMFUNNSNIVÅ.....	24

4.1.1	<i>Lokalsamfunn</i>	24
4.1.2	<i>Reglar og normer for språket i eit område</i>	25
4.1.2.1	Dialekt	25
4.1.2.2	Språksamfunn.....	26
4.1.3	<i>Regionalisering</i>	27
4.2	MIKRONIVÅ – INDIVIDNIVÅ.....	28
4.2.1	<i>Haldningsteori</i>	28
4.2.2	<i>Behavioristisk og mentalistisk tilnærming til haldning</i>	29
4.2.3	<i>Haldningskomponentar</i>	30
4.2.4	<i>Haldningsfunksjonar</i>	31
4.2.5	<i>Andre termar assosiert med haldning</i>	32
4.3	MESONIVÅ – KOPLING MELLOM INDIVID OG GRUPPE	33
4.3.1	<i>Språkhaldning</i>	33
4.3.2	<i>Språk og identitet</i>	34
4.3.3	<i>Stereotypi</i>	35
4.4	OPPSUMMERING AV DEI SOSIALE NIVÅA	36
KAPITTEL 5: METODE	37
5.1	METODISKE INNFALLSVINKLAR.....	37
5.1.1	<i>Kvalitativ og kvantitativ metode</i>	37
5.1.2	<i>Direkte og indirekte metodar</i>	38
5.1.2.1	«Matched-guise» og «verbal-guise»	39
5.2	DELTAKARANE I PROSJEKTET	40
5.2.1	<i>Representativiteten i utvalet</i>	41
5.3	DATAINNSAMLING: HALDNINGSTESTEN	41
5.3.1	<i>Gjennomføring</i>	42
5.3.2	<i>Masketesten</i>	42
5.3.2.1	Vurdering	43
5.3.2.2	Gjetting av føremålet med testen	44
5.3.3	<i>Dialektlassering</i>	45
5.3.4	<i>Dialektrangering</i>	45
5.3.5	<i>Korte bakgrunnsopplysingar</i>	46
5.3.6	<i>Førebuing av haldningsgranskingstesten</i>	47
5.3.6.1	Utforming av språkprøver	47

5.3.6.2	Utforming av digitalt spørjeskjema.....	49
5.4	DATAINNSAMLING: GRUPPESAMTALANE	50
5.5	ETISKE UTFORDRINGAR.....	51
5.6	BEHANDLING AV DATAMATERIALET	52
5.6.1	<i>Ikkje-parametriske testar.....</i>	52
5.6.2	<i>Friedman-test</i>	53
5.6.3	<i>Mann-Whitney-test</i>	53
5.6.4	<i>Wilcoxon signed-pair-testen.....</i>	53
5.6.5	<i>Omkoding av variablar</i>	54
5.6.6	<i>Signifikansnivå</i>	54
5.7	HYPOTESAR.....	55
KAPITTEL 6: RESULTAT OG ANALYSE		58
6.1	MASKETESTEN	58
6.1.1	<i>Resultat fordelt på gjetting av føremålet.....</i>	60
6.1.2	<i>Resultata fordelt på kjønn</i>	62
6.2	DIALEKTPLASSERINGA	63
6.3	DIALEKTRANGERINGA.....	66
6.3.1	<i>Estetikkvurderinga</i>	66
6.3.2	<i>Statusvurderinga</i>	67
6.4	MEIR OM DEI BEVISSTE OG UNDERBEVISSTE HALDNINGANE I TESTEN	68
6.5	GRUPPESAMTALANE.....	71
6.5.1	<i>Kva tankar har de om dykkar eiga dialekt (dialekta i Herøy)?</i>	71
6.5.2	<i>Kor viktig meiner de det er for ein herøyværing å snakke Herøy-dialekt?</i>	72
6.5.3	<i>Kan de peike på typiske språktrekk for dialektene i fylgjande område: Herøy, Ulstein, Sande, Ålesund og Austlandet.....</i>	72
6.5.4	<i>Synest de det er lett å høyre forskjell på ein som kjem frå Herøy og Sande/Ulstein/Ålesund?</i>	73
6.5.5	<i>Merkar de forskjellar i språket mellom gamle og unge i Herøy? Kom med døme.</i>	
	<i>73</i>	
6.5.6	<i>Snakkar de på ulik måte alt etter kven de snakkar med (familie, vener, ukjente, folk frå andre område osv.)?</i>	74
6.5.7	<i>Korleis vil de beskrive fylgjande: Ein herøyværing, ulsteinvikar, sandssokning, ålesundar, austlending</i>	74

6.5.8	<i>Kva trur de folk utanfor Herøy meiner om herøyværingar og dialekta i Herøy?</i>	74
6.5.9	<i>Oppsummering av gruppесamtalane</i>	75
KAPITTEL 7: DRØFTING		76
7.1	HAR DET GEOGRAFISKE OMRÅDET EIN PÅVERKNAD?	76
7.2	REGIONALISERING SOM MOGLEG FORKLARING?	78
7.3	HALDNINGAR TIL SPRÅK ELLER HALDNINGAR TIL SOSIALE GRUPPER?.....	79
7.4	SPRÅKHOLDNINGAR OG IDENTITETSMARKERING.....	80
7.5	PSYKOLOGISKE ASPEKT VED HALDNINGANE	81
7.6	SPRÅKHOLDNINGANE SETT I LYS AV TIDLEGARE HALDNINGSGRANSKINGAR.....	82
7.7	DRØFTING AV FORSKINGSOPPLEGGET	85
7.7.1	<i>Gode nok språkprøver?</i>	85
7.7.2	<i>Det digitale spørjeskjemaet</i>	86
KAPITTEL 8: KONKLUSJON		88
8.1	PROBLEMSTILLING 1: KVA FOR HALDNING HAR UNGDOMANE I HERØY?.....	88
8.2	PROBLEMSTILLING 2: KVIFOR HAR UNGDOMANE DEI HALDNINGANE DEI HAR?.....	89
8.3	VIDARE FORSKING.....	90
LITTERATURLISTE.....		92

Oversikt over tabellar, figurar og vedlegg

Tabell 3.1: Utdanningsnivå, personar frå 16 år og over.....	17
Tabell 5.1: Oversikt over dei femten språkprøvene i rekkefølge for avspeling.....	48
Tabell 6.1: Underbevisste haldningar fordelt på dei fem dialektene.....	58
Tabell 6.2: Underbevisste haldningar fordelt på dei femten språkprøvene.....	60
Tabell 6.3: Underbevisste haldningar fordelt på dei som gjetta og ikkje gjetta føremålet	61
Tabell 6.4: Underbevisste haldningar fordelt på kjønn.....	62
Tabell 6.5: Bevisste haldningar, estetikkvurdering.....	66
Tabell 6.6: Bevisste haldningar, statusvurdering.....	67
Tabell 6.7: Samanlikning av bevisste og underbevisste haldningar.....	69
Tabell 6.8: Bevisste og underbevisste haldningar, samanslåing av dei ni lokale språkprøvene.....	69
Tabell 6.9: Oversikt over karakterskildringar.....	74
Tabell 7.1: Bevisste haldningar (estetikkvurderinga) frå ulike delar av vestlandet.....	83
Tabell 7.2: Underbevisste haldningar frå ulike delar av vestlandet.....	84
Figur 3.1: Omrisskart over Herøy kommune og omland.....	12
Figur 3.2: Kart over Herøy kommune.....	13
Figur 3.3: Folkesetnad i Herøy, Sande og Ulstein frå år 1951-2021.....	15
Figur 3.4: Pendlestatistikk for 2020.....	19
Figur 4.1: Den talespråklege hierarkipyramiden.....	27
Figur 4.2: Modell for haldningskomponentar.....	30
Figur 6.1: Oversikt over geografisk plassering av språkprøvene.....	64
Vedlegg 1: Informasjonsskriv til rektor(ane).....	xcvii
Vedlegg 2: Gaid for haldningsgranskings-test i Herøy.....	c
Vedlegg 3: Mal for rapport til haldningsgranskings-test.....	cv
Vedlegg 4: Mal for rapport til gruppesamtale.....	cvi
Vedlegg 5: Digitalt spørjeskjema i testen.....	cvi
Vedlegg 6: Diskusjonsspørsmål i gruppesamtalane.....	cxvi

Kapittel 1: Innleiing

Språket er ikkje berre eit middel som vert nytta for å ytre tankar og meininger, men språket er i tillegg ein refleksjon av språkbrukaren og kven språkbrukaren er som del i eit større fellesskap. Dette er på mange måtar fundamentet som ligg til grunn for masteroppgåva mi, der hovudmålet er å undersøke haldningar til dialekter blant ungdomar i Herøy på Søre Sunnmøre.

Delar av dei metodiske vala i oppgåva er tatt etter tradisjonen frå forskingsprosjektet *Dialektendringsprosessar* ved Universitetet i Bergen. Helge Sandøy (2013, s. 126) presiserer at eit transnasjonalt prosjekt med relevante kategoriar og metodiske modellar er nyttig fordi ein får samanlikne resultat på best mogleg måte. Av den grunn har eg i denne masteroppgåva valt å vidareføre og vidareutvikle ein etablert metode frå haldningsgranskningar frå tidlegare prosjekt.

1.1 Bakgrunnen for prosjektet

Motivasjonen for å skrive ei masteroppgåve om haldningar til dialekter på Søre Sunnmøre, botnar i at eg sjølv er frå ei lita bygd i Herøy kommune, og at eg ser på dialekta mi som ein viktig del av kven eg er. I oppveksten min opplevde eg mykje snakk om dei ulike dialektene og folket som brukarar av desse dialektene – positive og negative – som finst i distriktet på Sunnmøre. Det er tydeleg at folk frå dette området er opptekne av dei fleirfaldige dialektene som finst kringom ettersom dei gjenspeglar ulike folkeslag med eigne historier, kulturar og skikkar. Kven vi er, kven vi sjølve forstår at vi er, og kven andre forstår at vi er, handlar om *identitet*, og er uløyseleg knytt til stadar og samfunn som vi har ei tilknyting til (Berg, 2016). At vi er opptekne av å samanlikne oss sjølve med andre, er ein naturleg del av det å vere menneske, og det handlar i det store og heile om søket etter å finne vår plass i samfunnet vi lever i og rundt. Gjennom språket har vi moglegheit til å både uttrykke oss sjølve og distansere oss frå andre, og det er på denne måten språket har ei så nær tilknyting til identitet (Venås, 1991, s. 106). Ungdomsåra er særleg ei viktig periode når det kjem til identitetsutvikling, og dette er ein av hovudårsakane til at eg har valt å legge fokuset på denne aldersgruppa i prosjektet

1.2 Problemstillingar

Det ligg til grunn to problemstillingar for prosjektet:

1. *Kva for haldningar har ungdom i Herøy til dialektene i Herøy, Sande, Ulstein, Ålesund og på Austlandet?*
2. *Kva kan vere grunnen til at ungdomane i Herøy har dei haldningane dei har?*

Når eg skal studere haldningar blant ungdomar i Herøy, vel eg å ta utgangspunkt i elevar på 10. trinn i kommunen. For å få svar på problemstillingane mine, vil eg utføre datainnsamlingar på ungdomskular i kommunen.

Målet i problemstilling 1 er å skaffe informasjon om *kva* for haldningar ungdomane i Herøy har. For å få svar på dette vil eg utføre to datainnsamlingar; ein haldningstest som består av ein *masketest*, ei *dialektpllassering* og ei *dialektrangering*, i tillegg til gruppessamtalar med elevar på 10. trinn i kommunen. Målet med haldningstesten er å skaffe informasjon både om ungdomane sine *bevisste* og *underbevisste* haldningar. Bevisste haldningar er rekna som observerbare haldningar, medan underbevisste haldningar vert sett på som haldningar det ikkje er mogleg å observere direkte. I denne samanhengen vil eg formulere nokre hypotesar som kan hjelpe meg å svare på problemstillinga. Meir om dei metodiske vala, framgangsmåtane og hypotesane for datainnsamlinga i prosjektet vert presentert i metodekapittelet (kapittel 5).

Med problemstilling 2 er målet å få eit innblikk i *kvifor* ungdomane har dei haldningane dei har. Resultata frå datainnsamlingane vil bli sett opp mot det teoretiske grunnlaget i oppgåva, som er strukturert etter faktorar på ulike sosiale nivå. Dette bygger på sentral teori om samfunnet som ungdomane lever i og rundt, ytre påverknadskrefter, kva for sosiale relasjoner ungdomane har til folk frå lokalsamfunna, og til slutt til kva for indre faktorar som kan vere med på å påverke, framkalle og forklare ungdomane sine språkhaldningar. Meir om kva det teoretiske omfanget inneber vert presentert i teorikapitla (kapittel 3 og 4).

1.3 Kvifor studere språkhaldning?

Språkhaldning var først eit interessefelt innan det sosialpsykologiske fagfeltet ettersom haldningar på sett og vis skildrar korleis eit individ tenker, føler og handlar overfor eit sosialt fenomen, som då kan vere *språk*. Derfor er mykje av den primære haldningsteorien forankra i

sosialpsykologien. Etter kvart fekk språkhaldninga foten innanfor sosiolingvistikken, og dei fleste nyare språkhaldningsgranskingar skriv seg inn i det sosiolingvistiske fagfeltet. Den moderne språkhaldningsgranskinga hamnar i kryssinga mellom å arbeide med språkvitskap og samfunnsvitskap (jf. Venås, 1991, s. 13), der ein er interessert i å studere korleis språk fungerer som eit sosialt fenomen mellom individ og samfunn. Dette gjer at mykje av det teoretiske og metodiske omfanget ved språkhaldningsstudiar også er henta frå eit anna fagfelt, nemleg det sosiologiske fagfeltet. Mitt prosjekt skriv seg inn i det sosiolingvistiske fagfeltet, nettopp fordi eg studerer språkhaldningane til ungdomane opp imot faktorar på ulike sosiale nivå. På denne måten vil mitt prosjekt styrke kunnskapane våre om språkhaldningars på Søre Sunnmøre og i Noreg generelt, samstundes som at studien vil gi viktig informasjon om korleis språklege aspekt heng tett saman med det samfunnet som individua lever i og rundt.

I sosiolingvistisk forsking er det ulikt i kva grad ein vel å legge mest vekt på «språket» og «det sosiale». Dette kjem an på kva ein er ute etter å finne ut av og kva for retning ein ønsker å ta i det enkelte forskingsprosjektet. Nokre er opptekne av å skildre effekten av og koplinga mellom språkhaldningars og språkutvikling i eit avgrensa geografisk område. Helge Sandøy (2013, s. 126) presiserer at hovudformålet med forsking på språkendring i eit sosiolingvistisk tilsnitt handlar om å forstå samspelet mellom språklege og sosiale aspekt, og at haldningars til språk kan vere ein vesentleg faktor for språkutvikling. Ein er då mest oppteken av å studere korleis språkhaldningars kan verke inn på sjølve språket.

Andre er heller opptekne av å prøve å sjå korleis språkhaldningars kan henge tett saman med det som skjer på samfunnsnivået. Hovudfokuset ligg då på individ og samfunn, og ein er til dømes oppteken av å forstå bakgrunnen for enkeltindividet sine språkhaldningars, korleis haldningane oppstår og kvifor individet handlar som ein gjer. Til dømes var Brit Mæhlum (1992) i si undersøking oppteken av å studere korleis barn og unge i Longyearbyen orienterte seg i miljøet og samfunnet då ho skulle studere språket til barn og unge på Svalbard. Ragnhild Haugen (2004) studerte også språkhaldningars til ungdomar i Sogndal tett opp mot omgivnadane i området. Haugen undersøkte derimot forklaringane på ulike sosiale nivå; Samfunnsnivå (makro), individnivå (mikro) og gruppenivå (meso). Haugen hevda at «alt som er med på å forma eit individ, ei gruppe og eit samfunn må kunne vere med på å forklare kvifor folk på ein stad er vortne som dei er, og handlar som dei gjer» (Haugen, 2004, s. 4).

1.3.1 Retninga i denne oppgåva

I oppgåva mi ønsker eg å ta ei retning som bygger på dei same prinsippa til Haugen, der eg vil undersøke språkhaldningane til ungdomane i Herøy opp mot tre sosiale nivå (makro, mikro og meso). På *makronivå* ønsker eg å studere korleis ytre strukturar i samfunnet kan verke inn på måten eit individ handlar på. Slike faktorar kan ha ein sentral innverknad på korleis individet må innrette seg i det samfunnet det lever i, gjennom til dømes organisering og plassering av felles institusjonar som skular og arbeidsplassar. Målet med å studere faktorar på *mikronivå* er på den andre sida å prøve å forstå kva faktorar som finst inne i enkeltindividet som kan hjelpe oss med å forstå kva som ligg til grunn for dei individuelle haldningane. Her kan det også vere interessant å sjå nærare på korleis identitetsskaping skjer som ein kognitiv prosess. Mellom makro- og mikronivå ønsker eg å studere på eit *mesonivå* korleis ei samansetjing av individ og deira sosiale relasjonar og nettverk kan vere med på å påverke individuelle haldningar. Faktorar på mesonivå handlar om å studere korleis individet samhandlar med andre individ som det møter i kvar dagen på skular, arbeid og på fritida. På mesonivået kan det også vere interessant å studere korleis identitetsskaping skjer som ein sosial prosess framfor ein kognitiv.

1.4 Oppgåva sin disposisjon

Avhandlinga er delt inn i åtte kapittel. I kapittel 1 innleiar eg føremål, bakgrunnen for val av tema, problemstillingar, og retninga i oppgåva. I kapittel 2 vil eg presentere tidlegare forsking som kan vere interessant for mitt prosjekt. Kapittel 3 og 4 omfattar det teoretiske grunnlaget i oppgåva. I kapittel 3 vil eg gi ei skildring av det geografiske området som inngår i prosjektet, og som dessutan presenterer faktorar på makro- og mesonivå som kan hjelpe oss med å forstå haldningane til ungdomane. I kapittel 4 vil eg legge fram sentral teori med andre faktorar på dei tre sosiale nivåa som kan vere nyttige koplingar til ungdomane sine haldningar. Alt som har å gjøre med dei metodiske vala for prosjektet, vil eg presentere i kapittel 5. I kapittel 6 vil eg presentere resultata frå datainnsamlingane, før eg i kapittel 7 vil drøfte på bakgrunn av funna mine. I kapittel 8 vil eg konkludere og kome med forslag til vidare forsking.

Kapittel 2: Tidlegare forsking

Det finst nokre tidlegare språkhaldningsgranskingar og reine språkstudiar på forskjellege område på Sunnmøre som det kan vere verdt å trekke inn for mitt prosjekt. I dette kapittelet vil eg trekke fram noko av den tidlegare forskinga på desse områda, ettersom dei kan vere med på å legitimere behovet for forskingsprosjektet mitt om språkhaldningars blant ungdom i Herøy. I tillegg kan eg med mitt prosjekt opne for å sjå samanhengar med den tidlegare forskinga, noko som vil vere interessant å trekke inn i drøftinga i oppgåva.

2.1 Haldningsgranskingar i Danmark

Bakgrunnen for forskinga i *Dialektendringsprosessar* (frå no referert som DEP i resten av oppgåva) var basert på interessante resultat frå tidlegare haldningsgranskingar i Danmark, der Tore Kristiansen styrte eit omfattande arbeid som gjekk ut på å undersøke korleis språkhaldningars blant ungdom fungerte som drivkraft for språkendringar i landet (Kristiansen, 2009). I Danmark har ein opplevd at lokale dialekter forsvinn til fordel for moderne språkvarietatar, og ein har sett at trekk frå den moderne København-varieteten spreier seg over landet. Det som har skjedd, er at dei unge i Danmark i dag snakkar eit tilnærma standardisert dansk (jf. Maegaard, 2020, s. 1). Ved hjelp av ei rekke studiar har ein sett at dei unge vurderer folk som snakkar København-dialekta meir positivt enn personar som snakkar lokale dialekter (Kristiansen, 2009). Det har vist seg at det er samsvar mellom underbevisste språkhaldningars og retninga språket tek (Kristiansen, 2009; Maegaard & Quist, 2020, s. 1), og Kristiansen hevdar at dette er eit utbreidd mønster (Kristiansen, 2009, s. 187).

Målet i DEP var å undersøke om liknande tendensar også kunne skje i Noreg (Sandøy, 2013; Anderson & Bugge, 2015). Derfor utvikla ein i DEP metodar som bygde på metodane som vart brukt i haldningsgranskingane i Danmark, men med nokre endringar. Desse endringane vil eg kome inn på i metodekapittelet (kapittel 5). Det interessante med resultata frå Noreg var at kva for haldningars ungdomane hadde til dialekter, *ikkje* kunne seiast å korrelere like tydeleg med dei faktiske språkendringane, slik som i Danmark, noko som har svekt teorien til Kristiansen (Sandøy, 2013; Anderson & Bugge, 2015; Anderson, 2020, s. 45). Dei rangeringane i haldningstestane i Danmark viste seg å ha liknande mønster på landsbasis, vart språkprøvene i dei ulike prosjekta i DEP, også av dei med same varietet, vurderte og rangerte svært ulikt (Anderson & Bugge, 2015, s. 255). Målet i mitt prosjekt er ikkje å studere

språkhaldningane til ungdomen i Herøy utelukkande opp imot språkutviklinga i området, men det kan likevel vere interessant å sjå korleis dei underbevisste og bevisste språkhaldningane blant ungdomane i Herøy stiller seg i høve til resultata frå dei tidlegare prosjekta – både frå Danmark og frå Noreg.

2.2 Haldningsgranskingar i Noreg

I denne delen vil eg trekke fram nokre av studiane som har blitt gjort om språkhaldningar i Noreg. Som nemnt innleiingsvis i kapittelet er denne oppgåva inspirert av det tidlegare prosjektet DEP. Dette var eit omfattande prosjekt som starta opp ved Universitetet i Bergen i 2008, og målet var «å utvikle innsikt i moderne dialektendringsprosessar og forholdet mellom samfunnsending og språkendring» (Sandøy, Akselberg & Kristoffersen, 2007, s. 1). Det blei gjort fleire undersøkingar av språkutvikling og språkendring i ulike delar av vestlandet, men også nokre haldningsgranskingar. Her var det interessant å drøfte funna frå språkhaldningane opp imot retninga som språket tok i dei ulike områda, altså om ein kunne finne liknande mønster mellom språkhaldningane og tendensar i språkutviklinga i område på vestlandet.

I Møre og Romsdal gjorde Marie Fossheim (2010) ei undersøkingar av både språkendringar og språkhaldningar på Midsund, i kryssinga mellom Sunnmøre og Romsdalen. Det interessante med hennar funn var at ho fann eit noko felles mønster i rangeringa av dei bevisste og underbevisste haldningane blant ungdomane, der berre plasseringa av det austlandske talemålet var forskjelleg mellom dei bevisste og dei underbevisste haldningane. På bevisst nivå toppa den lokale dialekta, etterfylgt av regionsdialekta (Molde), sunnmørsk og austlandsk til slutt. På underbevisst nivå vart også den lokale dialekta rangert høgast, etterfylgt av austlandsk, regionsdialekta og så sunnmørsk (Fossheim, 2010, s. 110). I tillegg kunne Fossheim (2010) sjå noko samsvar mellom haldningane og språkutviklinga på Midsund, som på denne tida bevegde seg vekk ifrå sunnmørsk og mot romsdalsk.

Det har også vore gjort haldningsgranskingar i og rundt Bergen i samband med DEP. Mellom anna gjorde Kathrine Aasmundseth (2010) ei haldningsgransking i Øygarden, i strilelandet utanfor Bergen, der ho diskuterte språkhaldnignsresultata opp mot tendensar i språkutviklinga. Hennar funn viste på den andre sida forskjellar mellom dei bevisste og dei underbevisste haldningane. Rangeringa frå dei underbevisste haldningane til ungdomane i Øygarden, viste austlandsk (nasjonal) og høgbergensk (regional) på topp, og ungdomane si eiga dialekt frå Øygarden (lokal) til slutt. Resultata frå dei bevisste haldningane viste motsett retning. For å undersøke i kva grad språkhaldningane samsvarer med språkutviklinga i Øygarden, støtta

Aasmundseth (2010) seg på resultata til Silje Villanger (2010), som studerte talemålet i området. Funna til Villanger (2010) viste at språktrekk frå Bergen, og særleg frå lågbergensk, saman med allmennorske språktrekk, påverka språket i Øygarden. Dei varietetane som ungdomane i Øygarden vurderte høgast på underbevisst nivå, austlandsk og høg-bergensk, var altså språktrekk som ikkje direkte såg ut til å påverke språket i Øygarden. Konklusjonen til Aasmundseth (2010, s. 76-77) var dermed at språkhaldningane viste eit noko felles mønster med språkutviklinga. Resultata frå dei underbevisste haldningane kunne seie noko om kva for språk dei unge fjerna seg *frå* snarare enn kva for talemål dei bevegde seg *mot* (Aasmundseth, 2010, s. 76).

Ragnhild Lie Anderson (2020) gjorde også ei undersøking av bevisste og underbevisste haldningar blant ungdom i Meland utanfor Bergen. Studien til Anderson tok utgangspunkt i og vidareførte den same empirien frå DEP. Anderson (2020) kunne finne eit nokså likt mønster som resultata i Øygarden. Strilevarieteten vart vurdert lågast blant ungdomane, men der funna frå Øygarden viste den lokale dialektene på topp på bevisst nivå, viste resultata frå Meland lågbergensk på topp. I følge Anderson (2020, s. 45) heng dette truleg saman med at det er dette språket som ungdomane i Meland pratar sjølve. Resultata i Meland viste dermed eit tydlegare mønster mellom dei underbevisste haldningane og det faktiske språket i området samanlikna med Øygarden.

I oppgåva mi vil eg bygge vidare på dei metodane som blei brukt for å undersøke språkhaldningar i DEP. Dette gjer at eg kan samanlikne mine funn med dei tidlegare studiane på best mogleg måte og dermed styrke reliabiliteten i haldningsgranskingsforskinga, som vil seie i kva grad dataa frå forskingsopplegga er pålitelege (Grønmo, 2016, s. 240-241). I følge Grønmo kjem pålitelegheita «til uttrykk ved at vi får identiske data dersom vi bruker det samme undersøkelsesopplegget ved ulike innsamlinger av data om de samme fenomenene». Dersom resultata frå mitt forskingsprosjekt samsvarer med resultata frå tidlegare prosjekt med liknande metodar, vil reliabiliteten vere høg og dermed styrka.

2.3 Språkforskning på Søre Sunnmøre

I mitt prosjekt har eg ikkje gjort noko undersøking av sjølve språket, men eitt av siktemåla i oppgåva er likevel å drøfte samanheng mellom språkhaldningane og tidlegare forsking på språket i og rundt Herøy. Det er ikkje gjort mange nyare språkforskningar på Søre Sunnmøre, men eg vil trekke inn fem studiar som er aktuelle for mitt prosjekt. Alle desse er gjort på master- eller hovudfagsnivå.

I samband med DEP gjorde Anna Lianes (2013) ein studie om endringar i talemålet i Åram i Vanylven, ei av kommunane lengst sør på Sunnmøre. Lianes undersøkte talemålet ved hjelp av bestemte språklege variablar for å kartlegge korleis språket hadde utvikla seg i nyare tid, i tillegg til å diskutere kva retning desse språkendringane tok på Søre Sunnmøre. Funna til Lianes viste at fleire av dei tradisjonelle språktrekka var vekke hos dei unge i Åram, og at det verka som at det skjedde ei utjamning og forenkling av talemål blant dialektene på Sunnmøre. Resultata viste at Ålesund ikkje kunne vere den einaste påverknadskrafta i språkutviklinga, sidan mange av variablane verka å endre seg mot eit system som heller likna på talemål som ligg rundt Ålesund. Dersom ein kan snakke om ein regionaliseringstendens på Sunnmøre, ser det altså ut til at Ålesund ikkje er noko språkleg normsenter i utviklinga ettersom språktrekk frå sjølve bymålet verka å ikkje ha ein klår og einsformig påverknad på språket i Åram (Lianes, 2013).

Randi Farstad (1996) skreiv ei hovudfagsoppgåve som omhandla språkhaldningar og stereotypiar blant folk i Møre og Romsdal. Målet til Farstad var å kartlegge kva for språkhaldningar og stereotypiar som finst om og blant sunnmøringar, romsdalingar og nordmøringar ved hjelp av å intervju ungdomar frå dei ulike områda i fylket. Funna hennar viste at det fanst særleg sterke stereotypiske førestillingar, som også var godt etablerte blant folk i heile landet, når det gjaldt sunnmøringar, og at mange av desse stereotypiane var negative blant romsdalingar og nordmøringar. Nokre av dei stereotypiske trekka for ein sunnmøring som kom fram, var: «Nært nynorsk», «høg på pæra», «stolte av seg sjølv», «overlegen», «dei likar å stikke seg fram» og «dei snakkar fint» (Farstad, 1996, s. 31–32). Stort sett verka dei fleste informantane frå Sunnmøre på den andre sida å ha eit positivt syn på si eiga dialekt.

Ragnhild Sævik (2000) studerte tradisjonelle dialektformer med nyare granskningar av talemål på Sørøyane (Herøy, Sande, Ulstein og Hareid). Målet hennar var å bruke desse resultata til å undersøke korleis språktrekka utvikla seg mellom tettstadane. Resultata til Sævik viste, på liknande vis som resultata til Lianes (2013), at det verka å ha skjedd ei forenkling og utjamning av språket på Sørøyane. I tillegg fann Sævik ut at tettstadane lengst vekk frå Ålesund (til dømes Herøy) framleis hadde fleire av dei tradisjonelle språktrekka, som omtala av Ivar Aasen, samanlikna med områda nærmere Ålesund (til dømes Ulstein og Hareid). Sævik såg altså tendensar til at til lengre vekk frå regionsenteret ein kom ifrå, til fleire tradisjonelle språktrekk hadde ein. Resultata til Sævik om språkutviklinga på Sørøyane viste at språktrekk frå Ålesund ikkje nødvendigvis hadde spreidd seg til talemåla på Sørøyane, men at tradisjonelle språktrekk var i ferd med å forsvinne til fordel for meir nøytrale og allmennorske former (Sævik, 2000). Slik som hos Lianes (2013) kunne også funna til Sævik (2000) støtte ein

regionaliseringstendens utan at Ålesund verka å ha ein klår og einsformig påverknad på denne utviklinga.

Sævik hadde også ein del i prosjektet sitt der ho studerte kva for bevisste haldningar ungdomar frå Herøy hadde til sitt eige språk (Sævik, 2000, s. 74–75). Her skulle ungdomar frå Herøy rangere på ein skala frå 1 til 5 kor godt dei likte dialekta frå heimstaden sin, i tillegg til ålesundsdialekta. Resultata viste at elevane frå Herøy samla sett hadde svært därlege haldningar til ålesundmålet, og i stor grad positive haldningar til eiga dialekt. Det er verdt å nemne at når Sævik studerte talemål og språkhaldningar, nyttta ho seg av sjølvrapportering frå respondentane sine. Ein kan diskutere i kva grad sjølvrapportert språkbruk er like påliteleg som data om faktisk språkbruk. Sævik brukte også sjølvrapportering når ho skulle kartlegge ungdomane sine haldningar, som vil seie at ho berre studerte ungdomane sine bevisste haldningar. Ein veit derfor ikkje om ungdomane sine underbevisste haldningar hadde samsvar med dei bevisste haldningane. Dette gjer at eg må ta stilling til om Sævik sine resultat er pålitelege når eg vil drøfte resultata mine opp imot dette prosjektet. Datainnsamlinga i prosjektet mitt bygger også delvis på sjølvrapportering, der ungdomane i estetikk- og statusvurderinga i dialektrangeringa skal gjere ei personleg vurdering av dialekter. På den andre sida ser eg også på underbevisste haldningar i tillegg, der eg i masketesten kartlegg ungdomane sine haldningar utan at dei sjølve er bevisste på at det er haldningane deira som vert studerte. Dette gjer at vi får eit meir heilskapleg bilet av språkhaldningane ved at dei ikkje berre er sjølvrapporterte, men også observerte i ein instinktiv situasjon.

Ei anna språkforsking på Søre Sunnmøre, er frå Jardar Abrahamsen (1995), som undersøkte palatalar blant ungdom i Herøy. Abrahamsen (1995, s. 111) såg ei utvikling der palatalisering var på veg bort i språket til dei unge, og at denne utviklinga prosentvis var komen lengst hos jentene enn gutane. I følge Abrahamsen (1995, s. 22) såg årsaka til denne avpalataliseringa ut til å vere påverknad frå andre målføre eller frå «standarduttaletn» av skriftmål, då særleg bokmål (Abrahamsen, 1995, s. 22). Målføre frå naboområda til Herøy kunne også påverke denne endringa i stor grad.

I same studie undersøkte Abrahamsen også estetikkvurderingar knytt til dialekter i Herøy og områda rundt. Om si eiga dialekt, var det ein stor del av ungdomane i Herøy som meinte at dialekta i Fosnavåg var fin. Berre eit fåtal meinte at si eiga dialekt var stygg. Dei fleste ungdomane meinte også at dei i Herøy snakka annleis enn i Ulsteinvik, som ungdomane hevda snakka meir urbant og nærmare «standardmål» (Abrahamsen, 1995, s. 79). Ungdomane hevda at dialekta i Herøy var meir «brei» samanlikna med dialekta i Ulstein. Funna frå estetikkvurderinga for Ulstein viste eit meir ujamt resultat, der nokre ungdomar i Herøy meinte

dialekta var fin, og andre at den var stygg (Abrahamsen, 1995, s. 81). Når det gjaldt estetikkvurderinga for Ålesund, var ungdomane i Herøy i stor grad negative til dialekta. Ungdomane i Herøy var bevisste på at bymålet skilde seg tydeleg frå herøymålet, og dei hevdar at dialekta i Ålesund var «*tillaga, jálete, falsk, kunstig*» (Abrahamsen, 1995, s. 86). Dialektene som Abrahamsen nyttar i sitt prosjekt, er også dialektar eg har med i mi haldningsgranskning. Det vil derfor bli interessant å studere funna mine opp imot funna til Abrahamsen.

Til slutt vil eg trekke inn hovudoppgåva til Nina Frøystadvåg (1997) som ei sentral språkforsking i Herøy. Frøystadvåg studerte gamle ord og uttrykk i herøymålet der ho ønskte å sjå tilfellet av orddød i dialekta frå ytre del av Herøy. Frøystadvåg tok utgangspunkt i intervju med informantar frå tre generasjonar (yngre- mellom- og eldrefasen) for å sjå denne utviklinga. Eg vil sjå på nokre av dei interessante funna til denne studien (Frøystadvåg, 1997, s. 120–122). Mellom anna viste funna til Frøystadvåg at det var klåre generasjonsskilnadar når det gjaldt kjennskap til og bruk av gamle ord og uttrykk. Til yngre generasjonar, til meir kjennskaps- og brukstap var det. Frøystadvåg såg dette i samanheng med samfunnsendringane i Herøy, der dei tradisjonelle primærnæringane vart utvikla til sekundær- og tertiærnæringar på den tida då mellomgenerasjonen vaks opp. Dette funnet viser at språket har gått gjennom ei utvikling der gamle ord og uttrykk vert erstatta med meir allmennorske. Ein kan heller ikkje sjå vekk ifrå at språket i Herøy enno er under utvikling den dag i dag.

Frøystadvåg fann også at folk som budde i sentrum av kommunen (Bergsøya) kjente og nyttar færre dialektord enn dei som budde på utøyane (Leinøya, Remøya, Runde og Nerlandsøy). Dette talet var ikkje like høgt blant den eldre- og mellomgenerasjonen, men talet var derimot høgare i yngrefasen. Dette kunne Frøystadvåg sjå i samanheng med samfunnsendringane, der primærnæringane, fiskeri og jordbruk, tidlegare dominerte over heile kommunen. I moderne tid etablerte dei nye næringane (sekundær- og tertiær) seg først i sentrum, medan utkantane framleis var dominert av jordbruk og fiske. Dette funnet viser at språket varierer også innanfor kommunegrensa i Herøy, og ikkje berre mellom kommunane, noko som eg må ta omsyn til når eg i mitt prosjekt operasjonaliserer språket i Herøy til å gjelde heile kommunen.

2.3.1 Oppsummering av tidlegare språkforsking på Søre Sunnmøre

Ut ifrå resultata i dei tidlegare språkforskingane på Søre Sunnmøre, kan det sjå ut til at det er tendensar til ei språkleg regionalisering i området. Dette er noko som også viser seg å vere tilfelle andre stadar i Noreg, til dømes i bergensområdet, der Bergen verkar å ha same påverknadskraft på dialektene i sin region som København har på dialektene på landsbasis i

Danmark (Sandøy, 2013, s. 134). Likevel ser det ikkje ut til at dialekta i Ålesund er kjernen for regionaliseringstendensen på Søre Sunnmøre, men heller at regionaliseringa oppstår av at fleire dialekter frå fleire område sør for regionssenteret vert meir og meir like kvarandre, i tillegg til at allmennorske språktrekk er på veg inn i språket. Det vert interessant å sjå korleis resultata frå språkhaldningane til ungdomane i Herøy kan henge saman med ei slik språkutvikling. På den andre sida er fire av dei fem studiane som er presenterte, skrive for 22 til 27 år sidan (frå perioden 1995 til 2000). Eg må derfor ta omsyn til at andre språklege endringar og utviklingar kan ha oppstått etter den tid og fram til i dag, og at eg må vere bevisst på dette når eg undersøker funna mine opp mot den tidlegare forskinga.

Kapittel 3: Herøy kommune og omland

Det er sentralt å seie noko om det geografiske området som inngår i prosjektet fordi dette kan bygge på faktorar på makro- og mesonivå som kan hjelpe oss med å forstå og forklare språkhaldningane til ungdomane. Fokuset vil ligge på Herøy kommune, men det er også sentralt å kunne seie noko om relasjonen Herøy har til dei andre geografiske områda som inngår i prosjektet. Kapittelet vil vise korleis dei ytre geografiske forholda og plasseringa av institusjonar kan legge fôringar for korleis individua samhandlar mellom seg i lokalsamfunna og i naboområda, og som vidare kan ha betyding for korleis individua tenker og handlar.

Det meste av stoffet i dette kapitelet bygger på mine eigne kunnskapar om lokalsamfunna, i tillegg til at eg har henta munnleg informasjon frå folk eg kjenner frå området. I tillegg har eg henta ein del allmenn informasjon frå verka *Herøyboka: Landslag og folkeliv* (1970) og *Herøyboka: Bygdesoga* (1989) av Bjarne Rabben, *Møre og Romsdal* (1977) av Pio Larsen og *Herøy og folket* (1999) av Harald Thorseth og Per Eide. For å lette lesinga, vil derfor ikkje nokon av desse kjeldene verte siterte gjennom kapittelet.

3.1 Geografi og kommunikasjon


Figur 3.1: Omrisskart over Herøy kommune og omland¹



¹ <https://kommunekart.com/klient/sunnmorskart>

Figur 3.1 viser omrisskart over Herøy og kommunane rundt. Herøy er ein kommune sørvest i Møre og Romsdal som ligg 72 km frå regionsenteret på Sunnmøre, Ålesund. Kommunen høyrer til Søre Sunnmøre, saman med dei seks andre kommunane Sande, Vanylven, Volda, Ørsta, Ulstein og Hareid. Herøy har fast kommunegrense berre mot Sande i sørvest, og elles grensar Herøy mot Vanylven og Volda sør over fjorden, og mot Ulstein over sjøen nordaust. Det finst heller inga geografisk tilknyting mellom Herøy og fastlandet, og ein må gjennom bruer og/eller ferjer for å kome seg dit. For å kome seg fra Herøy til Ålesund må ein først reise om lag 40 minutt til Hareid med bil og deretter ta hurtigbåt eller ferje over sundet.

Figur 3.2: Kart over Herøy kommune²



Figur 3.2 viser kart over Herøy kommune. Herøy er eit øyrike som opnar seg vestover mot det opne havet og rommar ei rekke øyer, holmar, fjell, fjører, strender, hav og små fjordar. Herøy består av fleire bygder og tettstadar som er spreidde kring øyane, og her var det per 4. kvartal 2021 8 765 innbyggjarar³. Kommunen har eit landareal på totalt 118,01 kvadratkilometer, men

²<https://www.google.no/maps/place/Herøy/@62.3294162,5.5446253,11z/data=!4m5!3m4!1s0x46173f35f7f4a589:0xac7bc0ba1ceb2012!8m2!3d62.4365329!4d5.4877263>

³<https://www.ssb.no/kommunefakta/heroy-more-og-romsdal>

berre 6,14 av desse kvadratkilometerane er tettstad⁴. Frå den eine enden av kommunen til den andre, frå Voldneset inst ved Leikong til Goksøyra ytterst ved Runde, er det kring 39 km med veg, og det tek omlag 47 minutt å köyre med bil.

Herøybrua, som vart opna i 1976, markerer skiljet mellom indre og ytre del av Herøy. Ho går over Nautøya i indre mot Røyrasundet i ytre. I ytre del finn vi øyane Leinøya, Bergsøya, Nerlandsøya, Skorpa, Remøya og Runde. Det er på Bergsøya ein finn den tettaste folkestanden og kommunesenteret, Fosnavåg. Indre del består av halve Gurskøya, der andre del av øya er delt geografisk med nabokommunen Sande.

Herøy har både større øyer med bygder og tettstadar, i tillegg til ei mengd småøyer, holmar og skjær. Tidlegare måtte ein fare med båt og ferje mellom øyane, men i dag er det utbygd store og små bruer mellom øyer i kommunen. Dette har ført til at det ikkje lenger er busetnad på alle øylene og holmane slik som før, og at folk i dag vel å busetje seg i dei største bygdene med trafikktilkomst. Likevel var brubygginga med på å knyte eit tettare band mellom øyane og folket i Herøy. Reisetilkomsten innover Herøy og utanfrå kommunegrensene har blitt betre, pendlemoglegitene har blitt lettare, og Herøy ligg i dag betre til rette for tilflytting generelt.

Sande er også ei kommune med øyer og småsamfunn som er spreidde frå kvarandre. I Sande er det enno busett folk på øyer som ikkje har vegtilkomst, og fleire av innbyggjarane er dermed avhengige av ferje for å kome seg til eit sentrum. På den andre sida er Ulstein ei kommune med tettare samfunn og sentrumsnær busetnad. Dei fleste innbyggjarane bur i kommunesenteret Ulsteinvik eller på Dimnøya som ligg nokre få minutt med trafikktilkomst sørvest for Ulsteinvik.

3.2 Befolknign


Dei første menneska som busette seg i Herøy, var med på å skape dei bygdene og tettstadane vi finn i dag. Området har i all tid lege godt til rette for sjøfart, noko som truleg har lokka dei første menneska hit. Tilflyttarane kom til staden før bronsealderen og levde av jakt og fangst, både på landområdet og i havet. Etter kvart kom også bønder til staden, og det vaks fram større gardssamfunn og klyngebusetnadar på dei ulike øylene.

⁴ <https://www.ssb.no/statbank/table/04861/tableViewLayout1/>

3.2.1 Befolkningsutvikling

Figur 3.3 viser folketalsutviklinga i Herøy, Sande og Ulstein gjennom ei 70-årsperiode (frå 1951 til 2021). Den mørke-grøne linja representerer Herøy, den blå Ulstein og den lyse-grøne Sande. Figuren viser at Herøy i lang tid har hatt høgast folketal blant dei tre kommunane. I Herøy hadde folketalet sterkest øke i etterkrigstida og utover 1960-talet, og har sidan hatt ei svak stigning. Folketalet fekk igjen ei stigning rundt 2010 og hadde ein topp kring 2016. Tendensen i utviklinga siste åra viser at folketalet i Herøy sig smått. I følgje SSB hadde Herøy per 3. kvartal 2021 ein svakt synkande folkesetnad på -29 personar³. Sande kommune har færrest innbyggjarar, og har hatt det over lang tid. Kommunen har også hatt eit svakt synkande folketal heilt sidan 1970-talet. Ulstein kommune har derimot hatt den største folkeveksten blant kommunane, der folketalet nesten har tredobla seg på 70 år. Seinare i kapittelet skal vi sjå at skulestrukturen, sysselsetjinga og kulturliv- og fritids-faktorar kan henge tett saman med den befolkningsutviklinga vi ser.

Figur 3.3: Folkesetnad i Herøy, Sande og Ulstein fra år 1951-2021⁵



3.3 Skulestrukturen

I mange år har det vore fordelt skular kring på øyane i Herøy, og slik som ved dei fleste andre område i Noreg, har Herøy vore råka av skulenedleggingar og sentralisering av skular dei siste 20 åra. I dag er det totalt 7 grunnskular i Herøy – 5 barneskular, 1 kombinert barne- og

⁵ <https://www.ssb.no/statbank/table/06913/chartViewLine/>

ungdomsskule og 1 ungdomsskule. Desse er Leikanger barneskule, Moltu barneskule og Stokksund barne- og ungdomsskule i indre, og Einedalen barneskule, Nerlandsøy barneskule, Bergsøy barneskule og Ytre Herøy ungdomsskule i ytre. Det er altså to ungdomsskular i Herøy som er, blant andre faktorar, med på å markere skiljet mellom indre og ytre del av kommunen. I tillegg til desse skulane, har kommunen Møre barne- og ungdomsskule, ein privatskule i Myrvåg i indre, som er til for born og ungdom frå distrikтомrådet (Herøy, Sande, Vanylven, Ulstein, Hareid, Ørsta og Volda). Her møtast altså elevane ungdomar frå fleire delar av distriktet allereie frå barneskulealder.

På slutten av 1960-talet møttest ordførarane i Herøy, Ulstein, Sande, Hareid og Vanylven for å diskutere oppsetjing av gymnas på Søre-Sunnmøre. Dette viste seg å vere utfordrande, ettersom folket bur svært spreidde i dei ulike kommunane og lokalsamfunna i området. Det oppstod stor usemje om kvar gymnasiet skulle plasserast, men etter fleire diskusjonar vart det til slutt avgjort å starte gymnas i bygget til den gamle realskulen i Ulsteinvik. I dag har Ulstein vidaregåande skule kring 566 elevar, og mange av desse elevane kjem frå fleire område i distriket på Søre Sunnmøre. Plasseringa av skulen har derfor ført til at mange ungdomar frå ulike område treffest og sosialiserer seg der når dei startar på vidaregåande.

Herøy har éin vidaregåande skule, og han har, heilt sidan han vart oppretta og bygd i etterkrigstida, vore dominert av yrkes- og fagarbeidaropplæring med linjer som tømring, mekanikk, fiskeri, stoff og stil, teikning og industri. I 1974 hadde skulen 144 elevar, og 86 av dei var frå Herøy. Dette utgjer om lag 60 prosent av elevane, og dei resterande 40 prosentane var då elevar utanfor kommunen. Også i dag har Herøy vidaregåande skule elevar frå både Herøy og andre kommunar, særleg frå Ulstein og Sande. I skuleåret 2021/2022 er det 301 elevar ved Herøy vidaregåande skule, og av desse er 159 frå Herøy. 30 av elevane går vaksenopplæringa, og berre tre av desse er frå Herøy. Samla sett er altså om lag 52 prosent av elevane frå Herøy vidaregåande i dag frå Herøy, og dei resterande frå andre kommunar.

Sidan Herøy vidaregåande ikkje tilbyr allmennlinjer, søker mange av ungdomane seg på skular utanfor kommunen for å ta vidaregåande utdanning. Det vanlegaste området er Ulsteinvik, men nokre reiser også til Ørsta, Volda og Ålesund. Ulstein vidaregåande skule har i skuleåret 2021/2022 566 elevar, og 148 av desse er frå Herøy. Dette utgjer kring 25 prosent av elevane på Ulstein vidaregåande skule. Sande kommune har ingen vidaregåande skule, og ungdomane herifrå er derfor avhengige av å pendle utanfor kommunen.

Skulestrukturen i området viser at barn og unge i stor grad møter og sosialiserer seg med andre folk både frå deira eige lokalsamfunn og frå andre område i distriket. Det er dermed ikkje

usannsynleg at dei unge opplev å verte påverka av andre skikkar verdiar frå dei andre områda. Motsett kan også dei lokale skulane i eit område gjere at normene innover i lokalsamfunnet vert styrkt mellom individua.

3.3.1 Utdanningsnivå

Tabell 3.1 viser ei liste over høgaste utdanningsnivå for personar over 16 år i kommunane Herøy, Sande og Ulstein i 2020. Tala frå tabellen er henta frå Statistisk sentralbyrå⁶.

Tabell 3.1: Utdanningsnivå, personar frå 16 år og over⁶

	Personar over 16 år og over (prosent)		
	2020		
	Sande	Herøy	Ulstein
Vidaregåande skulenivå	42,9	42,2	39,3
Fagskulenivå	4,3	6,0	5,4
Universitet- og høgskulenivå, kort	16,8	19,4	26,3
Universitet- og høgskulenivå, lang	3,6	3,4	6,9

Ut ifrå tabellen ser vi at Ulstein kommune låg på topp når det gjaldt høgare utdanning i 2020. Dette kan skuldast at Ulstein har ein vidaregåande skule som er dominert av linjer med studiekompetanse, og at mange av ungdomane i kommunen vel å søke lokalt. Etter vidaregåande med studiekompetanse tek dei fleste høgare utdanning. Samanlikna med Herøy og Sande ligg Ulstein også nærmare både Ålesund og Volda, som er dei stadane på Sunnmøre som tilbyr høgare utdanning.

I Herøy og Sande er det fleire enn i Ulstein som har vidaregåande skule som høgaste utdanningsnivå. Herøy vidaregåande tilbyr fleire yrkesretta linjer enn Ulstein, noko som kan vere ei forklaring på dette.

Kva som er høgast utdanningsnivå for dei tre kommunane, kan også henge tett saman med kva for næringer og arbeidsmarknad som dominerer i dei ulike kommunane.

⁶ <https://www.ssb.no/statbank/table/09429/tableViewLayout1/>

3.4 Sysselsetjing

Heilt ifrå dei fyrste folka kom til Herøy, har det i dette området vore ein viktig tradisjon med fiskeri. Fiske fylgte med inn i jordbrukskulturen og var ein viktig del både av næringsgrunnlaget og kvardagen til dei første menneska som levde her. Småbyen i Herøy, Fosnavåg er bygd opp nettopp av lang tid med fisketradisjon. Fosnavåg ligg sentralt for øyane i nærområdet, og har fungert som sentrum både for fiskemottak, frakting, båtplassar og industri.

Då det fram til kring 1970 berre fanst moglegheiter for høgare utdanning i byane, var det få slike moglegheiter i Herøy. Det var både kostbart å ta høgare utdanning, og ein måtte reise langt for å studere ved nærmeste skule. Ungdomen måtte reise til anten Ålesund eller Volda for å gå på gymnas. Dette gjorde at dei fleste mennene i Herøy i tidleg alder heller reiste på sjøen for å arbeide. Det er i dag vakse fram større reiarlag som opnar for mange arbeidsplassar for både dei lokale innbyggjarane og for folk utanfor kommunen. Det moderne lokalsamfunnet har på denne måten fått meir kontakt utanfor staden.

I dag er det fortsett ein stor del av innbyggjarane i Herøy som har arbeid på havet, og enno er dette næringsområdet mannsdominert. Det er derfor svært vanleg at ungdomane, då særlig gutane, i kommunen søker seg på maritime linjer på vidaregåande som gir moglegheiter for å arbeide på sjø. Mange går også vidare på fagskule for å bli styrmann eller maskinist. Dette samsvarer med det høge vidaregåande- og fagskulenivået som Herøy har (jf. tabell 3.1).

Ulstein har på den andre sida hatt ein sterk tradisjon for industrinæringer, og særlig innan skipskonstruksjon- og design. I Ulstein har det derfor vore prestisje å arbeide med dei høge stillingane som ingeniør og arkitekt, medan det å jobbe på verft har hatt lågare status. Nettopp dette kan henge tett saman med kvifor det er høgt nivå av høgare utdanning blant innbyggjarane i Ulstein. Mange av ungdomane i Ulstein har foreldre som jobbar innan skipsverksemda, og ungdomane kan lett verte påverka av dette.


Sande er den kommunen som i lang tid har vore mest prega av jordbruk blant desse kommunane. Sande har også nokre mindre verft som skaper arbeidsplassar blant innbyggjarane. Elles er det inga næringsverksemdu som dominerer for Sande slik som i Herøy og Ulstein, og som vidare opnar ein stor arbeidsmarknad for folk utover kommunegrensa.

3.4.1 Pendling

I 2020 var det per fjerde kvartal registrert 4 346 personar frå Herøy som var sysselsette⁷, og av desse var det registrert 1 189 personar som pendla til jobb i annan kommune⁸. Altså er kring 27 prosent av dei sysselsette i Herøy utpendlarar til andre kommunar, medan dei resterande 73 prosentane arbeider i kommunen.

Figur 3.4 viser innpendlar- og utpendlarstatistikk for Herøy kommune i 2020, og tala er henta frå Statistisk sentralbyrå⁸. Dei oransje stolpane viser tal utpendlarar frå Herøy til andre kommunar på Sunnmøre, og dei blå stolpane viser tal innpendlarar til Herøy frå andre kommunar på Sunnmøre. På dei oransje stolpane ser vi at dei fleste utpendlarane frå Herøy reiser på arbeid til Ulstein. Dei blå stolpane fortel oss at dei fleste som pendlar til Herøy på arbeid, kjem frå Ulstein. Dessutan er det fleire personar som pendlar frå Herøy til Ulstein enn frå Ulstein til Herøy. Herøy har også innpendlarar frå Sande og utpendlarar til Sande, og her viser statistikken nokså like tal for innpendling og utpendling. Likevel viser tabellen få tal for pendling mellom Herøy og Sande samanlikna med tala mellom Herøy og Ulstein. Ettersom Ulstein har så stor pendlestatistikk frå Herøy, kan vi tenke oss at statistikken vil vere nokså lik for Ulstein og dei andre områda ettersom Ulstein er ei sentrumsnær kommune for andre kommunar i området enn berre Herøy.

Figur 3.4: Pendlestatistikk for 2020⁸



⁷ <https://www.ssb.no/statbank/table/08536/tableViewLayout1/>

⁸ https://global-uploads.webflow.com/61714237e31d3fa1bc651e82/61c2fed0affc31228014c566_1515%20Herøy.pdf

3.5 Kulturliv og fritid

Idrett og idrettslag er viktige bidrag til eit lokalsamfunn. Ikkje berre er idretten med på å skape og vedlikehalde sosiale arenaer og møtestadar, men idretten skaper og reproducerer også forteljingar om lovkrafta i eit lokalsamfunn (Hjelseth, 2016). I Herøy driv mange ungdomar med idrett, og særleg fotball og handball er dominerande. Det finst fleire lokale idrettslag fordelt på øyene og i bygdene, men kommunen har særleg to større idrettslag; Bergsøy IL i ytre, og Tjørvåg IL i indre. Kulturhuset på Bergsøya fungerer som eit samlingspunkt for idrett der det finst både idrettshall og uteområde med idrettsarenaer og klubbhus. I Stokksund, like ved barne- og ungdomsskulen, finst det også ein idrettsarena.

I Ulstein er den store idrettsklubben Hødd ein naboklubb til Bergsøy og Tjørvåg, og dessutan ein stor konkurrent til andre klubbar på Sunnmøre. Det finst også idrettsklubbar i Sande, men desse er ikkje like store som dei i Herøy og Ulstein. Mange av ungdomane i Sande driv med dei lokale idrettar innover i kommunen.

Butikkar fungerer også som viktige institusjonar i mange lokalsamfunn, og dei er gjerne dei einaste sosiale arenaene der innbyggjarane kan møtast dagleg (Halvorsen & Båtevik, 2016). Herøy har det største handlesenteret sitt i Fosnavåg og Eggessønes, i tillegg til at det er fleire lokale matvarebutikkar spreidde rundt på øyene og i bygdene. Sande har derimot få handlemoglegheiter. Her finst det berre lokale matvarebutikkar, og innbyggjarane må reise utanfor kommunen for å handle varer som klede, elektronikk og liknande. I Ulstein er handlesenteret lagt til sentrumet Ulsteinvik, og her har butikkmarknaden vakse seg stor. Herøy har ikkje utvikla seg like fort når det gjeld moderne handlemoglegheiter, og mange av innbyggjarane reiser derfor til Ulstein, som tilbyr både kjøpesenter og butikkjeder som ein ikkje finn i Herøy. Det at Ulstein har så mange innpendlarar av både skulelevar og arbeidarar, til dømes frå Herøy, gjer også at dei kan oppretthalde ein stor butikkmarknad.

Både Herøy, Sande og Ulstein har lokale institusjonar innover i kommunane som er med på å samle folk frå lokalsamfunnet, og særleg ungdomen. Mellom anna finst det kulturskular i kvar kommune, som samlar ungdom til å drive med musikk og dans. Det har også vore lang tradisjon med korps i dei tre kommunane, og nokre av ungdomane driv framleis med dette i dag. Sande er kjent for å ha stor kultur med kor, og særleg barnekor.

Herøy og Ulstein har bygd store badeland i nyare tid som er med på å lokke folk både frå kommunen og folk utanfor kommunen. Her må Sande trekke til eit sentrum, og då gjerne til Herøy eller Ulstein. Elles har alle dei tre kommunane institusjonar som bibliotek, treningscenter, konsert- og forsamlingsalar. Herøy og Ulstein har også kinosal, noko dei ikkje

har i Sande. Dette er i hovudsak med på å samle folket innover i kommunen, men folk utanfor kommunen kan også treffast her. Det er hotell berre i Herøy og Ulstein som ikkje berre trekker folk frå andre stadar, men også folk frå nærområdet når det kjem til diverse arrangement.

3.6 Dialektene i området

Sidan denne oppgåva ikkje utelukkande studerer sjølve språket, språkutviklinga eller språklege forskjellar på Sunnmøre, er det lite hensiktsmessig å legge fram ei detaljert språkanalyse. Det kan derimot vere interessant å sjå nokre språklege kjenneteikn for dialektene i området for å få eit innblikk i kva det er ungdomane faktisk vurderer i språkhaldningsundersøkinga.

I Store norske leksikon vert termen *dialekt* definert som «ein geografisk avgrensa variant av eit språk» (Opsahl, T. & Alkunne , 2021). Ofte snakkar ein om dialekter på eit regionalt nivå, og då er *sunnmørsk* ei vanleg dialekt å snakke om når det gjeld talemålet på Sunnmøre. Den sunnmørske dialekta høyrer til den nordvestlandske dialekta ved at ho har e-mål, altså e-ending i infinitiv og i ubunden form eintal av svake hokjønnsord (å hoppe, ei jente). I denne oppgåva er fokuset på dialekt om underkategoriar av sunnmørsmålet, og omgrepene er operasjonalisert til å gjelde på kommunenivå. Dette har eg valt å gjere ettersom eg studerer haldningar til dialekter frå ulike kommunar på Sunnmøre. Det er få og marginale språklege forskjellar i dialektene i Herøy, Sande og Ulstein, men derimot fleire forskjellar mellom dei tre kommunane og regionsenteret Ålesund.

Først og fremst skil ein mellom dialekta Nordre Sunnmøre og Søre Sunnmøre. Slik som vist i kapittel 3.1, høyrer kommunane Herøy, Sande og Ulstein til Søre Sunnmøre, medan Ålesund tilhøyrar Nordre Sunnmøre. Til dømes uttaler folket i nord pronomensforma *oss* i første person fleirtal, medan dei i sør tradisjonelt sett har uttalt pronomensforma *me* eller *vi* (Jahr, 1990, s. 71). Eitt av funna til Sævik (2000) var at pronomensforma *me* var på veg ut av språket til dei unge, noko det også vert vist i språkprøvene i dette prosjektet. Som førebuande arbeid til haldningstesten, tok eg opptak av personar både frå Herøy, Sande, Ulstein og Ålesund som eg kunne bruke i ei lydprøve for testen. Ingen av stemmene frå nokon av stadane uttalte pronomensforma *me*, og alle uttalte *vi*.

Eit anna skilje mellom dialekta i nord og sør, er at folket på Søre Sunnmøre uttaler *d* i ord som elles i landet er stum. Dette er eit språktrekk som heng att frå gamalnorsk ð, og fenomenet gjeld også ord som ikkje lenger har skriven *d* i det moderne norske språket (Jahr, 1990, s. 72). Døme på eit slikt ord er ordet *sau*, som frå norrøn *sauðr*. På Søre Sunnmøre uttaler ein dette ordet i dag med *d* i slutten av ordet. Dette språktrekket er mindre utbreidd i Nordre

Sunnmøre. I språkprøvene uttalte personane frå dei lokale områda (Herøy, Sande, Ulstein) ordet *kveld* med uttale av *d*, medan stemmene frå Ålesund uttalte ordet utan, slik det er gjort i dei fleste andre område i landet (/kvel/).

Tradisjonelt har heller ikkje sunnmørsmålet hatt retrofleksar, noko som skil det frå romsdalsmålet. Dette er derimot noko som er under utvikling, for retrofleksar er på veg inn i sunnmørsk, og særleg i Ålesund-området. I språkprøvene kom dette tydeleg fram der stemmene frå Ålesund uttalte orda *bort* og *fort* med uttale av palatalisert -rt-lyd. Ingen av dei lokale dialektene hadde dette språktrekket.

Ved delar av Søre Sunnmøre har det skjedd ei utvikling siste hundre åra der det er bortfall av uttale av endings-n i adjektiv og i bestemt form eintal i hankjønnsord (Jahr, 1990, s. 72). *Guten er galen* lyder derfor /gu:te e ga:le/. Dette er særleg typisk for dialekta i Herøy og delar av Sande, i tillegg til Ørsta og Volda. I Herøy kjem dette språktrekket i stor grad fram i språket til dei som bur i ytre del av kommunen, medan det er mindre av fenomenet i språket i indre. Dette kom også fram i språkprøvene i prosjektet, der to av stemmene frå Herøy var vakse opp i ytre, medan den tredje var vakse opp i indre. Personane frå ytre uttalte ikkje endings-n i til dømes orda *kinoen* og *bussplassen*, medan personen frå indre uttalte. For stemmene i Sande var det også éi av stemmene som hadde dette fenomenet i språket. Denne personen var frå utkanten av kommunen, medan begge dei to andre stemmene, som hadde lik uttale som personen frå Indre Herøy, var frå Sande sitt kommunesenter, Larsnes. Ingen av språkprøvene frå Ulstein og Ålesund hadde dette språktrekket.

Eit anna døme er at talemål i Ulstein og Herøy er kjende for å ha markert e-lyd i ord som *kveld* og *vere*. I Herøy vert slike ord med lang e-lyd til æ-lyd, som vert uttalt /kvæld/ og /væ:re/. I språkprøvene til prosjektet kjem dette fenomenet tydeleg fram i stemmene frå Herøy.

Tradisjonelt har også dialektene på Sunnmøre hatt palatalisering (i til dømes ord som *mann*, *senga* og *boka*). Som vist i studien til Abrahamsen (1995), var dette språktrekket allereie på 1990-talet på veg bort i språket til dei unge, og det var nesten heilt vekke blant jentene i Herøy. Dei unge i dag uttaler orda utan palatalisering, og orda får då ein meir allmennorsk uttale. Då eg tok opptaka til mitt prosjekt med jenter i alderen 20-30 år, var det heller ingen som hadde palatalisering i språket.

Talemålet på Søre Sunnmøre har også vore nokså konservativt når det gjeld vokalsystemet (Sandøy, 1991, s. 171-174). Fram til om lag 1980 har ein hatt 18 vokalfonem som heng igjen etter det norrøne språket, inkludert dei tre fulle diftongane *au*, *ei* og *øy* (Goksøy, 1980; Sandøy, 1991, s. 174). Elles i landet er det i dag mest vanleg med 12 vokalfonem. I studien til Odd Goksøy (1980, s. 98) fann han at det i Herøy hadde skjedd eit vokalsamanfall

i løpet av kring 1950 til 1980, då vokalfonema hos dei yngre språkbrukarane i 1980 hadde vorte «smelta» saman og utvikla seg til ei forenkling. Ein kan rekne med at desse tendensane på den tida i dag har vorte eit fast mønster i dialekta i Herøy.

Denne skildringa av dialektene på Sunnmøre viser at det er snakk om få og små språklege forskjellar, også innover i kommunane. Det at den tidlegare forskinga har vist at dei språklege ulikskapane stadig vert mindre (jf. kapittel 2.3.1), kan etter kvart gjere at folk ikkje lenger høyrer forskjell på dialektene. Eg har likevel prøvd å la nokre av dei sentrale språktrekka kome tydeleg fram når eg har utarbeida språkprøver for dei ulike dialektene i prosjektet (meir om språkprøvene i prosjektet vert presentert i kapittel 5.3.6.1). Det vert interessant å sjå om ungdomane frå Herøy i dette prosjektet klarer å fange opp språktrekka og skilje dei fra kvarandre når dei skal vurdere dei ulike dialektene.

Kapittel 4: Teori

Dette teorikapittelet vil belyse ei rekke faktorar som er strukturerte etter makro-, mikro- og mesonivå som eg meiner kan vere sentrale for å forklare og forstå dei språkhaldningane som ungdomane har.

4.1 Makronivå – samfunnsnivå

På makronivå vil ein kunne omtale korleis ytre faktorar legg føringar for individet som lever i det geografiske området. I kva grad desse faktorane påverkar individet eller ikkje, er utfordrande å måle, men i praksis kan dei sosiale strukturane skape rammer som er med på å legge føringar for individet.

4.1.1 Lokalsamfunn

Korleis lokalsamfunnet eit individ lever i er sett saman, kan vere med på å påverke individet på mange måtar. Det er derimot ulike meiningar og oppfatningar om kva eit lokalsamfunn er og kva type avgrensingar og rammer som gjeld for eit lokalsamfunn. Likevel finst det bestemte faktorar som er gjeldande for alle lokalsamfunn, som også kan vere fruktbare å trekke inn i denne oppgåva. Dette bygger på ei tredeling for å forstå kva eit lokalsamfunn er (jf. Farstad, 2016). Alle lokalsamfunn er for det første eit avgrensa geografisk folkesett område. Ofte snakkar ein om lokalsamfunn under kommunenivå, som til dømes bygder og øyer, men lokalsamfunn kan også representere større område, til dømes byar eller bydelar. Dette kjem an på konteksten. For det andre føreligg det blant menneska i eit lokalsamfunn ei felles forståing og overtyding om at innbyggjarane tilhører eit fellesskap – som det engelske omgrepene «community». Til dømes kan det blant innbyggjarane i Herøy føreligge ei felles forståing av at ein innbyggar i Herøy er ein del av «herøyværingane», og at dette er eit folk som deler felles institusjonar, tradisjonar og verdiar. Når ein snakkar om lokalsamfunn omtalar ein for det tredje «folk flest» innan det enkelte lokalsamfunnet. Ein kan til dømes ikkje konstatere at alle ungdomane i Herøy er like, men ein kan rekne med at haldningane og oppfatningane som ungdomen gir uttrykk for samla sett kan gjelde dei fleste.

I Herøy kan ein sannsynlegvis snakke om mange lokalsamfunn på øyene og i bygdene, men for denne oppgåva er lokalsamfunn operasjonalisert til å gjelde heile kommunen. Folket i

Herøy deler eit felles geografisk område som er åtskilt frå andre lokalsamfunn og andre kommunar gjennom at det i Herøy finst felles offentlege institusjonar, butikkar og arbeids- og utdanningslokale som er med på å knyte innbyggjarane saman til nettopp det som oppstår som eit lokalsamfunn. Den geografiske kommunegrensa gjer at innbyggjarane føler dei er ein del av ein kommune og dermed ein del av ei gruppe menneske som deler dei same institusjonane og verdiane.

Herøy har mellom anna fleire skular der barn og unge møter og skaper eit fellesskap. Dette fellesskapet kan legge føringar for kva for haldningar ungdomen i lokalsamfunnet har om menneska dei har rundt seg. På skulen treffest ungdomane, dei sosialiserer seg med kvarandre, utviklar venskap, inngår i sosiale grupper, let seg påverke av andre ungdomar og skaper felles verdi- og normgrunnlag med andre likesinna individ. Det er på denne måten at skulen som ein felles sosial arena gjer at ungdomane utviklar seg som menneske, både på eit individuelt og på eit sosialt plan, som deretter er med på å forklare og forstå kvifor individet blir som det blir og handlar som det gjer.

4.1.2 Reglar og normer for språket i eit område

Sjølve språket, normene til språket og språksituasjonen knytt til eit område, kan samla sett skape rammer for individua frå ein stad.

4.1.2.1 *Dialekt*

I følge Sandøy (1991, s. 19) er ei dialekt eit eige sjølvstendig språk ved at det utgjer eit språksystem med ein fullstendig grammatikk. Vidare skriv Sandøy om dialekt:

«Det er ein nødvendig eigenskap ved eit språk at det er oppbygd som eit system som står som ein slags «avtale» mellom talar og tilhörar. Dermed kan eit innhald formidlas via lydar, for talaren veit korleis han skal kode inn innhaldet, og tilhöraren har tilsvarande innsikt i korleis han skal kode av. Men for at dette skal fungere, må denne «avtalen», d.v.s. *språket*, innehalde klåre *reglar* for korleis vi kan sette saman lydar til ord og ord til setningar, som kan formidle både enkle og kompliserte meiningsinnhald (Sandøy, 1991, s. 19).

Dette viser at dialekt fungerer som eit ytre system med eit sett av reglar som er festa til eit geografisk område, og som individua må forhalde seg til. Likevel kan det ofte vere problematisk å skilje dialekta i ein kommune frå ei anna. Dersom folk frå to forskjellege kommunar sjølve

kan peike på forskjellar i språket dei hører godt, vil ikkje nødvendigvis andre frå heilt andre stadar kunne gjere det. Dialekter går berre gradvis over frå å vere éi dialekt til ei anna, og det er sjeldan vi kan finne heilt skarpe og klåre grenser (Jahr, 1990, s. 9). Det at dialekt er ein geografisk avgrensa variant av eit språk, seier ingenting om nøyaktig geografisk avgrensing, og nøyaktig kva som kan reknast som ein variant av eit språk, er heller ikkje nøyaktig definert. Vi kan derfor anslå at områda Herøy, Sande og Ulstein har tre ulike dialekter, og at desse kan reknast som dialekter under det tradisjonelle sunnmørsmålet. På denne måten representerer ikkje dei enkelte dialektene berre individet kjem ifrå geografisk, men dei representerer også eit ytre fenomen innover i kommunane som innbyggjarane må orientere seg etter når dei snakkar.

4.1.2.2 Språksamfunn

Ein stad seier ikkje berre noko om korleis individua snakkar, men også noko om normene og dei allmenne oppfatningane som ligg bak dialekta. Når vi snakkar om innbyggjarane i eit samfunn som deler kunnskapar og reglar for tale og språk, snakkar vi om eit språksamfunn (Hymes, 1977, s. 47-51). I følge Hymes omfattar dette deling av kunnskap for éin måte å tale på, samstundes som at det seier noko om korleis ein bruker språket (Hymes, 1977, s. 47). Det finst mange definisjonar på kva eit språksamfunn er, men i hovudsak bygger forståinga på at eit geografisk avgrensa språksamfunn ikkje berre høyrer til ei dialekt på eit reint språkleg plan, men også eit sosialt plan der det ligg til grunn normer om dialekta som kan vere med på å forklare kvifor folk snakkar slik dei gjer, og vidare kva for haldningar folk har både til si eiga dialekt og til andre dialekter.

Nokre geografiske område kan også ha sterkare språksamfunn enn andre. Då vil forventingane og normene knytt til språkbruk vere høgare blant folket frå området, og det kan føreligge eit sterkare press på måten ein snakkar på og viktigheita av å snakke på ein bestemt måte. Språksamfunnet handlar ikkje berre om forventningar til det reint språklege, men også til språkbrukarar. Dermed kan eit område med sterkt språksamfunn også ha høge forventningar knytt til korleis individua stiller seg til både seg sjølve og til andre grupper.


I kva grad eit språksamfunn verkar inn på enkeltindividua er ulikt frå stad til stad, og det er dessutan vanskeleg å måle styrken av språksamfunn. Det er heller ingen bestemte faktorar som er med på å bygge eit styrka språksamfunn. Ein kan likevel få ein indikasjon på kor sterkt eit språksamfunn er på måten individua snakkar om dialekter på og kor sterke haldningar individua har til språk.

4.1.3 Regionalisering

Dersom språkendringar spreier seg til språksamfunn innanfor ein region, utviklar språket seg mot ei regionalisering. Gunnstein Akselberg definerer ein talemålsregion slik: «Ein region med fleire karakteristiske talemålstrekk, t.d. innom fonologien, morfologien, prosodien, syntaksen og leksikonet, eller innom ein kombinasjon av endringar innom to eller fleire av desse språklege sektorane» (Akselberg, 2005, s. 110). Når ein då snakkar om ein regionaliseringsprosess, er dette ein prosess som fremjar, etablerer, endrar eller utvidar ein talemålsregion når det gjeld omgrepa ovanfor.

Når Akselberg (2006, s. 135) skildrar regionalisering, nyttar han seg av den talespråklege hierarkipyramiden etter Peter Auer (2000, referert i Akselberg, 2006, s. 135). Denne modellen er vist i figur 4.1.

Figur 4.1: Den talespråklege hierarkipyramiden



Den talespråklege hierarkipyramiden viser to måtar for korleis talespråk vert smelta saman (Akselberg, 2006, s. 135-136). Den *vertikale* dimensjonen viser ein eller fleire standardtalemål på toppen av modellen og dei lokale dialektene på botn. Mellom desse ligg dei regionale talemåla, som ofte vert sett på som ein regional standard. I den vertikale dimensjonen tenker ein seg at standardtalemålet påverkar både det regionale og dei lokale dialektene ved at det regionale og dei lokale dialektene vert meir like standardmålet(-måla). Den *horisontale* dimensjonen fungerer på den måten at dei lokale, eller dei regionale, dialektene påverkar kvarandre uavhengig av dei vertikale konvergeringsprosessane. Det er ikkje nødvendigvis slik at ei språkutvikling anten går gjennom den eine eller den andre dimensjonen, men ei utviklinga

kan ha aspekt frå begge retningane. Ut ifrå den talespråklege hierarkipyramiden kan vi sjå at ei regionalisering kan skje anten av at lokale dialekter endrar seg i retning mot meir standardtalemål (vertikalt), eller at dialektene i eit område vert meir like kvarandre (horisontal).

Eit regiontalemål har språktrekk frå dei ulike dialektene i regionen. Akselberg (2005) hevdar at i ein regional dialekt er oftast trekk frå det mest dominerande talemålet i området som har størst påverknad på regiontalemålet, og på Sunnmøre skulle ein då tenke seg at dialekta i regionsenteret Ålesund skulle ha størst påverknadskraft på dialektene i områda rundt. Funna frå dei tidlegare språkforskingane på Søre Sunnmøre viser at det er lite sannsynleg at dialekttrekk frå Ålesund spreier seg til området (jf. Abrahamsen, 1995; Lianes, 2013; Sævik, 2000). Målet i mitt prosjekt er ikkje å undersøke om eller korleis spreining av språktrekk skjer på Søre Sunnmøre, men det vil likevel vere interessant å studere språkhaldningane til ungdomane i Herøy opp imot talemålet til regionsenteret Ålesund, og korleis desse haldningane kan henge saman med ein eventuell regionaliseringstendens.

4.2 Mikronivå – Individnivå

På mikronivå er ein interessert i å studere kva som skjer inne i enkeltindividet som kan gi ein indikasjon på kvifor individet har dei haldningane det har. Haldningar i seg sjølv er viktige fundament i vårt indre medvit, og det er dessutan med på å skape føringar for måten vi handlar på. På mikronivå er det dermed interessant å sjå nærmere på kva haldning faktisk er, og korleis haldningane våre er strukturerte.

4.2.1 Haldningsteori

Haldning er eit ord dei fleste kjenner til frå det daglegdagse språket, i tillegg til at vi alle ser på haldningane våre som ein essensiell del av vår eiga sjølvoppfatning. Dei fleste har haldningar til det meste rundt seg, og ei samling av haldningane våre er med på å bygge opp kven vi er som person.

Hogg & Vaughan (2010, s. 94) forklarer haldning på ein enkel og konkret måte; «our evaluations of people, objects and events in our world». Haldning handlar altså om at vi gjer ei slags evaluering til alt som finst rundt oss. Venås (1991, s. 242) presenterer ein liknande definisjon på haldning: «Det (haldning) blir brukt om relasjonar menneske kan stå i til andre

menneske, til fenomen eller omstende i samfunn eller omverd». Vi ser at haldning også handlar om kva for forhold eit individ har til det det har rundt seg.

Likevel førekjem haldning i teorien som eit ytterlegare komplekst fenomen som ikkje er tilbøyeleg for nokon einsformig definisjon. Forsking på haldning kan sporast tilbake til tidleg 1900-talet, og forskingsobjektet høyrde opphavleg til det psykologiske og sosialpsykologiske fagfeltet. Korleis ein har definert haldning, har ofte spegla seg ulikt på bakgrunn av den teoretiske og forskingsbaserte interessa for enkelte studium (jf. Agheyisi & Fishman, 1970, s. 137). Eg vil peike på eit utval av dei sentrale teoriane og tilnærmingane som er rekna for å ha vore dei mest aktuelle innan haldningsforskinga.

4.2.2 Behavioristisk og mentalistisk tilnærming til haldning

Grovt sett er det vanleg å framstille to ulike forklarings- eller tilnærningsmåtar til haldning; ein behavioristisk og ein mentalistisk (Agheyisi & Fishman, 1970, s. 138; Venås, 1991, s. 242). Ein *behavioristisk* definisjon på haldning bygger på ei forståing av at haldning heng saman med åferd, og det å studere haldningar føreset å studere kva folk gjer (Venås, 1991, s. 242). For forskarane er det dermed viktig å kartlegge ulike former for åferd for å danne eit bilet av haldningar. Read Bain, definertre i 1928 haldning som ein person sin relativt stabile og openberre oppførsel som er med på å påverke vedkomande sin status i sosiale grupper (Bain, 1928). I fylgje Bain (1928, s. 957) er den einaste måten ein kan kartlegge haldningar på gjennom observasjon og statistisk behandling av haldning i sosiale situasjoner. Ei behavioristisk tilnærming kan vere relevant for mitt prosjekt ved at ungdomane sjølv får moglegheit til å rapportere haldningar dei har til ulike dialekter.

Ein *mentalistisk* definisjon omhandlar haldning som ein mental, kognitiv og indre reaksjonsberedskap. I motsetnad til den behavioristiske tilnærminga er ei slik oppfatning oppteken av at haldning er umogleg å observere utan å avsløre individet i ein instinkтив situasjon. Haldning er noko som må erkjennast av individet. Psykologen Gordon Allport definerte i 1935 haldning slik:


A mental and natural state of readiness, organised through experience, exerting a directive or dynamic influence upon the individual's response to all objects and situations with which it is related (Allport referert i Baker, 1992, s. 11)

Eit mål i prosjektet mitt er også å studere underbevisste språkhaldningar, og dermed er også ei mentalistisk tilnærming aktuell for prosjektet. I masketesten skal ungdomane vurdere dialekter utan at dei veit at det faktisk er haldningar til dialekter som er føremålet med eksperimentet. Dei trur derimot at testen går ut på ei personlegdomsvurdering av stemmene dei lyttar til.

4.2.3 Haldningskomponentar

Blant dei fleste haldningsforskaranane er det ei etablert oppfatning om at haldning er rekna for å bestå av og bygge på tre grunnleggande element; *kognitive*, *affektive* og *konative* (Agheyisi & Fishman, 1970, s. 139–140; Baker, 1992, s. 12–13; Garrett, 2010, s. 23). Det er likevel usemje i kor sterkt desse komponentane er knytte til kvarandre. Poenget er likevel at komponentane ikkje er uavhengige av kvarandre, men at dei samla sett er med på å strukturere haldningane våre. Figur 3.1 viser ein modell for koplinga mellom dei tre haldningskomponentane. Modellen er henta frå Baker (1992, s. 13).

Figur 4.2: Modell for haldningskomponentar



Haldningar er *kognitive* fordi dei rommar tankar og meningar om verda. Ungdomane i mitt prosjekt har for det første visse tankar om dei dialektene og språkforskjellane dei høyrer, og erkjenner at det finst ulikskapar mellom dialektene. For det andre har ungdomane tankar om språkbrukarane av desse dialektene, og dei har etablerte oppfatningar av kven desse menneska er og korleis dei skil seg frå ungdomane sjølv.

Haldningar er også *affektive* ved at dei er med på å framkalle emosjon og kjenslemessige vurderingar. Positive eller negative forhold mellom individ og andre språkbrukarar kan vere med på å legge føringar for kva haldningar individet får. Mange ungdomar kan også assosiere dialekt til dømes med deira eigen identitet, venar eller familie. Dialekta er dermed knytt til noko anna enn berre ein måte å snakke på, for det er også kopla til noko som står ungdomane nært kjenslemessig.

Til slutt er haldningar *konative* fordi dei gjennom åtferd får oss til å handle på bestemte måtar. Ungdomar kan til dømes snakke positivt eller negativt om både dialekter og språkbrukarar. På denne måten kan handlingane til ungdomane gjenspegle kva haldningar dei har, og slik har også den konative komponenten nær relasjon med den behavioristiske tilnærminga til haldning.

I mitt prosjekt vil det vere interessant å diskutere i kva grad dei tre haldningskomponentane kjem fram i haldningane til ungdomane, både for å forsøke å forstå resultata frå haldningstesten, og for å knyte dei til kva ungdomane eksplisitt gir uttrykk for i gruppесamtalane.

4.2.4 Haldningsfunksjonar

I tillegg til haldningskomponentar som hjelper oss å forstå kva haldning bygger på, finn vi i haldningsteorien fire haldningsfunksjonar som kan hjelpe oss med å forstå kvifor vi har dei haldningane vi har. Katz (1960, s. 170) presenterer fire haldningsfunksjonar som eg vil trekke fram i dette delkapittelet.

Den første, «the instrumental, adjustive, or utilitarian function», også kjent som «nyttefunksjonen», skildrar korleis haldningar er framkalla av at individet ønsker å oppnå påskjøning eller unngå straff. Vi strever med andre ord etter haldningar som er nyttige for oss menneske for å verte aksepterte frå menneska i omgivnadane våre. Hos ungdomar er kanskje denne funksjonen svært viktig ettersom individ i denne livsfasa har eit sterkare behov for å passe inn og å finne sin plass i fellesskapet. Når det gjeld språk, så kan det for ungdomane vere særleg viktig å snakke på ein bestemt måte for å knyte seg sjølv til ei sosial gruppe – ei gruppe som individet føler det er viktig å vere ein del av.

«The ego-defensive function», eller «den ego-forsvarande funksjonen», er der mekanismar hjelper individet til å forsvere seg mot ytre påkjenningar eller opplevingar som gjer at individet føler seg trua eller sårbar. Individet bruker forsvarsmekanismar som nekting dersom det kjenner på at ein sjølv vert oppfatta som mindreverdig, og haldningar opnar mot fordumar. Individet kan til dømes uttale negative haldningar om andre grupper menneske med ei anna dialekt for å forsvere seg sjølv og gruppa si. Motsett kan individet heve sin eigen posisjon og si eiga oppfatning av dialekt for å framheve at det ikkje er mindre verd enn nokon andre.

Haldningar har også ein «value-expressive function», eller ein «verdifunksjon», som er knytt til dei viktige verdiane til individet og korleis individet oppfattar seg sjølv.

Verdifunksjonen er altså nær knytt til identitetsoppfatning og identitetsoppbygging, som også er viktig i ungdomstida der spørsmålet om kven ein er, står sentralt for den menneskelege utviklinga. Til dømes kan individet føle på at språk har ein verdifunksjon for å vise kven ein er og kvar ein høyrer til. Dette kan gjere at individet føler det er viktig å snakke god dialekt for å vise viktigheita av nettopp dette.

Til slutt presenterer Katz «the knowledge function», eller «kunnskapsfunksjonen», som er knytt til det behovet mennesket har til å forstå universet det lever i, og korleis verda er strukturert. Vi søker dermed etter haldningar som vi tenker er logiske og har ei mening, og som kan hjelpe oss med nettopp å forstå verda. Til dømes kan individet ha eit behov for å auke kunnskapen sin om språket og historia som er knytt til heimstaden eller lokalmiljøet. For individet kan det dermed vere viktig å snakke dialekt, for å hylle og halde på tradisjonen med dialekt frå staden.

På linje med haldningskomponentane, vil det i drøftinga vere interessant å diskutere resultata frå ungdomane sine haldningar opp imot haldningsfunksjonane for å få ei betre forståing av kvifor ungdomane har dei haldningane dei har.

4.2.5 Andre termar assosiert med haldning

I følge Garret (2010, s. 30–35) og Baker (1992, s. 13–15) finst det andre termar med nær relasjon til haldning. Dette er termar som i fleire situasjonar vert rekna som likestilte med haldning, samstundes som at dei kan brukast i same omstende. Nokre slike termar vert også trekta fram for å forsøke å forklare eller utdjupe haldningsomgrepet, men vi må likevel vere bevisste på at desse termane ikkje kan sjåast på som synonyme med haldning. Det kan vere verdt å trekke inn nokre av omgrepa for å distansere dei frå haldning i dette prosjektet.

Ein term som ofte vert samanlikna med haldning, er *meiningar*. Baker (1992, s. 14) trekker fram tre punkt der han meiner meiningar skil seg frå haldning. For det første er meiningar utelukkande knytt til den kognitive delen av haldning, og manglar den affektive delen som står sterkt for haldningsomgrepet. Det same kan ein seie om termen *tru* eller *tankar* om noko (Garrett, 2010, s. 31). Ein kan likevel diskutere i kva grad meiningar og tankar kan påverke og verte påverka av kjenslemessige reaksjonar (Garrett, 2010). For det andre hevdar Baker (2010) at meiningar vert uttrykt verbalt i motsetnad til haldningar som oftast er meir latente og blir formidla av ikkje-verbale og verbale prosessar. Det er for det tredje ein forskjell mellom korleis ein undersøker meiningar versus haldningar som gjer at vi må kunne sklije dei frå kvarandre. Når ein studerer meiningar blant folk, er ein ofte ute etter samfunns- eller gruppe-

preferansar som indikerer folk sine synspunkt på en bestemt ting. Å studere haldningar handlar på den andre sida ofte om å sjå på forholdet mellom haldningar og andre bestemte variablar som kan hjelpe oss å forstå korleis menneske fungerer.

Der tilsvarende termar kan koplast til den kognitive delen, finst det andre termar relatert til haldning som viser utelukkande til den behavioristiske, eller konative, komponenten. Eit døme på eit slikt ord, er *dømme*. Dette er eit omgrep ein assosierer med ei fysisk handling, og det seier dermed ikkje noko om det kognitive aspektet ved haldning. Ein kan til dømes dømme ein person for noko negativt han eller ho har gjort, men dette treng nødvendigvis ikkje å seie noko om kven vedkomande er som person. Ein kan altså ha positive haldningar til personen utelukkande av vedkomande sine handlingar.

Hensikta med å skilje andre tilsvarende termar frå haldning, er å kunne luke ut personar som har gjetta føremålet med haldningstesten. Der ungdomane får moglegheit til å gjette kva haldningstesten har gått ut på, vil eg gjere ei vurdering av kven som har gjetta føremålet eller ikkje. Dersom til dømes ein av respondentane har tippa at testen har gått ut på «kva meininger vi har om personar», vil dette ikkje gjelde som «avslørt føremål». Meir om kva gjettinga med testen har å seie for prosjektet, vert presentert i kapittel 5.3.2.2.

4.3 Mesonivå – kopling mellom individ og gruppe

Faktorar på mesonivå handlar om korleis og kvifor individet knyter seg saman med andre individ. Ein er dermed oppteken av å sjå korleis sosiale faktorar mellom individua kan legge føringar for haldningane til enkeltindividet.

4.3.1 Språkhaldning

Når vi snakkar om haldningar til språk, set vi det sosialpsykologiske fenomenet inn i ein sosiolingvistisk kontekst. Haldning er ei evaluerande orientering til ein type sosialt objekt, og nettopp språket kan vere eit slikt objekt (jf. Garrett, 2010, s. 20). Dermed snakkar vi om *språkhaldningar*. Ein kan ha språkhaldningar til ulike typar språkartar, både talte og skrivne språk. Døme på dette er nasjonalspråk, dialekter eller sosiolektar, språktrekk og skriftspråk. For mitt prosjekt er det haldningar til dialekter som er sentralt.

Ofte har språkhaldningar eit sosialt grunnlag framfor eit reint språkleg (Venås, 1991, s. 247). Ein kan sjølv sagt gjere estetiske vurderingar av eit språk, men det viser seg ofte at språkhaldningar er knytte til dei menneska som bruker språket snarare enn sjølve språket. Dette

kan henge saman med at bruken av ei dialekt eller ein bestemt type språktrekk kan gje konkrete og presise opplysningar om dei menneska som snakkar dialekta (Venås, 1991, s. 246). På denne måten treng til dømes ikkje ungdomane sine språkhaldningar til Ulstein å vere knytt til korleis personane frå Ulstein snakkar, men at språkhaldningane heller vert assosierte med kven personane frå Ulstein *er*. I mitt prosjekt vert det interessant å studere i kva grad dei sosiale aspekta ved haldningane til ungdomane kjem til syne.

4.3.2 Språk og identitet

I følge Brit Mæhlum (2008b, s. 105) synest det ofte å vere «en underliggende forutsetning i sosiolinguistisk forskning at språket på en eller annen måte avspeiler det enkelte individs identitet». Når eg i mitt prosjekt skal undersøke språkhaldningar blant ungdomar, kan eg dermed ikkje utelate å studere individua som språkbrukarar ettersom dei språklege uttrykka til ungdomane heng så tett saman med kven dei er som individ.

I følge Le Page & Tabouret-Keller er språk «acts of identity» ved at individet sjølv skaper språkleg åtferd for å best mogleg integrere seg i ei gruppe ein ønsker å identifisere seg med, eller for å markere avstand frå dei ein ikkje ønsker å identifisere seg med (Le Page & Tabouret-Keller, 2011, s. 181). Innleiingsvis i denne oppgåva såg vi at Venås hadde eit liknande poeng, der han hevdar at vi gjennom språket uttrykker oss sjølve og distanserer oss frå andre (Venås, 1991, s. 106). Slik ser vi at språk ikkje berre har eit språkleg aspekt, men også eit sosialt aspekt ved at ein har moglegheit til å uttrykke identitet gjennom språket.

Den generelle oppfatninga til identitet er knytt til karakteristikken av eit *eg*: Kven denne egen er, og kva for sosial og kulturell tilhørsle vedkomande har (Mæhlum, 2008b, s. 107). Men kva er det som er med på å bygge opp ein identitet? I identitetsforskinga skil ein vanlegvis mellom to former for identitet: Personleg og sosial identitet (Mæhlum, 2008b: s. 108). Den personlege identiteten handlar om korleis identitet vert bygd opp i enkeltindividet der individet ser på korleis ein gjer seg sjølv unik i forhold til andre. Språket eller talemålet til ein person kan vere med på å bygge identitet – ein finn sin måte å snakke på for å uttrykke korleis ein sjølv skil seg frå andre.

Den sosiale identiteten handlar derimot om kva for kvalitetar individet har frå før for å kunne ta del i sosiale omgivnadar, og korleis individet vert forma av sosiale grupper. Her vert identiteten brukt til å beskrive karakteristiske eigenskapar ved ei viss gruppe menneske ifrå eit utanforståande perspektiv, og for å beskrive den sjølvforståinga medlemmar innan ei viss gruppe har av at dei høyrer saman. Den dialekta som eit individ snakkar, er med på å plassere

individet i ei bestemt gruppe – ei gruppe der fleire menneske snakkar same dialekt. Mange er medvitne om at dei ønsker å halde tett på si eiga dialekt heile livet, fordi ho knyter dei til ein bestemt geografisk stad og til ei bestemt gruppe menneske. Ungdomar er særleg opptekne av å høyre til i sosiale grupper, så det er ikkje usannsynleg at dialekta og måten ein snakkar på, spelar ei ekstra stor rolle i akkurat denne fasen i livet.

Studium av personleg identitet har vore sentral innanfor psykologien, medan dei sosialpsykologiske, sosialantropologiske og sosiologiske fagfelta har vore meir opptekne av å studere sosial identitet. I mi sosiolinguistiske oppgåve er det derfor sentralt at eg legg vekt på sosial identitet. Det er likevel viktig å påpeike at dei to formene ikkje kan studerast uavhengig av kvarandre.

4.3.3 Stereotypi

Garrett (2010, s. 229) definerer stereotypi slik: «A cognitive representation or impression of a social group that stems from the association of particular characteristics with that group». Mæhlum (2008a, s. 95) har ein meir spesifikk definisjon: «[...] en betegnelse for den typen gjengs oppfatning og forventning som vi kan ha til både atferd og personlighet hos en bestemt gruppe mennesker på grunnlag av for eksempel deres kjønn, etnisitet og ikke minst deres språk». Der vi såg at språkhaldningar gjerne bygger på haldningar til dei som bruker språket, bygger stereotypi på assosiasjonar, karakteristikkar og forventingar knytt til språkbrukarane. Ofte snakkar ein om haldningar om noko individuelt, medan stereotypi er noko sosialt og felles.

Stereotypi bygger på *sosial kategorisering*, der ein deler verda inn i sosiale grupper basert på ulike eigenskapar eller trekk ved individua (Garrett, 2010, s. 32). Sosial kategorisering hjelper oss altså med å organisere den verda vi lever i og kven vi har med å gjere rundt oss. Gruppene hjelper oss å skilje menneske frå oss sjølve og andre grupper basert på dei karaktertrekka som hører til dei ulike gruppene. I språkhaldningsfeltet kan dialekter eller språklege ulikheiter utløyse tankar og haldningar om en språkbrukar og den sosiale gruppa som individet hører til. Dersom ein person frå Herøy hører ein frå Ulstein snakke, kan dette vere med på å utløyse tankar til det som vert kategorisert som ein «ulsteinvikar».

Sannsynlegvis har folket som bur i Herøy andre eigenskapar og trekk enn folka som kjem frå Ulstein og Sande. Dei kjem frå ulike geografiske område med ulike dialekter, og andre faktorar som verdiar, kulturar, tradisjonar, og føresetnadnar som kan spele inn på kva som gjer at ein kan kalle eit individ frå Herøy for «herøyværing».

Etablerte stereotypiar kan vere utfordrande å endre. Fleire studiar har funne at styrkte sosiale samhald med ulike grupper for å endre negativ stereotypi, ikkje nødvendigvis har ein signifikant effekt (Wegener, 1989; Macrae et al., 1994). Tiltak for å få bukt med negative stereotypiar har altså enda opp med motsett effekt der dei negative stereotypiane er blitt endå tydelegare etter inngrepet. Det at folket frå Herøy, Sande, Ulstein og Ålesund samhandlar i kvar dagen, vil ikkje automatisk føre til at det oppstår positive stereotypiar blant gruppene. I dette prosjektet har eg ikkje gjort nokon inngrep for å studere graden av samhaldet mellom lokalsamfunna, men eg har sett på korleis den naturlege sameksistensen mellom områda ligg til grunn for samhaldet. Moglegvis kan det naturlege samhaldet mellom områda føre til styrka negative stereotypiar dersom områda stadig får eit tettare forhold til kvarandre.

4.4 Oppsummering av dei sosiale nivåa

Det er utfordrande å skulle forklare konkret kva som gjer at ungdomane frå Herøy har dei haldningane dei har. Språkhaldningar er heller ikkje bestemt av spesifikke og avgjerande faktorar, men ein må anta at språkhaldningar er eit komplekst system som består av fleire – større og mindre – faktorar både på eit ytre samfunnsnivå, eit individuelt og kognitivt nivå og til slutt på eit sosialt nivå i forholda mellom ungdomane både i og utanfor lokalsamfunnet. Teorien i dette prosjektet legg berre fram eit forslag til ei rekke faktorar som kan ha ein samanheng med språkhaldningane til ungdomane. Ein kan derfor ikkje utelukke at andre faktorar som ikkje er tekne med i oppgåva, også kan ha ein sentral innverknad på språkhaldningane, men poenget er likevel å prøve å skape eit overordna perspektiv på kva faktorar som *kan* vere sentrale.

Kapittel 5: Metode

I følge Grønmo (2016, s. 41) er metode generelt sett ein systematisk og planmessig framgangsmåte for å nå eit bestemt mål. Meir praktisk handlar metode både om korleis vi samlar inn, behandlar og analyserer data i eit forskingsprosjekt (jf. Akselberg & Mæhlum, 2003, s. 74). Målet i dette prosjektet er å kartlegge kva for haldningar ungdommar i Herøy har til ulike dialekter, og dette kapittelet vil gi ei oversikt over dei metodiske vala som ligg til grunn for prosjektet. Kva for metodiske val som er gjort i lys av DEP, vil bli presentert undervegs i kapittelet.

Først vil eg gjere greie for metodiske tilnærmingar som kan knytast til språkhaldningsgranskinger (5.1). Deretter vil eg legge fram sentral informasjon om deltakarane i prosjektet (5.2). Etterpå vil eg legge fram alt som har med datainnsamlinga i haldningsgranskinger å gjøre (5.3), før eg deretter vil presentere det metodiske rundt gruppесamtalane (5.4). Eg vil etterpå reflektere rundt etiske utfordringar som inngår i prosjektet (5.5), og så trekke inn korleis eg skal behandle dei innsamla dataa (5.6.) Som siste del av kapittelet vil eg presentere hypotesane i prosjektet (5.7).

5.1 Metodiske innfallsvinklar

Denne delen ser på to metodiske innfallsvinklar til undersøkingar om språkhaldning. Først vil det bli belyst korleis forholdet mellom kvalitativ og kvantitativ metode kan vere sømeleg for språkhaldningsgranskinger. Deretter vil samanhengen mellom direkte og indirekte metodar bli trekt inn som viktig for undersøkingar av språkhaldning.

5.1.1 Kvalitativ og kvantitativ metode

Kva for metode vi bruker i eit forskingsprosjekt, har mykje å seie for kva for informasjon vi er ute etter å finne. I nokre tilfelle er det hensiktsmessig å få innsikt i djupneinformasjon om eit spesifikt tema, medan i andre hove er målet heller å få ei generell oversikt over målbar informasjon. Det er her vi skil mellom *kvalitative* og *kvantitative* metodar. Kvalitative metodar går ut på å innhente og vurdere informasjon i form av tekst, medan kvantitative metodar siktar på å kunne generalisere data i form av tal og mengder. Eit anna sentralt skilje mellom dei metodiske tilnærmingane er mengda av informantar ein bruker. Ved kvalitative metodar bruker

ein få og nøyne utvalde informantar, ofte individbaserte, medan ein i kvantitative metodar gjerne er ute etter informasjon frå mange informantar innan bestemte grupper (Akselberg & Mæhlum, 2003, s.78).

Trass i at kvalitative og kvantitative metodar skil seg på bestemte område, er dei ikkje motstridande. Tvert imot stiller metodane seg på kvar sine ytterpunkt, der fleire innfallsvinklar kan stille seg ein stad imellom. Altså er det ikkje slik at ein nyttar seg utelukkande av anten ein kvalitativ eller ein kvantitativ metode, men gjerne ein kombinasjon av begge.

Det er heller ikkje slik at éin type metode skal gje svar på ei bestemt problemstilling. Ein kan nemleg nytte seg av fleire metodar og data for å belyse éi og same problemstilling (jf. Grønmo, 2016:67). Ein kan også kombinere både kvalitative og kvantitative metodar ved ein sokalla *metodetriangulering*. Gjennom metodetriangulering vert bestemte sosiale fenomen studerte frå ulike synsvinklar.

I språkhaldningsgranskningar kan det vere interessant både å kartleggje og måle kva for haldningar som finst i bestemte grupper frå bestemte geografiske område, og å vurdere haldningar ut ifrå sosiale faktorar. I mi datainnsamling nyttta eg meg av begge desse innfallsvinklane ved hjelp av metodetriangulering. Slik fekk eg skaffa både breidde- og djupneinformasjon om haldningane til ungdomane. I prosjektet ligg det føre to typar datainnsamlingar; ein haldningsgranskungstest og gruppessamtalar. Den totale datainnsamlinga hjelper med å svare på problemstillingane i oppgåva.

5.1.2 Direkte og indirekte metodar

I nyare språkhaldningsgranskning har det vore ein tradisjon å skilje mellom *direkte* og *indirekte* metodar på bakgrunn av om ein er oppteken av innsamling av *bevisste* eller *underbevisste* haldningar. Dette gjaldt også mitt prosjekt. Ein direkte metode kan i følge Garrett et. al. (2003) verte forklart slik: «The direct approach to investigating language attitudes (...) is characterized by a high degree of obtrusiveness, and by the fact that it is the informants themselves who are asked to report their attitudes» (Garret, Coupland & Williams, 2003:24). Dersom ein bruker direkte metode i ei språkhaldningsgranskning, går ein altså inn for å innhente informasjonen direkte frå informantane. I datainnsamlinga mi brukte eg direkte metodar ved at eg bad ungdomane om å rapportere sine eigne haldningar i dialektrangering og gruppessamtalar.

Om den indirekte metoden skriv Garret et. al. fylgjande: «(...) the label «*indirect approach*» to researching attitudes entails more subtle, and in a sense deceptive, techniques compared to those approaches (...) which directly ask questions» (Garret, Coupland &

Williams, 2003:51). Ein slik metode inneber å måle språkhaldningar utan at informantane er klare over at det er haldningane deira som vert vurderte. Slik får ein innblikk i haldningar som informantane i ein bestemt situasjon ikkje har moglegheit til å reflektere. I datainnsamlinga mi nyttar eg meg av ein indirekte metode ved hjelp av ein masketest for å måle korleis ungdomane reagerte på ulik språkbruk ved hjelp av lytteprøver. Ungdomane gjekk inn i undersøkinga utan å vite kva undersøkinga handla om eller gjekk ut på, og dei vurderte personlegdomstrekk og eigenskapar ved stemmene.

5.1.2.1 «*Matched-guise*» og «*verbal-guise*»

Ein indirekte metode som er mykje brukt i språkhaldningsgranskningar, er den sokalla «*matched-guise*»-teknikken (frå no omtalt som MGT). MGT vart utvikla av sosialpsykologen Wallace Lambert og kollegane hans i Kanada i 1960 for å avdekke underbevisste haldningar folket i landet hadde til språka engelsk og fransk (Lambert et. al, 1960). Lambert antok at reaksjonsmønsteret på språkvariasjon når testpersonane ikkje er bevisste på føremålet til testen, er ulik frå dei mønstra ein finn når testpersonane er klare over at føremålet er å studere haldningar til språk. Metoden i MGT fungerte på den måten at informantar lytta til opptak av éin og same person som las same tekst på ulike språk, derav namnet «*matched-guise*». I tillegg til å lytte til dei ulike språka, skulle informantane krysse av i skjema der dei vurderte personane frå stemmene. Det essensielle med dette var at informantane ikkje visste at det var haldningane deira som vart vurderte. Derimot trudde dei at eksperimentet gjekk ut på ei personlegdomsvurdering av stemmene dei lytta til (Lambert et. al, 1960).

MGT har sidan 1960-talet vore teken i bruk og vidareutvikla i fleire land. I Danmark brukte Tore Kristiansen ein liknande modell som likna på den som Lambert og kollegane hans utvikla. Den sokalla *masketesten* til Kristiansen skilde seg frå MGT på eit par område (Kristiansen, 2009). For det første representerte språkprøvene i maskestesten ulike varietatar av danske dialekter, og ikkje av ulike språk. For det andre brukte Kristiansen ein «*verbal-guise*» framfor ein «*matched-guise*», som vil seie at det ikkje var éin person som snakka dei ulike varietetane, men ulike personar, to gutter og to jenter, per varietet.

Under haldningsgranskingane i DEP vart det utvikla ein masketest som likna på modellen til Kristiansen, men også denne vart vidareutvikla på nokre område. I den norske maskestesten blei det også brukt «*verbal-guise*», men i staden for å bruke fire ulike personar (to gutter og to jenter) per varietet, vart det brukt tre ulike personar per varietet der alle var same kjønn og frå same aldersgruppe. I DEP var det brukt jenter i alderen 20-30 år (Sandøy, 2013).

Resultata frå fleire masketestar i Noreg har ikkje vist liknande mønster som i Danmark (jf. kapittel 2.1), noko som svekker teorien til Kristiansen. I DEP har ein, på bakgrunn av fleire språkendrings- og språkhaldningsgranskingar, sett tendensar til at det går føre seg ei regionalisering av språk på vestlandet (sjå til dømes Aasmundseth, 2010)

Når det gjeld haldningsgransking er det i dag vorte ein tradisjon å studere både bevisste og underbevisste haldningars. Masketesten i mitt prosjekt er nokså lik modellen som blei brukt i DEP. Eg ville gjere nokre justeringar basert på erfaringar frå DEP og nyare teknologi som lettar datainnsamlinga og etterarbeidet, og mi tilnærming til datainnsamlinga vert presentert undervegs i dette kapittelet. Likevel ville eg i stor grad forsøke å halde meg til retningslinjene til DEP for å samanlikne resultata mine med dei tidlegare studiane på best mogleg måte. Dette opnar for å styrke reliabiliteten i haldningsgranskingsforskinga, som vil seie i kva grad dataa frå forskingsopplegga er pålitelege (Grønmo, 2016, s. 240-241). I følge Grønmo kjem pålitelegheita «til uttrykk ved at vi får identiske data dersom vi bruker det samme undersøkelsesopplegget ved ulike innsamlinger av data om de samme fenomenene». Dersom resultata frå mitt forskingsprosjekt samsvarer med resultata frå tidlegare prosjekt med liknande metodar, vil reliabiliteten vere høg og dermed styrkt.

5.2 Deltakarane i prosjektet

Som nemnt innleiingsvis i prosjektet, har eg valt å undersøke haldningar til ungdomar på 10. trinn i kommunen. I Herøy kommune er det 100 elevar på 10. trinn skuleåret 2021/2022. Dei fleste i denne gruppa, 63 elevar, går på Ytre Herøy ungdomsskule, som er den største ungdomsskulen i kommunen. Stokksund skule har 18 elevar på 10. trinn, og Møre har 26 elevar på 10. trinn, der 19 av desse er frå Herøy, medan dei resterande er frå andre kommunar i distriktet.

For dette prosjektet var eg innom alle dei tre skulane og gjennomførte datainnsamling, og eg fekk samla alle elevane på trinnet på kvar av skulane. Første datainnsamling var 2. desember 2021 på Ytre Herøy ungdomsskule. Den andre datainnsamlinga var på Stoksund barne- og ungdomsskule 14. februar 2022, og den siste var på Møre barne- og ungdomsskule 7. mars 2022. Gruppesimalane hadde eg med tre klasser på Ytre Herøy ungdomsskule same dag, og i timane etter, eg hadde hatt haldningsgranskingstesten der.

Det sentrale for prosjektet var at elevane ikkje skulle vite kva undersøkinga dei tok del i gjekk ut på. Dette gjorde at rekrutteringa måtte gå gjennom rektorane og lærarane på skulane. Eg la først fram ein førespurnad til rektorane munnleg gjennom ein telefonsamtale i tillegg til

at eg sende eit skriv med informasjon om tema og føremål med prosjektet (sjå vedlegg 1). Dei tre rektorane ville setje meg opp med lærarar til klassene som eg kunne kontakte og planlegge det praktiske rundt datainnsamlinga med. Alle involverte fekk tydeleg beskjed om å halde prosjektet hemmeleg for elevane.

Av alle 100 elevane på 10. trinn i Herøy, var det samanlagt 81 elevar som gjennomførte haldningstesten. Elevane i den andre datainnsamlinga, gruppessamtalane, tok del i diskusjonar i klasserommet med resten av klassa. Derfor var gruppessamtalane inndelt klassevis, og det gjekk føre seg tre gruppessamtalar i tre klasser med samla sett 45 elevar. Når eg presenterer resultata frå gruppessamtalane, vil eg gi eit referat av dei tre klassene samla sett (sjå kapittel 5.4).

5.2.1 Representativiteten i utvalet

I følge Grønmo (2016, s. 93) må vi, når vi formulerer ei problemstilling for ein studie, bestemme og avgrense dei samfunnsforholda vi skal studere. Dette inneber at eg i denne studien må bestemme nøyaktig *kven* som skal representere «ungdomar i Herøy». Eg har derfor valt å ta utgangspunkt i elevar på 10. trinn i kommunen som populasjon, og deltakarane som har vore med i undersøkinga går under eit utval av den totale populasjonen.

For at ein skal kunne generalisere eit utval til ein større populasjon (altså elevar på 10. trinn), bør ein avgjere utvalet ved tilfeldigheit og ikkje på bakgrunn av særeigne kvalitetar eller eigenskapar ved individua i populasjonen, i tillegg til at ein må ha eit stort nok utval for å generalisere (Grønmo, 2016). I prosjektet mitt vart dette overhalde. Eg valde ikkje ut kven av 10.-klassingane som fekk del i undersøkinga, men eg gav heile populasjonen moglegheit til å bli med ved at eg nådde ut til alle 10.-klassingane i kommunen. På denne måten var utvalet mitt tilfeldig ved at elevane uavhengig av bakgrunn, kvalitetar eller eigenskapar må gå på skule.

Det å bruke skuleelevar i prosjektet gjorde også rekrutteringa av deltakarane enklare, fordi eg dette kunne gå gjennom skulane og rektorane. Det å gjere datainnsamlinga på ein skule er dessutan fruktbart med tanke på at eg kunne få med så mange i populasjonen som mogleg, noko som var eit mål med haldningstesten.

5.3 Datainnsamling: Haldningstesten

I denne delen av kapittelet presenterer eg det metodiske som har med haldningstesten i prosjektet å gjere. Gruppessamtalane vil eg presentere i eigen del seinare i kapittelet (kapittel 5.4).

5.3.1 Gjennomføring

Haldningstesten bestod av tre delar: Først ein *masketest*, deretter ei *dialektlassering* og til slutt ei *dialektrangering*. Det var sentralt at testane gjekk føre seg på eitt og same tidspunkt for at føremålet med testen ikkje skulle spreie seg mellom elevar i pausane, då dette kunne ha påverka måten respondentane ville svart på. Dette ville også ha gjort at den underbevisste haldningsgranskingsa vart bevisst, noko som strider imot hensikta med testen. Testen på dei tre skulane blei derfor gjort med elevane samla i eitt klasserom. Eg var sjølv testleiar alle tre gongane testen blei utført, men eg hadde med meg lærarane til klassene for å få hjelp med å halde ro blant elevane. Som testleiar heldt eg meg til eit manus for å få testen til å gå så feilfri som mogleg (sjå vedlegg 2). Manuset eg brukte, bygger på manuset som blei brukt i masketestane i DEP (sjå til dømes vedlegg 5 til Fossheim, 2010). Det sentrale som testen bygde på, var, slik som i DEP, at respondentane fekk lytte til femten ulike stemmer som snakka ulike dialekter samstundes som dei gjorde ulike vurderingar av stemmene undervegs. I undersøkinga mi vart det nytta eitt digitalt spørjeskjema som respondentane skulle bruke for å vurdere (sjå vedlegg 5). Etter at haldningstesten var over, førte eg ein kort logg i ein rapport (sjå vedlegg 3). Malen til denne rapporten var inspirert av rapporten som blei brukt i DEP (sjå til dømes Aasmundseth, 2010). Rapportane var utvikla for å hjelpe meg til å hugse sentral informasjon i etterarbeidsfasen.

Før eg starta testen la eg fram for elevane at dei skulle få ta del i ein test, eller eit eksperiment, og at dei ikkje kom til å få vite noko meir om kva dette gjekk ut på før eit stykke ut i testen. Målet med introduksjonen var å gje så lite informasjon om testen som mogleg slik at elevane ikkje skulle få greie på noko om temaet eller føremålet. Derfor valde eg heller ikkje å presentere meg sjølv fordi dette kunne påverke elevane og svara dei ville kome med. Etter introduksjonen fekk elevane lytte til lydprøvene éin gong for å få eit innblikk i gangen i testen.

5.3.2 Masketesten

Masketesten var første del av haldningstesten, og bestod av ei vurdering av stommene frå lydprøvene i tillegg til ein kort del der elevane fekk gjette føremålet med testen.

5.3.2.1 Vurdering

Samstundes som at elevane lytta til lydprøvene, skulle dei krysse av i eit vurderingsskjema som bygde på åtte adjektiv og personlegdomstrekk ved stemmene (klok, sjølvsikker, seriøst, spanande, målretta, kul, til å stole på, likar du henne). Elevane skulle vurdere kvar eigenskap på ein skala mellom kategorien 1 (slett ikkje) og kategorien 7 (svært). Denne vurderingsskalaen er ein *Likert-skala*, som er ein av dei vanlegaste haldningsskalaane som blei utvikla av sosialpsykologen Rensis Likert i 1930-åra (Grønmo, 2016, s. 205). Kategoriene er sett på målenivået *ordinalnivå*, som vil seie at varablane legg vekt på rekkefølga mellom verdiane på skalaen (Grønmo, 2016, s. 443).

Denne vurderingsforma var den same som blei brukt i DEP, og eg valde å bruke den same for å skape grunnlag for samanlikning. Det er likevel verdt å peike på andre tilnærmingar som kunne ha vore aktuelle å bruke. Til dømes kunne representantane sjølve fått velje kva for eigenskapar dei meinte passa til kvar person. På denne måten hadde eg ikkje «låst» kva for eigenskapar som kunne passe til ein person, og respondentane kunne ha kome opp med eigne interessante svar som kunne gitt ein indikasjon på korleis respondentane faktisk vurderer personane og dialektene. Ragnhild Anderson (2010) gjorde ei pilotundersøking i Åsane der ho drøfta metodiske spørsmål knytt til masketesten, og mellom anna undersøkte ho om det var noka hensikt om respondentane fekk karakterisere stemmene dei høyrd framfor å vurdere dei gjennom bestemte vurderingskriterium. Ho fann ut at mykje av dei same karakteristikkane kom fram uavhengig av om respondentane fekk oppgje dei sjølve eller om dei fekk karakteristikkane oppgitt på førehand (Anderson, 2010, s. 105). Utfordringa med å la respondentane kome med frie karakteristikkar, er derimot at det skaper utfordrande etterarbeid. Omfanget på eigenskapar ville også ha vorte mykje større, og det hadde blitt ei utfordring å kategorisere svara fordi ein ville ha fått samla mange ulike svar. Det å bruke vurderingsskalaer med bestemte eigenskapar gjorde det også lettare statistisk ved å generalisere og samanlikne resultat, og det gjorde såleis etterarbeidet enklare. Ettersom eg i denne masteroppgåva måtte avgrense meg, meiner eg det er hensiktsmessig å bruke bestemte vurderingsskalaar. Dessutan gjekk eg bevisst inn i ein metodisk tradisjon frå tidlegare undersøkingar, og då ville samanlikninga med desse verte lettare.

5.3.2.2 Gjetting av føremålet med testen

Etter at respondentane hadde vurdert alle stemmene, fekk dei i oppgåve å gjette føremålet med testen. Dette vart også gjort i tråd med DEP der det i skjemaet var opne skrivesfelt der respondentane fekk moglegheit til å skrive kort sine eigne tankar. Dette var ein viktig del av masketesten nettopp fordi det var sentralt å vite om respondentane visste kva dei hadde vore med på eller ikkje. Dersom nokre av ungdommane hadde mistanke om at testen handla om dialekt eller haldning til dialekter, var det mogleg å fange desse opp og luke dei ut frå resultata. Eit viktig poeng med testen var trass alt at han skulle vere underbevisst utan at det bevisste kom fram på nokon som helst måte.

Fleire har spurt seg om det i det heile er hensiktsmessig at føremålet i masketesten er maskert. Hovudmålet med pilotundersøkinga til Anderson (2010) var å undersøke om det hadde noko føre seg om respondentane på førehand fekk kjennskap til føremålet til masketesten eller ikkje. I Åsane vart det eksperimentert med masketestar med ulike medvitsnivå i tre forskjellige grupper. Konklusjonen i dette eksperimentet var at det ikkje spelte noka rolle for resultatet av masketesten om respondentane kjende til føremålet eller ikkje, fordi det viste seg ikkje å vere nokon klåre mønsterskilnadar mellom dei ulike medvitsgruppene. Derimot argumenterte Anderson for at det heller er sjølve testforma enn kunnskapsnivået til respondentane som er avgjerande for om testen avdekker bevisste eller underbevisste haldningar ettersom framgangsmåten i masketesten er lagt opp på ein måte som gjer at respondentane stressar og ikkje rekk å tenke på det eigentlege føremålet med testen (Anderson, 2010). Utfordringa med å gjere ein masketest der respondentane på førehand veit føremålet, er at ein då berre får skaffa bevisste språkhaldningar. Underbevisste haldningar kan berre kartleggast når respondentane ikkje er bevisste på at det faktisk er haldningane deira som vert undersøkte. Alternativt kan det vere ei løysing å kome opp med ein ny metode for å skaffe underbevisste haldningar.

Sjølv om Anderson stilte seg kritisk til sjølve forma til masketesten, valde eg likevel å gjere masketesten på den tradisjonelle måten. I mitt prosjekt var det ikkje rom for å eksperimentere med ulike medvitsnivå, men eg ønskta å kunne opne for samanlikning mellom resultata frå dei som ikkje gjetta føremålet med resultata til dei som klarte å gjette føremålet med testen. På denne måten kan eg diskutere i kva grad det skjulte føremålet med testen hadde noko å seie eller ikkje.

5.3.3 Dialektlassering

Etter at masketesten var ferdig, vart føremålet med testen avslørt. Då respondentane var blitt bevisste på at temaet for testen var *dialekt* eller *haldningar til dialekt*, skulle dei gjennom ei gjennomlytting forsøke å plassere stemmene frå lydprøvene i masketesten geografisk. I DEP skulle respondentane plassere dialektene ved hjelp av opne kategoriar der respondentane skreiv fritt i tekstfelt. I Danmark vart det brukt lukka kategoriar der respondentane skulle identifisere om stemmene snakka Københavnsk (riksdansk), eller om stemmene snakka dialekt frå det lokale området der masketesten var gjennomført (Kristiansen, 2009, s. 176). I mitt prosjekt valde eg å bruke lukka kategoriar med fem svaralternativ – alternativ frå dei stadane som stemmene i lydprøvene representerte (Herøy, Sande, Ulstein, Ålesund og Austlandet).

Det er fleire fordelar ved å bruke lukka kategoriar i dialektplasseringa framfor opne. Ein kan mellom anna luke ut uvesentlege svar som kunne ha dukka opp med opne kategoriar. Med eit ope skrivefelt kunne elevane ha skrive kva som helst, også ting som ikkje hadde hatt noko tilknyting til aktuelle geografiske stadar. Det ville også vore eit problem å vurdere språkhaldningane dersom ungdomane ikkje hadde klart å kjenne att dialektene. Målet med dialektplasseringa var trass alt å vurdere om ungdomane kunne kjenne att språktrekk frå dei aktuelle dialektene, og ikkje frå område som ikkje har med prosjektet å gjere.

I DEP erfarte dei at opne linjer i dialektplasseringa gjorde kategoriseringa utfordrande i etterarbeidet, og derfor meiner eg det var hensiktmessig å bruke lukka kategoriar der elevane kryssa av ved bestemte svaralternativ. I følge Kristiansen (2009, s. 176) kan ein rekne med at ein gjenkjenningsprosent på over 50 gir ein god indikasjon på at dialektene har spelt ei rolle under vurderinga, og dette ville eg ta omsyn til i presentasjonen og drøftinga av resultata.

5.3.4 Dialektrangering

Etter dialektplasseringa skulle elevane rangere dialektene frå lydprøvene, og eg fekk på denne måten kartlagt ungdomane sine bevisste haldningar. Dialektrangeringa skulle skje i to omgangar. Først skulle ungdomane gjere ei estetikkrangering der dei først skulle vurdere kva for dialekter dei syntest var finast og minst fine, og deretter gjere ei statusrangering som bygde på kva dialekter elevane trudde hadde mest og minst status i landet blant folk flest. Dialetene skulle rangerast på ein skala frå 1-9, der 1 var finast/høgast status og 9 var minst fin/lågast status. I DEP var rangeringa omvendt: Lågast tal var vurdert som minst fin/høgast status, og høgast tal var vurdert som finast/lågast status. For at det skulle vere samsvar med

vurderingsskjemaet i masketesten, valde eg i mitt prosjekt å bruke like verdiar på skalaene. På denne måten unngjekk eg også at respondentane vart forvirra av dei ulike vurderingsverdiane i skjemaet.

Dialektene som respondentane skulle rangere på bevisst nivå, var (i tillegg til Herøy-dialekt, Sande-dialekt, Ulstein-dialekt, Ålesund-dialekt og austlandsksk), bergensk, nordnorsk, trøndersk og sørlandsksk. Dei andre dialektene utanfor dette prosjektet vart tekne med fordi dette er dialekter i Noreg som dei fleste kjenner til, samstundes som at dialektene dekker fleire delar av landet enn berre Sunnmøre. I framlegginga av resultata og i drøftinga er det lite hensiktsmessig å trekke inn dei andre dialektene som ikkje hadde nok tilknyting til prosjektet, og dei vert derfor ikkje tekne omsyn til.

5.3.5 Korte bakgrunnsopplysingar

Etter at testen var over, skulle respondentane fylle ut nokre bakgrunnsopplysingar på siste side i skjemaet. Bakgrunnsopplysingar kan ha nytteverdi for haldningsundersøkingar fordi dei opnar for samanlikning mellom bestemte sosiale variablar. Bakgrunnsopplysingane som respondentane skulle fylle ut i denne oppgåva, var kjønn, fødselsår og om respondenten hadde budd i Herøy sidan vedkomande var 6 år gammal.

Variabelen *kjønn* er teken med for å kunne studere i kva grad det var likskapar mellom kjønna og resultata frå testen. Aasmundseth (2010) fann marginal eller ingen korrelasjon mellom kjønn og språkhaldning, men eg vel likevel å undersøke dette i mitt prosjekt for å anten styrke eller svekke denne samanhengen.

Variabelen *fødselsår* er vald for å stadfeste året respondentane var fødde, i tillegg til at dette vidare kan vere nyttig for framtidige granskinger. For dette prosjektet, der det er éi aldersgruppe som er i fokus, vil ikkje fødselsår-variabelen ha nokon nyttig verdi, og av den grunn vel eg i analysen og drøftinga å sjå vakk ifrå variabelen.

Den siste variabelen, om respondenten har budd i Herøy sidan vedkomande var 6 år gammal, er vald for å kunne luke ut dei respondentane som ikkje har nok nært forhold til Herøy og andre dialekter på Søre Sunnmøre. Variabelen kan verke banal, men han kan likevel ha ein nyttig verdi. I følge Bugge (2016, s. 74) er det grammatiske systemet til eit barn før fylte 6 år antatt å vere i ei etableringsfase, medan talemålet etter 6-årsalderen er meir eller mindre homogenisert og stabilisert. 6-års alderen markerer altså eit viktig skilje der det kan ha betydning for om respondenten har flytta til Herøy før eller etter denne perioden. Variabelen er likevel ikkje einsformig og uproblematisk, fordi han fortel oss ingenting om *kvar* respondenten

flytta ifrå før tilflytting til Herøy. Respondenten kan ha flytta frå eit anna land eller ein annan landsdel, eller frå ein av nabokommunane. Dersom respondenten flytta frå til dømes Ulstein til Herøy i ein alder av 7 år, kan vedkomande likevel ha eit nært forhold til både Herøy, Ulstein og resten av området på Søre Sunnmøre.

5.3.6 Førebuing av haldningsgranskingstesten

Haldningstesten bygger på førebuande arbeid som det er verdt å trekke inn i oppgåva. Dette handlar om korleis eg utforma språkprøver og digitalt spørjeskjema som skulle brukast i testen.

5.3.6.1 *Utforming av språkprøver*

Ein stor del av forarbeidet til testen var å utforme språkprøvene til lytteprøva. Lytteprøva bestod av femten ulike stemmer som representerte fem norske dialekter frå følgjande område: Herøy, Sande, Ulstein, Ålesund og Austlandet. Sande og Ulstein, i tillegg til Herøy, representerer lokale talemål, medan Ålesund representerer regionstalemålet og Austlandet det nasjonale talemålet.

Det er fleire grunnar til at akkurat desse dialektene er plukka ut for prosjektet. I DEP var det bestemt at det var fem varietetar som skulle vere med i masketesten, og at det skulle vere tre stemmer som representerte same varietet. 15 stemmer til saman verka som ei rimeleg avgrensing, og med fleire enn dette ville ein stå i fare for at det ville bli for mykje for respondentane å lytte til. Eg har derfor valt å gjennomføre min masketest i tråd med desse retningslinjene.

Grunnen til at eg tek med dialektene i Sande og Ulstein, er fordi dette er naboopposisjonar for Herøy. Dette er også område som ungdomane i Herøy har nær kontakt med, då ungdom frå desse tre områda møter kvarandre i skulesamanheng og elles på fritida. Det kan dermed vere interessant å sjå kva haldningar ungdomane har til dialektene til dei individua som dei møter på i kvardagen, og særleg i kva grad dette gir positivt eller negativt utslag. Det er også interessant å ta med dialekta i Ålesund i dette prosjektet for å undersøke i kva grad haldningar ungdomane har til regionsdialekta kan henge saman med ein regionaliseringstendens.

Dialekta på Austlandet er vald med for prosjektet for, slik som grunngjeve i DEP, å studere i kva grad det nasjonale talemålet i landet kan påverke haldningar til ungdom i distriktet. Dette kan også opne for samanlikning med dei tidlegare prosjekta, i tillegg til at denne informasjonen

vil kunne skape eit grunnlag for vidare eller andre typar forsking om det nasjonale talemålet sin påverknad på talemåla på vestlandet.

Eg måtte også utforme lydprøva for haldningstesten. Eg sjølv valde ut personar for innspelingar av lydprøva, og desse personane plukka eg ut på bakgrunn av kriteria i DEP (Anderson & Bugge, 2015). Personane bak stemmene skulle vere same kjønn og i same aldersgruppe (20-30 år), og stemmekvaliteten til dei utvalde personane skulle vere nokså lik. Dette vart teke omsyn til då eg rekrutterte personar til å spele inn opptak. Måten eg rekrutterte desse personane på, var å ta kontakt gjennom sosiale medium. Grunnen til at det var viktig at stemmene til personane konsekvent var mest mogleg like, var for at ungdomane under testen ikkje skulle kunne henge seg opp i spesielle trekk ved stemmene. Likevel var det ikkje meiningsa at stemmene skulle vere *for* like. Dette kunne gjere at respondentane lettare fekk fokus på dei språklege forskjellane, ettersom det einaste som ville ha skilt stemmene frå kvarandre, hadde vore at dei snakka med ulike dialekter.

Språkprøvene, i likskap med DEP, inneheldt konstruerte telefonsamtalar som bygde på fem nøkkelpunkt (Anderson & Bugge, 2015, s. 247-249). For det første skulle personen ringe og invitere med ein venn til å sjå filmen *Max Manus* på kino. For det andre skulle det i samtales verte einigkeit om tidspunkt, og for det tredje einigkeit om møtestad for kinoen. For det fjerde skulle det i samtales verte einigkeit om korleis personen og vennen skulle få tak i billettar. Til slutt skulle personen gje ei kort beskriving av kvar kinoen fann stad. Innspelinga skulle bygge på same tema, men dei vart lagde fram på ulike måtar, ettersom det ikkje skulle føreligge manus for innspelinga. Dette var gjort bevisst for at det i telefonsamtalen skulle vere ei mest mogleg naturleg samtaleføring. Dersom personane hadde lese opp det same manuset, kunne dette ha gjort at respondentane fanga opp eit bestemt mønster. Det er også stor skilnad på opplesen tekst og spontan tale, der dialekt og språktrekk kjem mest naturleg fram når personar snakkar fritt utan opplesing.

Tidspunkt og møtestad for dei enkelte lydinnspelingane vart avtalt på førehand. Det blei gjort opptak av tretten nye stemmer – to av stemmene, som representerte Austlandet, var lånt frå lydprøva som Fossheim (2010) brukte i sin masketesten i Midsund. Kvart opptak vart redigert slik at det varte i 15 sekund. Det vart tatt mellom tre og fem opptak per person, slik at det var nok data til å redigere og konstruere representative språkprøver.

I rekkefølga til lydprøva var det ingen av varietetane som kom i same rekkefølge nokon gong. Dette var for å unngå at respondentane kunne oppfatte noka form for mønster som dei kunne reagere på under testen. Rekkefølga var sett opp på same måte som i DEP, med fylgjande

mønster; A-B-C-D-E-C-A-E-B-D-A-D-C-B-E. Rekkefølga for avspelinga av språkprøvene er vist i tabell 5.1:

Tabell 5.1: Oversikt over dei femten språkprøvene i rekkefølge for avspeling.

Språkprøve	Varietet
1	Herøy
2	Sande
3	Ålesund
4	Ulstein
5	Austland
6	Ålesund
7	Herøy
8	Austland
9	Sande
10	Ulstein
11	Herøy
12	Ulstein
13	Ålesund
14	Sande
15	Austland

5.3.6.2 Utforming av digitalt spørjeskjema

I DEP var det brukt vurderingsskjema på fysisk papir som respondentane fekk levert ut, men eg valde å opprette ein digital versjon av spørjeskjemaet gjennom verktøyet *SurveyXact* (sjå vedlegg 5). Respondentane kunne då svare på undersøkinga gjennom anten datamaskin eller smarttelefon. Eg som testleiar viste nettsida som respondentane skulle gå inn på for å svare på undersøkinga, i tillegg til at eg gav elevane ei nøkkelkode, som dei måtte skrive inn for å få tilgang.

Det er fleire grunnar til at eg valde å bruke eit digitalt spørjeskjema. For det første vil dette lette etterarbeidet fordi dataa skriv seg rett inn i programmet eg bruker. Dette gjer det enklare både å behandle og å framstille dataa. For det andre gjorde eit digitalt spørjeskjema at eg kunne samle respondentane i eitt felles rom. Det ville ha vore tidkrevjande å skulle dele ut og samle inn spørjeskjemaa frå så mange elevar i eitt rom, og derfor valde eg å sende ut spørjeskjema digitalt ved hjelp av ei lenke. Forskjellen mellom gjennomføringa av testen min

og testane i DEP, er at eg utførte testane åleine utan medarbeidrarar. Sidan det av hensiktsmessige årsaker var sentralt å gjere testen på eitt og same tidspunkt på den enkelte skulen, var eg dermed avhengig av å få samla alle elevane framfor å gå innom enkelte klasser. For det tredje kunne eg nytte meg av berre eitt skjema når eg brukte ein digital versjon. I DEP var det ikkje berre brukt eitt spørjeskjema, men to – eitt for dei underbevisste haldningane (masketesten) og eitt for dei bevisste haldningane (dialektpllasseringa og dialektrangeringa). Dette var for at respondentane ikkje skulle kunne blade i heftet for å få greie på føremålet med testen. Eg meiner det var mest gunstig å bruke eitt spørjeskjema, ettersom eg nytta meg av ein digital versjon av spørjeskjemaet. Ein funksjon i programmet eg brukte gjorde at respondentane ikkje kunne trykke tilbake i skjemaet for å endre på tidlegare svar, og dermed var det mogleg å bruke berre eitt skjema. Likevel opplevde eg nokre utfordringar med å ha eit digitalt spørjeskjema, men dette kjem eg inn på under drøfting av forskingsopplegget i kapittel 7.3.

5.4 Datainnsamling: Gruppesamtalane

Gruppesamtalane med elevane gjekk ut på å få djupneinformasjon om ungdomane sine bevisste språkhaldningar, og dette gjekk føre seg ved at eg hadde tre klasseromsdiskusjonar med tre klasser. Gruppesamtalane gjekk føre seg på ulike tidspunkt og i ulike timer etter avtale med lærarane. Det var også eg sjølv som var leiar for gruppesamtalane, men timelærarane var også til stades i klasseroma. Som nemnt i kapittel 5.2 gjekk gruppesamtalane føre seg på Ytre Herøy ungdomsskule etter at eg hadde hatt haldningstesten i første time 2. desember 2022. Samtalen med klasse 10A gjekk føre seg i andre time. Samtalen med klasse 10B gjekk føre seg i tredje time, medan samtalen med klasse 10C tok til i femte time.

Eg oppretta åtte diskusjonsspørsmål (vedlegg 6) som skulle ligge til grunn for gruppesamtalane. Først delte eg ut diskusjonsspørsmåla til elevane der dei sat gruppevis rundt i klasserommet. Elevane fekk 15 minutt på å studere spørsmåla, og dei skulle diskutere spørsmåla med kvarandre og notere stikkord på arka. Etterpå hadde eg ein felles diskusjon med klassa i 15 minutt. Som testleiar styrte eg diskusjonen, og etter kvart som elevane kom med innspel, skreiv eg ned svara på eit felles dokument som eg viste på storskjerm i klasserommet. I dokumentet noterte eg under dei same spørsmåla som elevane hadde fått utgitt på papir. Målet med diskusjonen var ikkje å samle data frå éin og éin informant, men heller å utvikle eit felles svar som representerte haldningane til dei enkelte klassene. Dette var grunnen til at eg valde å kalle datainnsamlingsmetoden for *gruppesamtale* framfor *intervju*. Det var viktig at svaret eg

skreiv ned, var representativt for alle elevane i klassa, og eg måtte få stadfesting frå elevane om at svara var godkjende, og at dei kunne representere svaret til klassa på ein god måte.

Etter at ein gruppesamtale var over, informerte eg om at elevane kunne, viss dei ville, levere inn spørsmålsarka til meg dersom dei hadde notert noko interessant. I tillegg brukte eg, slik som etter haldningsgranskinga, ein rapport der eg skreiv logg etter gruppesamtalen med kvar klasse (vedlegg 4).

Samla sett hadde eg notata mine frå gruppesamtalane, notat frå elevane og rapportar som eg kunne bruke til etterarbeid. I analysen legg eg ikkje fram alle svara frå gruppesamtalane – det vert svært mykje informasjon å presentere. Eg vil derimot plukke ut den informasjonen som eg meiner utmerkar seg og som kan vere interessant for temaet som oppgåva bygger på. Eg vil også presentere eit samla resultat for alle klassene framfor svara frå éi og éi klasse.

Det vart ikkje samla inn personlege opplysingar i denne datainnsamlinga, og resultata kan ikkje sporast tilbake til eit enkelt individ – berre til klasse, tid og stad. Dette gjorde eg også klart for informantane i forkant av datainnsamlinga. Dersom nokon av elevane noterte namn eller andre personlege opplysingar på spørsmålsarka, ville slik informasjon verte ekskludert frå analysen.

5.5 Etiske utfordringar

I dette prosjektet finst det etiske utfordringar som det er viktig å reflektere over. Grønmo (2016, s. 32-33) peiker på *audmjukskap* og *ærlegdom* som døme på forskingsetiske normer. Dette går ut på at forskaren i eit forskingsprosjekt skal vere tydeleg og open om forskingsprosjektet overfor aktørane, og at ein ikkje skal legge skjul på noko i forskinga. I masketesten kunne ein oppfatte at eg bevisst gjekk fram for å få elevane til å tru at dei var med på noko anna enn dei eigentleg var, ved at eg heldt tilbake sentral informasjon om føremålet med eksperimentet. Likevel var dette eit tilfelle der tilbakehalding av informasjon var sentralt for nettopp å skaffe den informasjonen eg var ute etter. Det at eg valde å gjere eksperimentet likt som i DEP, var også med på å avgrense den metodiske innfallsvinkelen. Aktørane vart informerte berre om at dei skulle få vere med på eit eksperiment, men dei vart lovde å få svar på det dei lurte på etter at eksperimentet var ferdig. På denne måten vart ikkje aktørane direkte lurt, og dei fekk til sjuande og sist vite alt om prosjektet. Trass i at ein kan diskutere slike etiske aspekt i metoden i prosjektet, meiner eg det var hensiktsmessig og rimeleg at eg gjekk fram i prosjektet på den måten eg gjorde, nettopp for å få dei nødvendige dataa eg var ute etter.

Det er også strenge kriterium når det gjeld samtykke i all samfunnsvitskapleg forsking. Dette gjeld dersom ein samlar inn sensitive eller private opplysingar. Om ein inkluderer aktørar som ikkje er myndige i forskinga, er ein pliktig til å få skriftleg løyve frå foreldre eller føresette. I dette prosjektet vart det ikkje samla inn informasjon som gjekk på individa sine privatliv, og det var derfor ikkje naudsynt med formelle samtykkeskjema. Det vart samla inn korte bakgrunnsopplysingar om individet, men ingen av desse opplysingane gjorde at ein kunne spore tilbake til det enkelte individet. Av den grunn meiner eg at dei bakgrunnsopplysingane eg skulle samle inn, vart gjort på forsvarleg måte, og at dei då står innanfor dette etiske prinsippet. Av formelle årsaker har eg likevel registrert prosjektet mitt i UiB RETTE, som behandlar personopplysingar i forskingsprosjekt som vert gjort ved Universitetet i Bergen.

5.6 Behandling av datamaterialet

Dei innsamla dataa frå haldningstesten vert behandla i statistikkprogrammet SPSS. Ved hjelp av dette programmet får eg nytte ulike testar for statistisk signifikans. Målet med å teste for signifikans er å vurdere i kva grad eg kan generalisere ungdomane frå datainnsamlinga (utvalet) til populasjonen (10.-klassingar i Herøy kommune).

5.6.1 Ikkje-parametriske testar

I SPSS nyttar eg meg av ikkje-parametriske testar. Dette gjer eg fordi parametriske testar berre vert brukt med variablar på intervallnivå (Hinton, 2004, s. 210), noko som ikkje er tilfelle i denne oppgåva. I denne oppgåva opererer eg med variablar på *ordinalnivå*, som vil seie at vi ikkje veit kor stor eller liten verdien mellom variablane er (Hinton, 2004, s. 211). Det vil seie at på ein skala frå 1-7 veit vi ikkje om det er større avstand mellom til dømes rangeringa 3 og 4 og mellom 5 og 6. Det einaste vi veit er at 4 vert vurdert høgare enn 3, 5 er vurdert høgare enn 4 og 6 er vurdert høgare enn 5.

Grunnen til at eg bruker ikkje-parametriske testar, er at haldningar ikkje kan verte målt på intervallnivå. Ved parametriske testar jobbar ein med variablar på intervallnivå, som vil seie at det er ein fast verdi mellom variablane. Dette eignar seg der ein opererer med til dømes tal og inntekt. Ein kan til dømes seie at 20 kr er dobbelt så mykje som 10 kr, fordi det er ein fast verdi mellom kvar krone, men ein kan ikkje seie i ei haldningsgranskning at ei vurdering på 4 er vurdert som dobbelt så bra som vurdering 2.

5.6.2 Friedman-test

Friedman-test er ein type ikkje-parametrisk test der ein undersøker rangeringar i forhold til kvarandre. Ein ser altså ikkje på verdiane den enkelte respondenten har oppgitt, men korleis dei enkelte kryssa stiller seg i forhold til dei andre kryssa som respondenten har sett.

Hinton (2004, s. 241-245) har vist reknestykket som ligg bak Friedman-testen, men denne utrekninga har programmet SPSS gjort automatisk. Målet med Friedman-testen i denne oppgåva er heller ikkje å gjere sjølve utrekninga, men heller korleis ein skal tolke resultata frå testen. Utrekninga i SPSS er vist i ein tabellar som fortel kva for rangering dei ulike variablane har, og ein kan slik måle dei opp mot kvarandre. Variabelen med høgast tal viser høgast vurdering, og lågast tal viser lågast vurdering. Tabellane viser også kor mange einingar det er oppgitt og rekna ut ifrå, og dette talet er vist ved N . I tillegg viser tabellane signifikansverdien for resultata i rangeringa.

5.6.3 Mann-Whitney-test

For å teste for kjønnsforskjelar mellom språkhaldningane til ungdomane i Herøy, nyttar eg meg av Mann-Whitney-testen. Mann-Whitney-testen hjelper oss å finne ut kor mange av deltakarane frå den eine gruppa som har høgare rangering samanlikna med deltakarane frå den andre gruppa (Hinton, 2004, s. 217). Målet her er også å kunne tolke resultata frå testen. Slik som i Friedman-testen, viser høgast tal høgast score, og lågast tal viser lågast score. For å eventuelt konkludere med kjønnsforskjellar i vurderingane, er det sentralt at det er ein signifikant forskjell mellom vurderingane. Motsett viser ikkje-signifikante resultat at det ikkje er forskjell mellom vurderingane. Eg vil presentere kva for signifikansnivå eg opererer med i kapittel 5.6.6.

5.6.4 Wilcoxon signed-pair-testen

Wilcoxon-testen fungerer som ein ettertest etter Friedman. Der Friedman-testen gjorde at eg fekk teste signifikansen for den opplista rangeringa, bruker eg Wilcoxon signed-pair-testen for å teste i kva grad det er signifikant mellom kvar av dialekten eller kvar av stemmene i rangeringa. Wilcoxon-testen er altså ein parvis test der ein testar to variablar som ligg ved sida av kvarandre i rangeringa (Hinton, 2004, s. 224). I mitt prosjekt bruker eg Wilcoxon-testen ved at eg til dømes testar varieteten som vert rangert på første plass med den som kjem på andre plass

frå Friedman-testane. Dette gjer eg for å finne ut om avstanden frå Friedman-testen er signifikant.

5.6.5 Omkoding av variablar

I haldningstesten er det eit mål å bruke mest mogleg fastsette variablar både for å få mest mogleg konkret data og for å sleppe utfordrande etterarbeid. Det er likevel nødvendig å omkode éin variabel, og dette er frå der respondentane skulle gjette føremålet med testen. Dette er likevel ein sentral variabel å ha med i testen for at eg skal kunne klare å skilje dei som har, og dei som ikkje har, ein tanke om kva testen gjekk ut på.

Det er to kriterium som står sentralt for å avgjere om enkeltrespondenten har avslørt føremålet eller ikkje. Først og fremst har respondenten avslørt testen dersom vedkomande har nytta omgrepa «dialekt», «språk» eller «talemål». Eg vel å ikkje la tilsvarande termar til «dialekt» gjelde i denne avgjersla (jf. kapittel 3.2.6). For det andre vert respondentar som har brukt ordet «haldning/ar» tekne for å ha avslørt føremålet. For å kunne skilje desse to gruppene frå kvarandre, får dei som ikkje avslørte føremålet, verdien 1, og dei som avslørte føremålet, verdien 2.

5.6.6 Signifikansnivå

Når vi nyttar oss av hypotesetesting i eit forskingsprosjekt, må vi setje eit signifikansnivå som «angir hvor stor sannsynligheten er for å ta feil når nullhypotesen forkastes» (Grønmo, 2016, s. 444). Signifikansnivået seier altså noko om kor sikre vi er i slutninga vår. Eit vanleg signifikansnivå å operere med, er på fem prosent, som då vil seie at det er mindre enn fem prosent sannsyn for at vi tek feil når vi forkastar nullhypotesen (Grønmo, 2016, s. 347). Når vi bruker dette signifikansnivået, set vi eit sikkerheitsnivå på 95 prosent ved estimering.

I denne oppgåva opererer eg med eit signifikansnivå på 0,05, altså $p < 0,05$. Dette vil seie at det vil vere 5 % eller mindre sannsyn for at rangeringane er sett tilfeldig. Dersom p er større enn 0,05, må altså nullhypotesen verte forkasta. I tillegg til eit signifikansnivå på fem prosent, vel eg å setje ei grense på ti prosent som illustrerer ein indikasjon på tendensar i at sannsynet for rangeringa er tilfeldig. Då vil p vere mindre enn 0,1.

5.7 Hypotesar

Ein vanleg generaliseringsmetode for statistiske analysar er *hypotesetesting*, som «går ut på å avklare om en sammenheng mellom ulike egenskaper ved utvalget er sterk nok til at sammenhengen også kan antas å gjelde for de tilsvarende egenskapene ved universet» (Grønmo, 2016, s. 245). For dette prosjektet er det tre hypotesar som er knytte til problemstilling 1 og den kvantitative delen av prosjektet. Alle hypotesane baserer seg på sentrale funn frå tidlegare forsking.

Til problemstilling 2 har eg ikkje formulert nokon hypotese, ettersom eg her vil tolke dataa meir kvalitativt framfor å analysere statistisk. Resultata frå gruppесamtalane vert likevel presentert i resultatkapitelet ettersom desse kan verte brukte til å kome inn på aspekt som kan gje ei djupare innsikt i drivkrafta bak haldningane til ungdomane under drøftinga.

Hypotese 1

Dei norske resultata har skilt seg frå dei danske ved at stemmene, også av dei som har representert same varietet, har vorte vurderte svært ulikt (Anderson & Bugge, 2015). Forskjellen er altså at ein i Noreg ikkje kan finne noko klårt og einsformig mønster mellom dei bevisste og dei underbevisste språkhaldningane slik som i Danmark. Til dømes kunne ein i Stavanger og Hå sjå at lokale varietatar toppa lista på masketesten, medan dei lokale varietetane i Bergen og Øygarden vart rangert lågast (Anderson & Bugge, 2015, s. 256). På ei anna side viste resultata frå Midsund eit noko felles mønster mellom dei bevisste og underbevisste haldningane, der berre plasseringa av austlandsk skilde seg mellom dei bevisste og underbevisste haldningane (Fossheim, 2010). På bevisst nivå toppa den lokale dialekta, etterfylgt av regionsdialekta (Molde), sunnmørsk og austlandsk. På underbevisst nivå vart også den lokale dialekta rangert høgast, etterfylgt av austlandsk, regionsdialekta og sunnmørsk.

Det er altså utfordrande å skulle sette ei hypotese basert på retninga og mønsteret i dei bevisste og underbevisste haldningane, ettersom respondentar tidlegare har vurdert varietatar ulikt på ulike stadar på vestlandet. Det er også ei utfordring ettersom varietetane som er tekne med, skil seg frå kvarandre. I mitt prosjekt vel eg derfor å undersøke om ein kan finne eit liknande mønster innover i same fylke, og baserer derfor hypotesen min på resultata til Fossheim (2010) frå Midsund. Under hypotese 1 vel eg å sette opp retningsbaserte hypotesar som er basert på resultat frå tidlegare gransking (H1.1 og H1.2). Når eg refererer til bevisste

haldningar, siktar eg til estetikkvurderinga frå dialektrangeringa i testen. Hypotese 1 (H1), saman med hypotese 1.1 (H1.1) og 1.2 (H1.2) er formulert slik:

H1 Det er ein forskjell på dei bevisste og underbevisste haldningane til ungdomane i Herøy

H1.1 På bevisst nivå vil ungdomane frå Herøy vere mest positive til si eiga lokaldialekt og minst positive til austlandsksk

H1.2 På underbevisst nivå vil ungdomane frå Herøy vere mest positive til si eiga lokaldialekt og minst positive til dialekta i Ålesund

Hypotese 2

I Åsane fann Ragnhild Anderson ut at det ikkje viste seg å vere nokon klåre mønsterskilnader mellom respondentar som fekk vite føremålet med testen på førehand og respondentar som gjekk inn i testen med eit maskert føremål (Anderson, 2010). For å teste i kva grad dette kan stemme med mine resultat, ønsker eg å samanlikne resultata til respondentane som *ikkje* har avslørt føremålet med testen opp mot respondentane som *har* avslørt føremålet under testen. Med dette som utgangspunkt formulerer eg hypotese 2 (H2) på denne måten:

H2 Det er ingen forskjell på underbevisste haldningar om respondentane har avslørt føremålet med testen eller ikkje

Hypotese 3

Resultata frå DEP viste at det ikkje var nokon klår samanheng mellom kjønn og språkhaldning (Aasmundseth, 2010). Eg ønsker likevel å undersøke i kva grad det kan det kan vere ein samanheng mellom dette i mitt prosjekt og set derfor opp hypotese 3 (H3) slik:

H3 Det er ingen samanheng mellom kjønn og underbevisste språkhaldningar blant ungdomane frå Herøy

Hypotese 4

I studien til Aasmundseth (2010) viste statusrangeringa at elevane vurderte regionstalemålet (bergensk) på førsteplass når det gjaldt status, austlandsk på andre plass og den lokale dialekta på siste plass. Fossheim (2010) undersøkte også statusrangering i prosjektet sitt, men presenterte ingenting om resultata frå dette. Eg ønsker å undersøke om ungdomane frå Herøy har liknande rangeringar som hos Aasmundseth, og eg set derfor opp hypotese 4 (H4) saman med hypotese 4.1 (H4.1) slik:

H4 Ungdomane frå Herøy vurderer dialektene ulikt på statusvurdering

H4.1 Ungdomane frå Herøy vurderer Ålesund som den dialekta med høgast status, etterfylgt av austlandsk, og til slutt dialekta i Herøy som lågast status

Kapittel 6: Resultat og analyse

I dette kapittelet vert resultata frå datainnsamlinga lagde fram. Først vert resultata frå haldningstesten presentert. Etterpå vert resultata frå gruppесamtalane lagde fram, der eg strukturerer resultata etter dei åtte diskusjonsspørsmålа som låg til grunn for samtalane. Resultata er ei samling av svara til dei tre klassene, og dei består av ei oppsummering av det mest sentrale og det mest gjennomgående som kom fram i gruppесamtalane.

Eg har valt å kalle kapittelet *resultat* og *analyse* av di eg både presenterer resultat frå datainnsamlinga og analyserer resultata ved hjelp av ulike testar i SPSS. Sjølve drøftinga kring resultata vert gjort i eige kapittel (kapittel 7). Det kan også vere verdt å nemne at alle tabellane i kapittelet har eit system som bygger på at høgast tal viser høgast score og omvendt.

6.1 Masketesten

For å få eit innblikk i korleis respondentane har vurdert dei fem varietetane, har dei femten stemmene frå lydprøva vorte sorterte etter varietet og framstilte i ein tabell. Som omtala i metodekapittelet var det eit sentralt poeng at respondentane i masketesten ikkje skulle vite noko om kva testen gjekk ut på. Derfor har eg i denne framstillinga valt å plukke vekk respondentar som klarte å gjette føremålet med testen, og denne vurderinga blei gjort etter kriteria som vart presenterte i kapittel 5.6.5.

Når eg i tillegg har utført ei haldningsgransking innan eit geografisk avgrensa område, må eg på best mogleg måte forsikre meg om at respondentane som er med i testen, faktisk har ei nær tilknyting til området. Derfor er respondentar som rapporterte at dei ikkje hadde budd i Herøy frå fylte seks år, også tekne vekk frå framstillinga.

Tabell 6.1 viser korleis ungdomane i Herøy vurderte dialektene i Herøy, Sande, Ulstein, Ålesund og på Austlandet på underbevisst nivå. Under tabellen ser vi også talet på respondentar som resultata er rekna ut ifrå (N), i tillegg til signifikansen til rangeringa i tabellen (p). Kriteria for signifikansen eg reknar ut ifrå, blei presentert i kapittel 5.6.6.

Tabell 6.1: Underbevisste haldningar fordelt på dei fem dialektene

SA	AU	HE	UL	ÅL
3,36	3,30	3,16	2,95	2,23

Friedman-test ($N = 37$, $p < 0,01$)

Resultata frå tabell 6.1 viser at respondentane har vurdert dialekta i Sande (SA) høgast. Deretter kjem austlandsk (AU) på andre plass, dialekta frå Herøy (HE) og Ulstein (UL) på fylgjande tredje- og fjerde plass, og så regionsdialekta i Ålesund (ÅL) på femte og siste plass. P for denne testen er også $< 0,01$, som vil seie at rangeringa frå dialektene i tabellen er signifikant, fordi verdien ligg under signifikansgrensa på 0,05. Ein kan også teste for signifikans mellom dialektene i rangeringa ved hjelp av Wilcoxon signed-ranks-test i SPSS. Dette gjev følgjande resultat:

SA / AU / HE / UL > ÅL

(> = signifikant, / = ikkje signifikant. Der forskjellen er signifikant, er $p < 0,02$)

Ut ifrå Wilcoxon-testen, der vi ser ikkje-signifikante resultat mellom dei fleste varietetane, kan vi ikkje med sikkerheit seie at ungdomane, med ei slik rangering, har vurdert nokon av dei tre lokale dialektene betre enn andre. Vi kan ikkje med sikkerheit seie at dialekta i Sande faktisk vart vurdert høgare enn dialekta frå Austlandet, eller at dialekta frå Austlandet vart vurdert høgare enn dialekta i Herøy, eller at dialekta i Herøy var vurdert høgare enn dialekta i Ulstein. Dette veit vi fordi p-verdien mellom desse varietetane har vore større enn 0,05.

Wilcoxon testar berre for signifikans mellom to varietatar, og eg har berre testa for signifikans mellom varietetane etter korleis dei var rangerte i tabell 6.1. Vi veit dermed ikkje om det er signifikans mellom til dømes dialekta i Sande og dialekta i Herøy. Med denne Wilcoxon-testen veit vi med sikkerheit at dialekta i Ulstein vart vurdert signifikant høgare enn dialekta i Ålesund, fordi $p > 0,02$. Det vil seie at også dei andre dialektene i rangeringa vil vere signifikant høgare vurdert enn Ålesund. Vi kan dermed fastslå at regionsdialekta vart vurdert lågast av alle dialektene på underbevisst nivå av ungdomane i Herøy.

Vi kan heller ikkje ta for gitt at det berre var dialekta som spelte ei rolle då ungdomane skulle vurdere stemmene frå lydprøva. Vi må vere klare over at andre faktorar kan ha spelt inn i vurderingane. Det er ikkje nokon hypotesar som er knytte til nettopp dette, men det kan likevel fortelje noko om i kva grad dialektene har spelt ei rolle i vurderinga eller ikkje. Der tabell 6.1 viser resultat fordelt på dei fem dialektene, viser tabell 6.2 resultata fordelt på dei femten språkprøvene utan at dei er slått saman på bakgrunn av dialekt. Måten resultata i tabell 6.2 er vist, er etter dei same prinsippa som tabell 6.1.

Tabell 6.2: Underbevisste haldningar fordelt på dei femten språkprøvene

P7 HE	P13 ÅL	P11 HE	P5 AU	P8 AU	P14 SA	P2 SA	P4 UL	P15 AU	P12 UL	P9 SA	P6 ÅL	P10 UL	P1 HE	P3 ÅL
10,55	10,31	9,34	9,16	9,09	8,93	8,73	8,38	8,32	7,92	7,62	6,43	6,41	5,18	3,62

Friedman-test (N = 37, p < 0,001)

P-verdien i rangeringa i tabell 6.2 er svært signifikant fordi den viser < 0,001. Det er ikkje gjort nokon Wilcoxon-test for å teste signifikans mellom dei ulike språkprøvene, då målet med framstillinga berre er å sjå eit mønster i rangeringa framfor forholdet mellom stemmene.

Ut ifrå tabell 6.2 kan vi sjå at dei ulike språkprøvene som representerer dei same varietetane, vert plasserte ulikt. Til dømes kjem språkprøva med person 7, som representerer Herøy, på første plass i rangeringa, medan språkprøve med person 1, med same dialekt, har fått nest-lågast score. Vi ser også at språkprøvene med person 13 og 3, som representerer Ålesund, kjem på andre- og siste plass i rangeringa. Dersom dialekt hadde vore den einaste faktoren som spelte inn når ungdomane skulle vurdere personane, kunne ein då tenke seg at mønsteret i resultata på språkprøvenivå (jf. tabell 6.2) ville ha vore tilnærma lik mønsteret i resultata på varietetsnivå (jf. tabell 6.1). Altså skulle ein tenke seg at språkprøvene med Ålesund samla sett skulle ha lege til høgre i tabellen med dei lågaste vurderingane, medan stemmene til Herøy skulle ha lege i midten av tabellen. Når dialektene vert vurderte så ulikt som det vert vist i tabell 6.2, må det altså vere andre faktorar enn berre dialekta som har spelt inn når respondentane har vurdert personane.

6.1.1 Resultat fordelt på gjetting av føremålet

Studien til Anderson (2010) viste at det ikkje var nokon klare mønsterskilnadar mellom dei ulike medvitsgruppene blant respondentane i Åsane, og dette var noko eg også ville teste i mitt prosjekt. Det kan derfor vere interessant å samanlikne resultata frå dei som ikkje visste føremålet med dei respondentane som klarte å gjette føremålet underveis i testen. Desse resultata vert presenterte i tabell 6.3. Slik som i tabell 6.1, er det også i denne framstillinga skilt ut dei respondentane som rapporterte at dei ikkje hadde budd i Herøy frå fylte 6 år. Det sit då att sju respondentar som gjetta føremålet med testen (N = 7). Samanlikna med den gruppa som ikkje gjetta føremålet (N = 37), er dette ei lita gruppe, og dei to gruppene eg då samanliknar, er ujamne i tal respondentar. Dette må eg dermed ta omsyn til når eg presenterer og diskuterer resultata.

Den øvste rekka i tabell 6.3 viser resultata frå dei som gjetta føremålet i masketesten. Den nedste rekka viser resultata frå dei som ikkje gjetta føremålet, og er dei same resultata som vist i tabell 6.1. N og p er vist på venstre rad i tabellen for kvar av dei to gruppene.

Tabell 6.3: Underbevisste haldningar fordelt på dei som gjetta og ikkje gjetta føremålet med testen

Gjetta føremålet $N = 7, p < 0,1$	HE	SA	AU	UL	ÅL
	4,07	3,57	2,71	2,64	2,00
Gjetta ikkje føremålet $N = 37, p < 0,01$	SA	AU	HE	UL	ÅL
	3,36	3,30	3,16	2,95	2,23

Friedman-test

Tabell 6.3 viser eit noko likt mønster mellom respondentane som har gjetta føremålet og respondentane som ikkje gjetta føremålet. Dei tre varietetane som vart rangert høgast, er dei same varietetane for begge gruppene, men dei plasserer seg ulikt på topp tre. For dei som gjetta føremålet kjem Herøy (HE) på første plass, Sande (SA) på andre plass og Austland (AU) på tredje plass. For dei som ikkje gjetta føremålet kjem Sande (SA) på første plass, Austland (AU) på andre plass og Herøy (HE) på tredje plass. For både respondentane som gjetta og ikkje gjetta føremålet, kjem dialektene i Ulstein og Ålesund på fjerde- og femte plass. Det er altså eit felles mønster når det gjeld dei to varietetane som fekk lågast rangering.

Som ein kan sjå til venstre i tabellen, er ikkje sjølve rangeringa for dei som gjetta føremålet signifikant fordi p er over 0,05. Sannsynlegvis heng dette saman med det låge talet på respondentar som testen er analysert ut ifrå. Likevel har rangeringa for dei som gjetta føremålet $p < 0,1$, og sjølv om ein ikkje kan seie at rangeringa er signifikant, er det ein tendens til at rangeringa kan stemme likevel.

Vi kan også her undersøke om det er signifikans mellom varietetane slik dei er sett opp i rangeringa for begge gruppene ved hjelp av Wilcoxon-test:

Gjetta føremålet: HE / SA / AU / UL / ÅL

Gjetta ikkje føremålet: SA / AU / HE / UL > ÅL

($>$ = signifikant, / = ikkje signifikant. Der forskjellen er signifikant, er $p < 0,02$)

Dersom vi studerer resultata frå Wilcoxon-testen på den gruppera som gjetta føremålet, ser vi at det ikkje er signifikans mellom nokon av varietetane i rangeringa. Også dette kan henge saman med at det er for få respondentar i gruppera til å analysere pålitelege resultat. Det å operere med få respondentar kan uansett gjere det vanskeleg å få resultat som kan generaliserast for ein heil populasjon. Som vi såg i kapittel 5.2.1 er det ein føresetnad at utvalet i undersøkinga vår er stor nok for at ein i det heile skal kunne generalisere til populasjonen (Grønmo, 2016). Når verken rangeringa eller forholda mellom varietetane i rangeringane er signifikante på bakgrunn av at talet på respondentar er lite, kan vi ikkje fastslå at resultata frå denne gruppa er pålitelege. Det vesle utvalet gjer at vi også må vere forsiktige med å slutte resultata til heile 10.-klassepopulasjonen i Herøy. Vi kan med dette sjå tilbake på hypotese 2 (H2):

H2 Det er ingen forskjell på underbevisste haldninga om respondentane har avslørt føremålet med testen eller ikkje

Eg vil konkludere med at sjølv om tabell 6.3 viser interessante resultat som viser eit noko likt mønster mellom dei to gruppene, er H2 svekt fordi resultata ikkje er gode nok for å kunne seie noko om denne hypotesen. Det vil seie at det vesle utvalet i den eine gruppa i tillegg til ikkje-signifikanse resultat, gjer det problematisk å setje nokon konklusjon om det er forskjellar mellom gruppene eller ikkje. Ettersom hypotese 2 bygger på eit metodeeksperimentelt aspekt, vil eg ikkje trekke desse resultata noko vidare inn i drøftingskapittelet.

6.1.2 Resultata fordelt på kjønn

For å teste hypotesen om samanhengen mellom kjønn og språkhaldning har eg sett opp ein tabell som viser kjønnsfordelingane i masketesten (tabell 6.4). N og p er sett inn nedst i tabellen for kvar av varietetane.

Tabell 6.4: Underbevisste haldninga fordelt på kjønn

HE		SA		UL		AU		ÅL	
Mann	18,82	Mann	21,19	Mann	25,74	Mann	21,00	Mann	20,81
Kvinne	23,53	Kvinne	27,92	Kvinne	25,35	Kvinne	26,60	Kvinne	24,93
$N = 43$		$N = 50$		$N = 50$		$N = 48$		$N = 46$	
$P < 0,25$		$P < 0,12$		$P < 0,93$		$P < 0,18$		$P < 0,32$	

Mann-Whitney-test

Ved første augekast kan det sjå ut til at jentene vurderer alle dialektene litt høgare enn gutane. Med andre ord verkar det til at jentene stort sett er meir positive til dialekter. Vi kan også sjå at jentene og gutane vurderer dei same dialektene noko ulikt, men utan at vi kan sjå noko interessant mønster. Hypotese 3 (H3) var formulert slik:

H3 Det er ingen samanheng mellom kjønn og underbevisste språkhaldningar blant ungdomane frå Herøy

Ut ifrå resultata i tabell 6.4 kan vi sjå at det ikkje er signifikante forskjellar i korleis jentene og gutane i masketesten vurderer nokon av dialektene, fordi ingen av p-verdiane ligg på eller under 0,05. Om dialekta i Sande grensar mot ein tendensiell signifikans ettersom $p < 0,12$, men p-verdien er likevel ikkje innanfor kravet for eit tendensielt signifikansnivå. Talet på respondentar er også bra innanfor utvalet av 10.-klassingar, men sidan vi ikkje finn nokon signifikante resultat, kan vi ikkje konkludere med at det er kjønnsforskjellar blant nokon av dei underbevisste haldningane til ungdomane i Herøy. Dette er funn vi også kan forvente på bakgrunn av resultata til Aasmundseth (2010, s. 47). Eg vil konkludere med at H3 er styrkt.


6.2 Dialektplasseringa

I denne delen vert resultata frå dialektpllasseringa presentert. Det er ingen hypotese som er knytt direkte til i kva grad respondentane har klart å plassere dialektene riktig eller ikkje, men dette kan likevel vere interessante resultat å sjå nærare på fordi dei kan ha noko å seie for om respondentane faktisk kjenner att dei dialektene dei hører. Dette kan igjen hjelpe oss med å forklare og forstå resultata frå masketesten. I tillegg kan dialektpllasseringa seie noko om kva respondentane faktisk har reagert på under masketesten. Viss respondentane til dømes ikkje kjenner att dialektene, kan ein ikkje med sikkerheit seie at det er dialekta som respondenten har reagert på og vurdert i testen. Som nemnt i kapittel 5.3.3 vil eg operere med ein gjenkjenningsprosent på eller over 50 etter Tore Kristiansen (2009, s. 176) si vurdering.

Figur 6.1 viser ei oversikt over korleis respondentane har plassert dialektene frå lytteprøva geografisk. Til venstre i figuren er dialektene frå dei femten språkprøvne lista opp vertikalt og kronologisk. I midten av figuren kan ein sjå kva dialekt respondentane har plassert for dei ulike språkprøvne. Dei ulike fargane viser ulikt geografisk område, og ei oversikt over dette er vist på linja nedst i figuren. Tala som står i fargane midt i tabellen, viser prosentvis svar

frå det aktuelle geografiske området. Til høgre i figuren kan ein sjå kor mange respondentar som har avlagt svar på kvar av dei femten plasseringane.

Figur 6.1: Oversikt over geografisk plassering av språkprøvene



Ut ifrå figur 6.1 kan vi sjå at det er variasjon i korleis respondentane plasserer dialektene frå språkprøvene, og særleg er det stor variasjon mellom dei lokale dialektene i Herøy, Sande og Ulstein. Plasseringane varierer stort sett mellom Herøy, Sande og Ulstein, så det kan sjå ut til at ungdomane blandar desse dialektene seg imellom.

Av dei ni språkprøvene med dei tre lokale varietetane (jf. språkprøve 1, 2, 4, 7, 9, 10, 11, 12 og 14), er det berre éi av språkprøvene som mesteparten av respondentane har klart å svare riktig på, og dette er for person 7 frå Herøy. Det kan dermed sjå ut til at det er noko med person 7 frå Herøy som skil seg blant alle dei lokale dialektene. Heile 70 % av respondentane har klart å plassere denne språkprøva riktig, noko som er ein svært god gjenkjenningsprosent.

På personnivå såg vi at person 7 også var den stemma som totalt vart vurdert høgast av respondentane (jf. tabell 6.2). Ei mogleg forklaring til dette resultatet, kan vere at nokre av ungdomane kan ha kjent att personen bak stemma, altså at dei visste kven denne personen var.

Person 1 frå Herøy viser også sentrale funn. Som vi såg i tabell 6.2 var dette den stemma som på personnivå vart rangert dårlegast blant dialektene i Herøy. På den totale vurderinga på personnivå fekk denne stemma også nest dårlegast vurdering av alle dei femten stemmene. Dette resultatet er interessant, ettersom dei andre to stemmene frå Herøy vart rangerte på første- og tredje plass i tabell 6.2. I figuren ser vi at over halvparten av ungdomane plasserte språkprøve 1 på Ulstein. Det vil seie at dei fleste av 10.-klassingane i Herøy trudde dette var ei stemme som hørde til Ulstein. Kva kan det då vere med person 1 som skil seg frå dei andre to personane (7 og 11) som har ført til at den både har fått låg vurdering, og at den i tillegg er blitt plassert som Ulstein? Det er utfordrande å finne eit enkelt og klårt svar på dette, men ein faktor som skil person 1 frå person 7 og 11, er at ho kjem frå Indre Herøy medan dei to andre kjem frå Ytre Herøy. Ettersom eg tidlegare i oppgåva (kapittel 3.6) peikte på at det kan vere forskjellar mellom språktrekka innover i Herøy, og særleg mellom indre og ytre del av kommunen, kan det hende at det har kome fram ulike språktrekk frå dei tre stemmene som representerte Herøy. Sævik (2000) fann i sitt prosjekt ut at til lenger vekk frå regionsenteret Ålesund ein person kom ifrå, til fleire tradisjonelle språktrekk hadde individet. I språkprøvene var dette noko som kom fram, der stemmene frå Ytre Herøy hadde bortfall av endings-n i nokre ord som ikkje stemma frå indre hadde (*kinoen*, *busstasjonen*). Det er ikkje usannsynleg at stemma til person 1 kan ha hatt språktrekk som likna meir på Ulstein-dialekta, og dette kan vere ei forklaring på kvifor dei fleste av elevane meinte denne personen var frå Ulstein.

Ungdomane plasserte heller ikkje rett geografisk stad på person 11 frå Herøy. Her meinte dei fleste ungdomane (41 %) at stemma hørde til Sande, og berre 14 % av ungdomane plasserte Herøy på person 11. Som allereie nemnt, var det tydelege språktrekk frå Herøy som kom med i språkprøva til person 11, og dermed er det overraskande at ungdomane ikkje kunne plassere denne stemma riktig. På den andre sida meiner eg at dette resultatet kan henge tett saman med at ungdomane i det store og heile ikkje hører forskjell mellom dei tre lokale dialektene (Herøy, Sande og Ulstein). Seinare i oppgåva skal vi sjå at funna frå gruppесamtalane også viser at dette er eit aktuelt tilfelle (kapittel 6.5). Dette er ein teori som eg også ønsker å ta vidare opp i drøftingskapittelet (kapittel 7).

I figur 6.1 kan vi også sjå at respondentane i stor grad klarte å plassere personane frå Austlandet og Ålesund på riktig stad. Resultata for Austland (jf. språkprøve 5, 8 og 15) viser ein god gjenkjenningsprosent på følgjande: 76 %, 78 % og 83 %. Gjenkjenningsprosenten for

regionssenteret Ålesund er også god (jf. språkprøve 3, 6 og 13), der resultata viser følgjande: 65 %, 41 % og 58 %. Gjenjenninga for éi av desse stemmene ligg under 50 prosent, men dei fleste respondentane klarte likevel å plassere dialekta riktig. Eg kategoriserer derfor denne gjenjenninga som god.

6.3 Dialektrangeringa

I denne delen vert resultata frå dialektrangeringa lagde fram, der både estetikkvurderinga frå skjema 1 og statusvurderinga frå skjema 2 er tekne med.

6.3.1 Estetikkvurderinga

Tabell 6.5 viser ei oversikt over estetikkvurderinga og seier noko om korleis respondentane på bevisst nivå har rangert dei fem dialektene etter kva for dialekt dei synest er finast og minst fin. Tabell 6.5 er sett opp på same måte som tabell 6.1.

Tabell 6.5: Bevisste haldningar, estetikkvurdering

HE	AU	ÅL	UL	SA
4,20	3,17	2,57	2,57	2,50

Friedman-test (N = 66, p < 0,001)

Ut ifrå tabell 6.5 ser vi at respondentane rangerte dialekta i Herøy (HE) på topp. Deretter vurderte ungdomane Austland (AU) på andre plass, Ålesund (ÅL) og Ulstein (UL) på delt tredje plass og Sande (SA) på siste plass. Vi kan også her teste signifikans mellom varietetane ved hjelp av Wilcoxon-test:

$$\text{HE} > \text{AU} > \text{ÅL} / \text{UL} / \text{SA}$$

(> = signifikant, / = ikkje signifikant. Der forskjellen er signifikant, er p < 0,03)

Wilcoxon-testen viser at det er signifikans mellom Herøy og Austland og mellom Austland og Ålesund. Det er derimot ikkje signifikans mellom Ålesund og Ulstein og Ulstein og Sande. Ut ifrå tabell 6.5 kan vi med sikkerheit fastslå at ungdomane i Herøy først synest deira eiga dialekt er finast, og at dei synest dialekta på Austlandet er nest finast. I tabellen ser vi også at dialekta

i Ålesund og Ulstein har fått delt tredje plass, og får då samla sett nest lågast vurdering. Sjølv om det ikkje er signifikans mellom nokon av dei tre dialektene som fekk lågast vurdering, kan vi med sikkerheit seie at dialektene i Ålesund, Ulstein og Sande samla sett vert vurdert lågare enn både dialekta i Herøy og dialekta på Austlandet. Ungdomane vurderer altså dialektene frå nabokommunane og regionsenteret dårlegast. Dette funnet vil vere interessant å bygge vidare på vidare i drøftinga.

6.3.2 Statusvurderinga

Respondentane skulle ikkje berre vurdere kva for dialekt dei syntest var finast, men også kva for dialektar dei meinte hadde mest og minst status blant folk flest i samfunnet. Tabell 6.6 viser ei oversikt over resultata frå respondentane si statusvurdering.

Tabell 6.6: Bevisste haldningar, statusvurdering

ÅL	HE	SA	UL	AU
3,34	3,11	2,99	2,98	2,59

Friedman-test (N = 64, p < 0,08)

Ungdomane har vurdert Ålesund (ÅL) på topp, etterfulgt av Herøy (HE), Sande (SA), Ulstein (UL) og Austland (AU) på siste plass. Det at ungdomane vurderte regionsdialekta i Ålesund som høgast status, er ikkje uventa ettersom resultata til Aasmundseth (2010, s. 55) viste eit liknande mønster blant ungdomane i Øygarden (der Bergen kom på første plass i rangeringa). Det er ikkje uvanleg at eit bymål gir høg status i ein region, og det at Ålesund er nærmeste storby for ungdomane i Herøy, kan gjere at der det er mest naturleg for ungdomane i Herøy å vere opptekne av kven som har høgast status i deira nærmeste omkrins.

Noko som på den andre sida er eit uventa resultat, er ungdomane si rangering av austlandsdialekta. Ungdomane vurderer ikkje berre regionsdialekta høgare enn austlandsmålet, men også alle dei lokale dialektene. Ungdomane si vurdering av austlandsdialekta kan vere interessant å ta vidare opp i drøftinga.

Resultata frå tabell 6.6 viser at det ikkje er signifikans i rangeringa, fordi $p < 0,08$. Likevel er p -verdien mindre enn 0,1, og vi kan dermed konkludere med at rangeringa er tendensiell. Også her kan vi ta Wilcoxon-testar for å sjekke signifikans mellom dialektene i rangeringa:

ÅL / HE / SA / UL / AU

(> = signifikant, / = ikke signifikant)

HE / UL

(> = signifikant, / = ikke signifikant)

ÅL > AU

(> = signifikant, / = ikke signifikant. Der forskjellen er signifikant, er $p < 0,008$)

Ut ifrå dei tre Wilcoxon-testane for statusrangeringa, ser vi at det berre er signifikans mellom dialekta på topp og botn i rangeringa (Ålesund mot Austland). Det vil seie at vi med sikkerheit veit at ungdomane har vurdert dialekta i Ålesund høgare enn dialekta på Austlandet, men at vi ikke veit sikker om ungdomane har vurdert Ålesund betre enn nokon av dei lokale dialektene. Herøy vart heller ikke vurdert signifikant høgare enn Ulstein, så vi veit ikke kva for dei tre lokale dialektene ungdomane faktisk har vurdert som høgast status seg imellom. Hypotese 4 var knytt til statusvurderinga og var formulert slik:

H4 Ungdomane fra Herøy vurderer dialektene ulikt på statusvurdering

H4.1 Ungdomane fra Herøy vurderer Ålesund som den dialekta med høgast status, etterfylgt av austlandsk, og til slutt dialekta i Herøy som lågast status

Ettersom det berre er tendensar til signifikans i rangeringa, og at det ikke er signifikans mellom nokon av dialektene i rangeringa frå tabell 6.6, vel eg å konkludere med at hypotese 4 er delvis styrkt. Ungdomane *har* vurdert Ålesund som høgare status enn Austland. Likevel var det ikke Herøy som vart vurdert som lågast status, men Austland.

6.4 Meir om dei bevisste og underbevisste haldningane i testen

Det kan vere interessant å sjå nærmare på funna frå dei bevisste og dei underbevisste haldningane for å samanlikne dei med kvarandre. Tabell 6.7 viser ei resultata frå dei bevisste haldningane i estetikkvurderinga og dei underbevisste haldningane frå masketesten. N og p for kvar av dei to gruppene står til venstre i tabellen. Der det er stjerner ved dialektene, er det parvis signifikans (etter Wilcoxon-testane frå tabell 6.1 og 6.5).

Tabell 6.7: Samanlikning av bevisste og underbevisste haldningar

Bevisste haldningar (estetikkvurderinga) N = 66, p < 0,001	Herøy* (4,20)	Austland* (3,17)	Ålesund* (2,57)	Ulstein (2,57)	Sande (2,50)
Underbevisste haldningar (masketesten) N = 37, p < 0,01	Sande (3,36)	Austland (3,30)	Herøy (3,16)	Ulstein* (2,57)	Ålesund* (2,32)

Friedman-test

Ut ifrå tabell 6.7 ser vi at ungdomane har vurdert dei fem dialektene noko likt dersom vi samanliknar dei bevisste og dei underbevisste haldningane. Mønsteret ser påfallande likt ut mellom testane, bortsett frå at Sande vert vurdert anten på topp eller på botn, og at Herøy og Ålesund også skiftar litt mellom topp – mellom eller mellom midt – botn. Rangeringane på både dei bevisste og underbevisste haldningane er også signifikante.

I testen skulle ungdomane lytte til og vurdere tre lokale dialekter i tillegg til regionsdialekta (Ålesund) og den nasjonale dialekta (Austland). Dersom vi samlar dei lokale dialektene (Herøy, Sande og Ulstein) til éin variabel, vil vi få eit meir overordna bilete av vurderinga. Tabell 6.8 viser resultata frå dei bevisste og underbevisste haldningane der dei tre lokale dialektene er slått saman. Tabellen viser forholda mellom lokale talemål, det regionale og det nasjonale talemålet. Det er også gjort ein Wilcoxon-test som er vist under tabellen.

Tabell 6.8: Bevisste og underbevisste haldningar, samanslåing av dei ni lokale språkprøvene

Bevisste haldningar (estetikkvurderinga) N = 66, p < 0,001	Lokale (HE, SA, UL) (2,98)	Nasjonal (AU) (1,67)	Regional (ÅL) (1,35)
Underbevisste haldningar (masketesten) N = 37, p < 0,01	Lokale (HE, SA, UL) (3,00)	Nasjonal (AU) (1,70)	Regional (ÅL) (1,30)

Friedman-test

Bevisste haldningar: LO > NA > RE

(> = signifikant, / = ikkje signifikant. Der forskjellen er signifikant, er $p < 0,04$)

Underbevisste haldningar: LO > NA > RE

(> = signifikant, / = ikkje signifikant. Der forskjellen er signifikant, er $p < 0,001$)

Tabell 6.8 viser eit litt anna resultat enn tabell 6.7. Der rangeringa varierte noko mellom dei bevisste og underbevisste haldningane i tabell 6.7, viser resultata frå tabell 6.8 eit tydeleg mønster mellom dei to haldningsnivåa. Rangeringa for både dei bevisste og underbevisste haldningane frå tabellen er også signifikante. Kan vi då seie at det er ein samanheng mellom dei bevisste og underbevisste haldningane blant ungdomane i Herøy? Hypotese 1 bygde på nettopp dette og var formulert slik:

H1 Det er ein forskjell på dei bevisste og underbevisste haldningane til ungdomane i Herøy

H1.1 På bevisst nivå vil ungdomane frå Herøy vere mest positive til si eiga lokaldialekt og minst positive til austlandsk

H1.2 På underbevisst nivå vil ungdomane frå Herøy vere mest positive til si eiga lokaldialekt og minst positive til dialekta i Ålesund

Tabell 6.7 viste ikkje noko tydeleg mønster mellom dei bevisste og underbevisste haldningane når vi samanliknar dialektene på eit nyansert nivå, men resultata på eit overordna nivå, frå tabell 6.8, viser på den andre sida ingen forskjellar mellom dei bevisste og underbevisste haldningane når vi samlar dei tre lokale dialektene til éin variabel. Rangeringane er signifikante både i tabell 6.7 og 6.8, men det var ikkje signifikans mellom alle dialektene i rangeringa i tabell 6.7. Det er det derimot i tabell 6.8. Sjølv om resultata frå tabell 6.8 gir best resultat grunna signifikanstestinga, kan eg likevel ikkje sjå vekk ifrå at resultata på det nyanserte nivået viste noko ulikt mønster. Derfor vel eg å konkludere med at hypotese 1 (H1) er delvis styrkt.

Eg vil også konkludere med at H1.1 og H1.2 er delvis styrkt. Ungdomane vurderte dialekta i Herøy på topp på bevisst nivå (estetikkvurderinga), men dei var ikkje minst positive til austlandsk. Derimot kom denne dialekta på andre plass i estetikkvurderinga. På underbevisst nivå kom dialekta Ålesund på botn i rangeringa, men det var dialekta i Sande som kom på topp, og ikkje dialekta i Herøy. Herøy vart hamna midt i rangeringa. Likevel var det ikkje signifikans

mellom dialektene på topp tre i masketesten, så vi veit ikkje om dialekta i Herøy faktisk var plassert midt på treet, eller om ho eigentleg låg nærmere toppen i rangeringa.

Kva er det som gjer at rangeringa mellom dei bevisste og underbevisste haldningane skil seg når vi samlar dei lokale dialektene til éin variabel? Det kan vere interessant å problematisere rangeringa i tabell 6.7 for å prøve å forstå dette. Dette vil eg overlate til drøftingskapittelet, men før det, vil eg presentere resultata til gruppесamtalane.

6.5 Gruppесamtalane

Denne delen presenterer resultata frå gruppесamtalane med dei tre 10.-klassene frå Herøy. Måten eg har valt å presentere svara på, er at eg framstiller dei åtte diskusjonsspørsmåla eg hadde med klassene kronologisk. Under kvart spørsmål viser eg resultata frå dei tre klassene samla sett, og svara er analyserte etter kva som kom tydelegast fram i diskusjonane, og det som eg har sett har skapt eit klårt og gjennomgåande mønster blant klassene.

6.5.1 Kva tankar har de om dykkar eiga dialekt (dialekta i Herøy)?

Ei utsegn som kom tydeleg fram i klassene under dette spørsmålet, var at dialekta i Herøy er «brei». Når elevane fekk beskjed om å forklare korleis ein i Herøy snakkar «breitt», utdjupte elevane dette med at ein i Herøy ikkje er så oppteken av å snakke «pent», og at Herøy-dialekta har fleire gamle ord og uttrykk samanlikna med til dømes Ulsteinvik og Ålesund. Særleg gutane snakka godt om dialekta si i gruppесamtalane, og mange av desse hevda at det var «den beste dialekta» utan å eigentleg kunne grunngje kvifor. I samtalen kom det fram frå eine elevgruppa at «dialekta vår er faktisk fin og ikkje jálete slik som dialekta i for eksempel Oslo». I ei anna gruppe kom det fram at dialekta er litt spesiell, og at det er mange som kanskje ikkje forstår den.

Under samtalen om Herøy-dialekta kom ungdomane inn på personane snarare enn sjølve dialekta når dei skulle uttale seg om dialekta si. Ein elev frå éi av klassene, som var tilflyttar frå Ulsteinvik til Herøy, hevda at dialekta ikkje var noko fin. Ho knytte dialekta til det å vere «mandig» og det å «tru at ein er tøff». I ei anna klasse kom det fram at ein person som snakka Herøy-dialekt, høyrest sjølvskikker ut. I fleire av klassene kom ordet «fiskar» også inn i samtalen om dette spørsmålet. «Når du høyrer ein som snakkar Herøy-dialekt, er han mest sannsynleg ein fiskar», og «Herøy-dialekta minner meg om ein fiskar» var utsegn som kom fram i klassene. Det at ungdomane tydeleg knytte saman forholdet mellom språk og språkbrukar, kan vere med

på å styrke den metodiske reliabiliteten i masketesten på den måten at vurdering av personar, personar sine eigenskapar og personlegdomstrekk, er ein fruktbar måte å kartlegge språkhaldningar på.

6.5.2 Kor viktig meiner de det er for ein herøyværing å snakke Herøy-dialekt?

Det var usemje blant elevane om i kva grad det var viktig eller ikkje viktig at ein herøyværing snakkar dialekta si. Det var mange elevar som hevda at dersom ein ikkje snakkar dialekta si, så kunne ein ikkje kategorisere seg som ein herøyværing. For desse ungdomane verka det viktig å snakke dialekta si for å vise kvar ein høyrer til og kven du er som person. Nokre elevar peika på at mange ungdomar i Herøy overdriv dialekta si for å vise at ein er herøyværing. Dei elevane som meinte det ikkje var særleg viktig å snakke dialekt, grunngav dette med at dei ikkje brydde seg særleg om korleis folk snakkar. Ein elev hevda at «korleis folk snakkar, seier ikkje nødvendigvis noko om kven dei er. Det er trass alt viktigare».

6.5.3 Kan de peike på typiske språktrekk for dialektene i fylgjande område: Herøy, Ulstein, Sande, Ålesund og Austlandet

Elevane syntest det var vanskeleg å kome med konkrete språktrekk for dialektene, særleg blant dei lokale dialektene, men elevane kunne kome med nokre trekk frå dei fleste områda. For Herøy var palatalisering eit språktrekk som alle klassene trekte fram, der dei eksemplifiserte med ord som *mann*, *ball* og *han*. Nokre elevar kunne også kome med døme på ord med bortfall av endings-n i bestemt form eintal i hankjønnsord som typisk språktrekk for dialekta i Herøy. Elevane viste til eksempel med orda *båten*, *bilen* og *mannen*.

For dialekta i Ulstein, trekte alle klassene fram at ein person frå Ulstein generelt sett snakkar «finare» enn ein person frå Herøy, men at språket eigentleg høyrest ganske likt ut. Det blei trekt fram forskjellen med vokaluttalar mellom Herøy og Ulstein, i til dømes orda *raud* og *sau*, der Herøy-dialekta har ein æ-lyd samanlikna med Ulstein som har tilnærma e-lyd. Det blei også presisert at ein person frå Ulstein uttaler orda *bilen* og *mannen* med endings-n, noko dei i Herøy stort sett ikkje gjør.

Ingen av klassene eller elevane klarte å kome med konkrete språktrekk for dialekta i Sande. «Eg veit ikkje korleis dei snakkar der», og «eg klarer ikkje å høyre forskjell» var utsegner mange av elevane kom med. Fleire elevar lurte også på kvar Sande eigentleg er.

Klassene kunne peike på nokre konkrete språktrekk for dialekta i Ålesund. Det første er uttalen av personleg pronomen, der ein i Ålesund seier /e:/, /me:/ og /de:/ for *eg*, *meg* og *deg*. Mange av elevane peikte på at dialekta i Ålesund er ei by-dialekt der ein snakkar «pent», og at dei har ei blanding av deira lokale dialekt og austlandsk. Elevane trekte fram at Ålesund-dialekta har språktrekk frå Austlandet som dei lokale områda ikkje har. I Ålesund uttaler ein orda *ikke*, *skole* og *fra*, i motsett til Søre Sunnmøre som uttaler orda *ikkje*, *skule*, *frå*.

Mange av elevane knyter austlandsdialekta til bokmål, og at dei som snakkar denne dialekta snakkar «pent». Døme på ord som vart trekte fram, var uttale av personlege pronomen *jeg*, *meg* og *deg* for *eg*, *meg* og *deg* og ord som *skole ikke*.

6.5.4 Synest de det er lett å høre forskjell på ein som kjem frå Herøy og Sande/Ulstein/Ålesund?

Alle klassene var einige i at dei kunne høre forskjellar mellom dialekta i Herøy og Ålesund. Mange var også einige i at dei kunne høre nokre få forskjellar i språket mellom dialekta i Herøy og Ulstein, men at det stort sett høyrest ganske likt ut. Nokre var ueinige og hevda dei ikkje kunne høre forskjellar i det heile. Det var ingen av elevane som hevda å kunne høre forskjellar mellom dialekta i Herøy og Sande. Dette kom også tydeleg fram i førre spørsmål (6.2.3) der elevane ikkje kunne peike på nokon språktrekk for Sande-dialekta. Ein kan også sjå samsvar mellom resultata frå dette spørsmålet og resultata frå den dialektgeografiske plasseringa.

6.5.5 Merkar de forskjellar i språket mellom gamle og unge i Herøy? Kom med døme.

Alle klassene var einige i at dei kunne høre tydelege forskjellar i språket mellom dei gamle og unge i Herøy, men dei kunne ikkje peike på mange konkrete døme på språktrekk. Generelt hevda alle klassene at dei gamle snakkar «breiare» enn dei unge. Elevane rapporterte at dei gamle har meir palatalisering i dialekta si enn dei unge, og at svært få unge har dette i sitt språk. Nokre elevar peika på at språket til dei unge er meir påverka av engelsk og «slangord», medan dei gamle bruker meir gamle ord og uttrykk som dei unge ikkje forstår. Éin elev trudde at mange snakkar breiare når dei vert eldre.

6.5.6 Snakkar dei på ulik måte alt etter kven de snakkar med (familie, vene, ukjente, folk frå andre område osv.)?

Ingen av elevane hevda at dei snakka ei anna dialekt alt etter kven dei snakkar med, men i alle klassene vart det peika på at ungdomane i stor grad nytta seg av ein annan ordbruk når dei til dømes snakka med besteforeldre samanlikna med vene. «Eg bruker meir slang med vene som dei gamle ikkje forstår» var det ein elev som sa. «Eg bannar ein god del når eg snakkar med venar, men aldri med familie og besteforeldre» var det ein annan elev som sa. Nokre påpeika at dei av og til må legge om dialekta si når dei snakkar med folk frå andre stadar, slik at vedkomande vert forstått. Éin elev sa: «Eg må av og til endre ordbruka min, men eg snakkar likevel den same dialekta». Det var også elevar som sa at dei snakkar på akkurat same måte uavhengig av kven dei snakkar med.

6.5.7 Korleis vil de beskrive fylgjande: Ein herøyværing, ulsteinvikar, sandssokning, ålesundar, austlending

Elevane kunne peike på fleire karaktertrekk for personane frå dei ulike stadane. Tabell 6.9 viser ei oversikt over ord og uttrykk som kom tydeleg fram i gruppessamtalane.

TABELL 6.9: Oversikt over karakterskildringar

Herøyværing	Fiskar, «rånar», overlegen, kjeledress, gjerrig
Ulsteinvikar	Jålete, soss, «Høddar», høg på pæra, skikkelege
Sandesokning	Veit ikkje, skym
Ålesundar	Byfolk, snobbete, snåle, kvalme
Austlending	Byfolk, soss, «pappa-gutt»

6.5.8 Kva trur de folk utanfor Herøy meiner om herøyværingar og dialekta i Herøy?

Når elevane skulle seie kva dei trudde folk utanfor Herøy meiner om herøyværingar, peikar dei på mange negativt ladde ord og skildringar. Mange av desse kom også att i fleire av klassene.

«Folk frå Herøy er folk som driv med båt og fiske, og som oftast går i arbeidsklede», var ein kommentar som kom fram i diskusjonen. Elevane trudde også at folk utanfor Herøy ser på herøvværingar som gjerrige folk som tener mykje pengar, og at dei er «rånarar» og festglade folk. Angåande dialekta i Herøy, trudde elevane at folk utanfor kommunen ser på dialekta som «brei» og «litt spesiell». Nokre elevar trudde også at folk utanfrå Herøy kunne ha vanskar med å forstå dialekta fordi ho er brei.

6.5.9 Oppsummering av gruppessamtalane

Totalt var det mange av ungdomane som engasjerte seg i gruppessamtalane. Resultata eg har vist i kapittel 6.4, er derfor gode svar frå mange 10.-klassingar. Samla sett verka dei fleste av ungdomane å vere patriotiske og knytte til si eiga dialekt og sitt eige folk. Dette kom særleg fram hos gutane. Fleire elevar snakka godt om dialekta og folket sitt utan å grunngje argumenta sine noko særleg. På den andre sida verkar det som at ungdomane sine gjennomsnittlege haldningar om dei andre dialektene og folket, er negative. Moglegvis snakka ungdomane godt om seg sjølv for å heve sin eigen sosiale posisjon, og motsett, at dei snakka ned om andre for å ikkje verke mindre verdige i forhold. Korleis dei positive haldningane til si eiga dialekt og dei negative haldningane til dei andre dialektene har kome fram av ungdomen i gruppessamtalane, er eit interessant diskusjonstema som eg vil ta att i drøftingskapittelet.

Sjølv om mange av elevane var patriotiske, kunne det sjå ut til at dei hadde eit syn på dialekta si og seg sjølv som objektivt sett kan verke negative. Dei omtalte til dømes seg sjølv som mindre anstendige samanlikna med det ungdomane omtalte som «byfolket» og ulsteinvikarar, både når det gjaldt åtferd, moral og korleis dei kler seg. Den generelle oppfatninga ungdomane hadde og omtalte, ar at Herøy-dialekta skildra ein mandig skikkelse. Det interessante var at ungdomane presenterte seg sjølv slik med stoltheit, og det verka som at dei fleste av ungdomane var tilfredse med sånn dei er. Dette vil også vere eit tema eg vil ta vidare opp i drøftingskapittelet.

Eit anna sentralt funn ein kan trekke fram frå gruppessamtalane, er at ungdomane i Herøy verka å vite svært lite om dialekta i Sande og om Sande generelt. Ikkje berre hadde ungdomane utfordringar med både å vite kvar Sande var og kva som kjenneteikna dialekta i Sande, men ungdomane visste også svært lite om folket som bur i dette området. I drøftingskapittelet vil eg ta vidare dette interessante funnet der eg drøfter ungdomane sine haldningar til Sande opp imot haldningstesten og teorien om forholdet Herøy har med nabokommunane.

Kapittel 7: Drøfting

I dette kapittelet vil eg drøfte resultata frå datainnsamlinga mi. Eg har strukturert kapittelet etter dei sosiale nivåa som ligg til grunn for prosjektet (makro-, mikro- og mesonivå), der eg vil presentere sentrale kopplingar mellom resultata opp mot teori. I tillegg vil eg studere resultata i lys av funn frå tidlegare haldningsstudiar.

7.1 Har det geografiske området ein påverknad?

I oppgåva har vi sett at eit lokalsamfunn er med på å skape ytre rammer for korleis individua må orientere seg, og at strukturen av eit lokalsamfunn er med på å skape tradisjonar, verdiar og normer på bakgrunn av den nære kontakta som vert skapt mellom individua. Kvart område har også eigne reglar og normer for både bruken av språket og for dei sosiale aspekta ved språket (Hymes, 1977; Sandøy, 1991). På fleire måtar har presentasjonen av samfunnet i og utanfor Herøy i kapittel 3 vist nettopp dette, der Herøy, Sande og Ulstein som nabokommunar vert skildra som ulike både når det gjeld geografi, plasseringar av institusjonar, arbeidsforhold, kulturliv og språk. Denne informasjonen kan også hjelpe oss med å forstå språkhaldningane til ungdomane i Herøy, som er kartlagt i denne studien.

Eit sentralt resultat som har kome fram i dette prosjektet, er at ungdomane i Herøy har negative bevisste haldningar til dialekter frå naboområda (då sikta til funna frå estetikkvurderinga og gruppесamtalane). Ungdomane har til dømes rangert dialekta i Sande svært dårlig, og vi må derfor undersøke kva som er spesielt med Sande som gjer at dette er tilfelle. Vi kan først sjå tilbake på korleis Sande som samfunn og geografisk område er plassert og organisert. Samanlikna med Herøy og Ulstein, har Sande få felles institusjonar som dreg menneske frå andre lokalsamfunn til kommunen, og særleg ungdomane. Det er ingen utdanningsinstitusjonar, anna enn grunnskule, i Sande, og dermed er det ingen utdanningsfaktorar som dreg ungdomar frå andre kommunar dit. Ungdomane frå Herøy tek gjerne vidaregåande utdanning anten i sin eigen kommune eller i nabokommunen Ulstein. Det er heller ingen store næringsverksemder som dominerer i Sande samanlikna med Herøy, som har fiskerinæringa, og Ulstein med industri- og skipsverksemda. Altså er det ingen stor arbeidsmarknad som lokkar arbeidatarar frå andre kommunar til Sande. Det er også få innbyggjarar frå Herøy som pendlar på arbeid til Sande samanlikna med Ulstein. Dette sannsynleggjer at berre eit fåtal av ungdomane i Herøy har foreldre som pendlar til Sande.

Sande har ikkje berre få utdannings- og arbeidsinstitusjonar å by på, men kommunen har heller inga form for sentrum som kunne ha opna for kontakt og lokka ungdomane dit på fritida. Ulstein er den kommunen som ligg best til rette for eit handlesentrum, noko som trekker individ frå andre lokalsamfunn dit. Ungdomane i Herøy er derfor meir vande med å reise til Ulstein for å handle, og ikkje til Sande. Både i Herøy og i Sande lever folk spreidde på øyar, men i motsetnad til Herøy, som i moderne tid har utvikla bru- og vegtilkomst til dei busette øyane, er mykje av folket i Sande framleis avhengige av å reise med ferje. Dette kan også vere ei årsak til at det er vanskelegare å opne opp for eit sentrum ettersom mange av innbyggjarane vil få ein tungvint reiseveg.

Blant dei tre lokale områda, er Sande også den kommunen som i lang tid har hatt, og enno har, lågast folkesetnad, og det låge folketalet kan også vere ei årsak til at kommunen ikkje klarer å opne for eit sentrum som vil fungere. Der Herøy og Ulstein etter krigsåra fekk markante aukingar i folketal, har Sande hatt eit sakte, men nokså jamt, minkande innbyggartal. Moglegvis heng dette saman med at Herøy og Ulstein har hatt ei raskare moderne utvikling i samfunna sine som kan ha ført til at folk frå Sande har valt å busetje seg i dei meir sentrale områda.

Det vi ser med Sande kommune, er at dette er eit område som på mange måtar ikkje har hatt like rask samfunnsutvikling, slik som nabokommunane har hatt. I tillegg ligg kommunen därleg til med tanke på å skape eit sentrum og fellesskap blant folk frå distriktet. Men på kva måte kan dette henge saman med at ungdomane i Herøy vurderer dialekta i denne kommunen så lågt? I gruppesimalane gav ungdomane uttrykk for at dei hadde lite kunnskap om dialekta i Sande, og om Sande generelt. Dialekta i Sande var den einaste dialekta der ungdomane ikkje greidde å peike på nokon språktrekk. Ungdomane kunne heller ikkje kome med nokon tydelege karakteristikkar for ein sandssokning, og nokre av elevane visste heller ikkje kvar staden Sande var. Mykje av dette kan handle om nettopp det at ungdomane ikkje har eit særleg nært forhold til staden. Det kan då vere lett for ungdomane å tenke at sidan det ikkje er noko spesielt med Sande, så må det vere noko som gjer at folk heller vel å reise til og busetje seg i naboområda. Dette kan skape negative assosiasjonar til gruppa som er knytt til Sande. Dersom ungdomane veit lite om folket frå eit område, i tillegg til sjølve staden, kan ein heller ikkje forvente at dei har så mykje kunnskap om sjølve dialekta. Dette kan igjen vere med på å forklare kvifor ungdomane frå Herøy rangerer dialekta i Sande därleg.

På den andre sida har Herøy nærmare kontakt med Ulstein, og likevel kom dialekta i Ulstein lågt på rangstigen i estetikkvurderinga. I motsetnad til Sande, er Ulstein ein kommune som ligg i sentrum for distriktet på Søre Sunnmøre. Det ligg nærmare regionsenteret, og det er enkel og kort tilkomst til kommunen geografisk sett frå fleire område. Herøy har også eit nært

forhold til Ulstein på den måten at dei tilbyr sosiale institusjonar som gjer at folk frå Herøy reiser dit. Mange av ungdomane tek vidaregåande utdanning i Ulstein. Det er også mange frå Herøy som pendlar på arbeid til Ulstein ettersom Ulstein kommune har behov for stor arbeidskraft innan industri- og skipsverksemda. Med tanke på at Herøy har så nært forhold til Ulstein, skulle ein tru at ungdomane i Herøy har positive haldningar til desse folka og dette samfunnet. Resultata viste det motsette. I tillegg gav ungdomane i gruppessamtalane uttrykk for negative haldningar til folka frå Ulstein. Kva kan det då vere med Ulstein som har ført til at ungdomane i Herøy vurderer dialekta så lågt? Eg vil trekke inn det sosiale forholdet mellom menneska frå dei to kommunane, i tillegg til identitetsmarkering, som mogleg forklaringar her, men dette vil eg kome tilbake til i kapittel 7.3. Først vil eg drøfte korleis språkhaldningane kan henge saman med ein mogleg regionaliseringstendens.

7.2 Regionalisering som mogleg forklaring?

Dialektlasseringa og gruppessamtalane gav ein indikasjon på at ungdomane i Herøy ikkje klarte å skilje mellom dei lokale dialektene, og dette kan vere ei mogleg forklaring på dei underbevisste haldningane i denne studien (jf. tabell 6.1). I dialektlasseringa var alle dei lokale dialektene plasserte svært ulikt i rangeringa, noko som kan tyde på at ungdomane kan ha gjettat på éin av dei tre lokale dialektene når dei skulle plassere dei.

I tillegg kunne ungdomane i gruppessamtalane gi uttrykk for at det var utfordrande å høre forskjellar mellom dialektene i Herøy, Sande og Ulstein, men at dei derimot kunne høre forskjellar frå dialekta i Ålesund. I gruppessamtalane hadde ungdomane problem med å kome med tydelege og konkrete språktrekk for dei tre lokale områda. Det at ungdomane sjølv gir uttrykk for at dei ikkje oppfattar tydelege forskjellar mellom dialektene, styrkar teorien om at utfordingar i å skilje mellom dialektene kan vere ei forklaring på resultata frå dei underbevisste haldningane i masketesten.

I ei drøfting om regionalisering er det sentralt å trekke inn korleis ungdomane frå Herøy har vurdert dialekta frå regionsenteret Ålesund. Tabell 6.8 viste at denne regionsdialekta kom dårlegast ut blant både det nasjonale talemålet (Austland) og dei lokale dialektene samla sett (Herøy, Sande og Ulstein). Ungdomane i Herøy har altså negative haldningar til regionsmålet på både bevisst og underbevisst nivå. Korleis kan desse haldningane henge saman med tendensen i språkutviklinga i området? I kapittel 3 såg vi at dialektene på Sunnmøre tidlegare har hatt tradisjonelle språktrekk som er særeige for dei ulike dialektene, men at mange av desse trekka er på veg ut i det moderne språket til dei unge (Abrahamsen, 1995; Frøystadvåg, 1997;

Lianes, 2013; Sævik, 2000). Resultata frå tidlegare studiar har vist at det verkar som at dialektane på Søre Sunnmøre vert meir like kvarandre, og at det dermed skjer ei regionalisering av språket, men at det ikkje openbert er Ålesund som styrer denne utviklinga. Vi ser altså ein samanheng mellom negative haldningar til Ålesund og at dialekta ikkje tek opp språktrekk frå Ålesund. I kva grad det er det eine som fører til det andre, har ikkje denne oppgåva svar på.

Regionaliseringstendensen som vert presentert i denne oppgåva, kan knytast til den *horizontale* dimensjonen frå den talespråklege hierarkipyramiden, som bygger på nettopp det at lokale dialekter vert påverka av kvarandre (Akselberg, 2006, s. 135). Det verkar lite sannsynleg at språket på Søre Sunnmøre går gjennom ei tydeleg *vertikal* utvikling, fordi dialekta frå regionsenteret verkar å ikkje påverke språket i særleg stor grad. Likevel har den tidlegare forskinga vist at allmennorske språktrekk er på veg inn i språket, og det er ikkje usannsynleg at dette kjem frå standardmåla. Ungdomane i Herøy vurderte trass alt austlandsmålet høgt i masketesten, og fleire av ungdomane kan plukke opp språktrekk frå det nasjonale talemålet og ta dei innover sitt eige språk utan at dei sjølv er klare over det. Ein kan derfor ikkje utelate at språket går gjennom ei vertikal utvikling til ei viss grad.

Ettersom eg sjølv ikkje har studert språkutviklinga på Søre Sunnmøre, har eg i stor grad støtta meg på tidlegare forsking. Som nemnt i kapittel 2.3.1, må eg vere bevisst på at det er mellom 22 og 27 år sida mykje av denne forskinga blei gjort, og at det dermed ikkje er usannsynleg at språket i nyare tid kan ha tatt nye retningar som ikkje har kome med i denne oppgåva. Moglegvis kan ein ny studie av språkendring vise at språktrekk frå Ålesund faktisk er på veg inn i språket på Søre Sunnmøre utan at dette er blitt forska på enno. Eg vil derfor ikkje slutte meg til nokon konklusjon om ein regionalisering på Søre Sunnmøre, men eg meiner at dersom det skjer ei språkleg regionalisering på Søre Sunnmøre, som omtala i tidlegare forsking i denne oppgåva, så kan dette hjelpe oss med å forstå språkhaldningane til ungdomane i Herøy.

7.3 Haldningar til språk eller haldningar til sosiale grupper?

I teorien såg vi at språkhaldningar ofte har eit sosialt grunnlag framfor eit reint språkleg (Garrett, 2010; Venås, 1991), og resultata frå gruppесamtalane tyder også på at det her er ein klår samanheng. Her hadde ungdomane vanskar med å snakke om reine språklege skilnadar mellom områda, men dei hadde klåre formeiningar og tankar om folket som tilhørarar av desse dialektene.

Eg avslutta kapittel 7.1 med å foreslå at forholdet mellom herøyværingar og ulsteinvikarar kan vere ei mogleg forklaring på kvifor ungdomane i Herøy har vurdert dialekta

i Ulstein därleg på bevisst nivå (jf. tabell 6.5). I gruppесamtalane kunne ungdomane kome med fleire negativt ladde karakterbeskrivingar for ulsteinvikarar. Ungdomane hadde altså negative stereotypiar knytt til denne gruppa. Sjølv om herøyværingar og ulsteinvikarar har eit nært forhold til kvarandre på eit ytre plan, vil ikkje dette automatisk føre til positive stereotypiar gruppene seg imellom (jf. Wegener, 1989; Macrae et al., 1994). Derimot kan den sterke sosiale kontakten mellom Herøy og Ulstein gjere at dei negative stereotypiane vert sterkare over lengre tid.

Som nemnt i kapittel 3.3.2, har eg ikkje i denne oppgåva sett inn tiltak for å styrke forholdet mellom desse to gruppene, men eg har sett på korleis Ulstein over lengre tid har vaksse seg til å bli eit stort samfunn som har opna for kontaktar med folk frå Herøy og med andre område elles utanfor kommunegrensa. Eg har derfor antatt at det over lengre tid har vorte skapt eit nærmare forhold mellom folk frå Herøy og folk frå Ulstein. Nye vegar og brubygging har gjort tilkomsten mellom områda enklare, og skuleutviklinga i Ulstein har også gjort at ungdomar trekker dit i kvardagen. Her møter ungdomane frå Herøy andre ungdomar frå både Ulstein og andre område i distriktet. På denne måten ser vi at dei negative stereotypiane ungdomane i Herøy har til ulsteinvikarar, kan ha ein samanheng med det nære forholdet mellom dei sosiale gruppene, og at dette dermed kan ha ført til at ungdomane vurderer både dialekta og folket frå Ulstein negativt. Eg vil ikkje konkludere med at det nære forholdet mellom dei sosiale gruppene skaper strid mellom folket og at dette utelukkande fører til negative haldningar og stereotypiar, men dette viser at språkhaldningar ikkje berre bygger på språklege forskjellar, men like mykje på kva for assosiasjonar ungdomane har til det folket som bruker dialekta.

7.4 Språkhaldningar og identitetsmarkering

Det at eit sterkare samhald fører til meir negative haldningar mot ei gruppe menneske, kan ha ein samanheng med at individ har eit naturleg behov for å forsvare seg sjølv, sin eigen identitet og sitt eige folk, noko som ikkje er uvanleg når fleire grupper menneske kjem nært innpå kvarandre. Det at språk er «acts of identity» (jf. Le Page & Tabouret-Keller), kan verte gjenspegla i språkhaldningane som har kome fram i denne undersøkinga. Ungdomane i Herøy rangerte si eiga dialekt høgast i estetikkvurderinga for å markere at dei støtter opp om sitt eige folk og sin eigen sosiale posisjon. Motsett framhevar ungdomane avstand til folket frå nabokommunane ved å vurdere dialektene frå områda lågt i estetikkvurderinga. Til nærmare geografisk og sosial kontakt, til meir truga kan ungdomane i Herøy føle seg, fordi normer og

tradisjonar frå andre område står i fare for å overkøyre fellesskapet mellom innbyggjarane i Herøy.

Dette viser at når ungdomane har vurdert dialektene i prosjektet, har dei i like stor grad gjort vurderingar på bakgrunn av identitetsmarkering. For at vi skal få eit tydelegare bilet på nøyaktig kva for indre faktorar som gjer at slike haldningar blant ungdomane oppstår, må vi prøve å forstå kva haldningane er bygd opp av og korleis vi skal forstå haldningar som fenomen.

7.5 Psykologiske aspekt ved haldningane

For at vi skal forstå kvifor ungdomane i Herøy på den eine sida er så patriotiske til eiga dialekt og til sitt eige folk, medan dei på den andre sida uttrykker negative haldningar til naboområda, må vi drøfte dette opp imot dei psykologiske aspekta ved haldning. Det at vi har ei forståing av kva haldning er og kva haldningar er bygde opp av, kan i seg sjølv hjelpe oss med å forstå resultata om haldningane til ungdomane.

Ungdomane frå Herøy er patriotiske ved at dei plasserer si eiga dialekt på topp på bevisst nivå i estetikkvurderinga (jf. tabell 6.5), noko som også samsvarer godt med det som ungdomane rapporterer i gruppесamtalane. Her verka dei fleste ungdomane patriotiske ved at dei både snakkar godt om si eiga dialekt og folket sitt utan å kunne argumentere på ein god måte for kvifor dei har desse haldningane. For å forstå dette, kan vi knyte haldningane til haldningskomponentane (Agheyisi & Fishman, 1970, s. 139–140; Baker, 1992, s. 12–13; Garrett, 2010, s. 23) som viser korleis haldning bygger på tre sentrale komponentar. Det kognitive aspektet kjem fram i haldningane til ungdomane ved at ungdomane tydeleg anerkjenner at dei er ei eiga gruppe med eit eige folk som skil seg frå andre geografiske område. Det affektive aspektet slår deretter inn ettersom dette på ein kjenslemessig måte opnar for at folket som ungdomane har rundt seg er folk som står dei nære. Vidare førekjem haldningane som konative fordi ungdomane eksplisitt taler godt om seg sjøve og folket sitt for å forsvare seg og gruppa si. «Det er den beste dialekta» og «dialekta vår er faktisk fin og ikkje jálete slik som dialekta i for eksempel Oslo» var utsegn som ungdomane kom med i gruppесamtalane, og som vi kan sjå i takt med haldningskomponentane.

Haldningsfunksjonane (jf. Katz, 1960, s. 170) kan også gjenspegle seg i dei haldningane som kjem fram i denne studien. Nyttefunksjonen, som spelar på at haldningar oppstår for å passe inn i ei gruppe eller eit miljø, kan bety at ungdomane samla sett etablerer haldningar som gjer at dei passar inn blant dei andre elevane i klassa og på skulen. Ein elev kan til dømes ha

ropt ut utsegn i gruppесamtalane for å vise at vedkomande deler felles haldningar med dei andre i klassa for å markere at han eller ho hører til i gruppa.

Vidare kan ungdomane i gruppесamtalane ha uttrykt haldningar gjennom den ego-forsvarande funksjonen der dei forsvarer seg sjølv i ein diskusjon. Der elevane kjem med patriotiske utsegn utan å argumentere kvifor dei «har den beste dialekta», kan vere eit døme på at målet er å forsvare seg sjølv snarare enn å diskutere og sjå tankar og meininger i ulike perspektiv.

Dette kan også sjåast i samband med verdifunksjonen, der ungdomane uttrykker at det er viktig å vise fram kven ein er. Fleire av elevane var tydelege på at dersom ein ikkje snakkar dialekta si, så kan ein ikkje kategorisere seg som ein herøyværing. Patriotiske haldningar kjem dermed til syne fordi det viktigaste trass alt er å markere sin eigen identitet.

Ungdomane har også behov for å forstå det samfunnet dei lever i og rundt, og tenker gjerne at ein herøyværing har kvalitetar og eigenskapar som folk frå andre område ikkje har, og at det dermed er logisk at dei må fremje desse kvalitetane og eigenskapane gjennom kunnskapsfunksjonen. På den eine sida knyter ungdomane i Herøy dialekta og folket sitt til «fiskarar», og Ulstein på den andre sida til «Høddarar». I Herøy arbeider ein på sjø, medan ein i Ulstein spelar fotball, og dette er ungdomane sin måte å skilje folket frå kvarandre på bakgrunn av stereotypiske trekk.

7.6 Språkhaldningane sett i lys av tidlegare haldningsgranskingar

Eit av hovudmåla i oppgåva har vore å samanlikne haldningane frå Herøy med haldningar frå andre område på vestlandet. For å samanlikne resultata frå denne studien med funn frå tidlegare haldningsgranskingar, har eg sett opp to tabellar (tabell 7.1 og tabell 7.2) basert på to oversikter frå Sandøy (2013, s. 136–137) som framstiller funna til Aasmundseth (2010), Fossheim (2010) og ulike granskingar gjort av Ragnhild Anderson i bergens- og stavangerområdet. I tillegg til oversikta som Sandøy har presentert har eg i tabell 7.1 og 7.2 lagt til resultata frå mi haldningsgransking.

Tabell 7.1 viser bevisste haldningar frå estetikkvurderingar medan tabell 7.2 viser underbevisste haldningar frå masketestar. I begge tabellane er «nasjonal» referert til sentralaustlandske. «Regional» er referert til ulike regionsenter: Ålesund for Herøy, Molde for Midøya, Bergen for Øygarden og dei andre områda omtala som Bergen, og Stavanger for både Stavanger og Ogsa. «Lokal» er vist til lokale dialeakter innover i den aktuelle regionen. Under nokre av radene for Bergen og Stavanger er det også teke med kva for skular det vart gjort ulike

undersøkingar på (skrive i kursiv). Der det er samanslårte celler i tabellen, er det ikkje signifikans mellom dei to varietetane, men varieteten før skråstreken fekk likevel høgare score i forhold til varieteten bak skråstreken i rangeringa. Rada til venstre i begge tabellane viser kva for plassering dei ulike varietetane har fått i rangeringane.

Tabell 7.1: Bevisste haldningar (estetikkvurderinga) frå ulike delar av vestlandet

	Herøy	Midøya	Øygarden	Bergen: <i>Rå,</i> <i>Slotthaug,</i> <i>Gimle</i>	Bergen: <i>Rothaugen</i>	Bergen: <i>Ytre</i> <i>Arna</i>	Stavanger	Ogna
1	Lokal	Lokal	Lokal	Regional	Regional	Lokal / Regional	Regional	Lokal
2	Nasjonal	Regional	Regional	Nasjonal	Lokal		Nasjonal	Regional
3	Regional	Nasjonal	Nasjonal	Lokal	Nasjonal	Nasjonal	Lokal	Nasjonal

Eit gjennomgåande resultat for estetikkvurderingane er at respondentane frå alle områda på vestlandet synest at sitt eige talemål er finast (Sandøy, 2013, s. 136), og funna frå undersøkinga i Herøy viser heller ikkje noko unntak når det gjeld dette. Desse resultata er dessutan ikkje ulike frå estetikkvurderingane frå Danmark, der respondentane vurderer sitt eige talemål best på bevisst nivå i ulike delar av landet (Kristiansen, 2009). Sandøy presiserer at resultatet med dei bevisste haldningane (estetikkvurderinga), både i Noreg og Danmark, ikkje openlyst samsvarer med språkutvikling nokon stad (Sandøy, 2013, s. 136).

Det som skil resultata frå Herøy frå dei andre områda, er plasseringa av regionsmålet. Eit gjennomgåande funn frå dei andre lokale områda på vestlandet er at det regionale talemålet har vorte vurdert som nest finast (jf. Midøya, Øygarden, Ytre Arne og Ogna), medan regionsdialekta i Ålesund var klårt vurdert som minst fin blant ungdomane i Herøy, både på det overordna nivået, som er presentert i denne tabellen, og på det nyanserte nivået der det var teke med tre ulike lokale dialekter i staden for éi felles «lokalt» (jf. tabell 6.5). Der dei andre lokale områda, som presenterte ovanfor, vurderte det nasjonale talemålet som minst fin, kom denne varieteten på andre plass i rangeringa av ungdomane i Herøy.

Tabell 7.2: Underbevisste haldningar frå ulike delar av vestlandet

	Herøy	Midøya	Øygarden	Bergen: <i>Rå</i> <i>Ytre Arna</i>	Bergen: <i>Årstad</i> <i>Rothaugen</i> <i>Slotthaug</i>	Stavanger: <i>Kannik</i> <i>St. Svithun</i>	Ogna
1	Lokal	Lokal / Nasjonal	Nasjonal	Regional	Nasjonal	Lokal	Lokal
2	Nasjonal	Nasjonal	Regional	Nasjonal	Regional	Regional	Regional
3	Regional	Regional	Lokal	Lokal	Lokal	Nasjonal	Nasjonal

Resultata for dei underbevisste haldningane viser eit meir ujamt resultat samanlikna med dei bevisste haldningane. Det er vanskeleg å sjå noko tydeleg mønster blant dei underbevisste språkhaldningane i dei ulike delane av vestlandet, og dette viser heller ingen klåre tendensar mot ei generell språkutvikling på vestlandet, slik ein har kunne sett på landsbasis i Danmark (jf. Kristiansen, 2009).

Då eg i dette prosjektet testa hypotesen om samanheng mellom dei bevisste og underbevisste haldningane, sette eg opp retningsbaserte hypotesar basert på resultata frå Midsund (Fossheim, 2010) for å sjå om det kunne vere eit felles mønster i Møre og Romsdal. Ut ifrå tabell 7.1 og 7.2 kan vi sjå at det er noko felles mønster, men resultata viser ingen heilt klåre og like motiv. På bevisst nivå er dei lokale dialektene vurderte signifikant høgast både i Herøy og på Midøya, men der resultata frå Midøya viser det regionale talemålet (Molde) på andre plass og det nasjonale talemålet (Austland) på tredje plass, viser funna frå Herøy omvendt plassering for andre- og tredje plassen. På underbevisst nivå viser resultata frå Herøy og Midøya likt mønster, der dei lokale dialektene er vurderte høgast, etterfylgt av det nasjonale og det regionale talemålet. Forskjellen er at den lokale varieteten på Midøya ikkje var vurdert signifikant høgare enn den nasjonale varieteten, og vi veit dermed ikkje sikkert at den lokale vart vurdert høgare enn den nasjonale.

Sjølv om Herøy og Midøya ligg nært geografisk sett, er det snakk om to ulike regionsmål for desse områda. Derfor er verken dei lokale eller regionale varietetane som er presenterte i tabell 7.1 og 7.2 like for Herøy og Midøya. Respondentane i haldningstesten har vurdert ulike dialekter, noko som kan forklare kvifor mønsteret ikkje er heilt likt for Møre og Romsdal fylke.

Eit sentralt funn frå Fossheim (2010, s. 110), som ikkje er teke med i framstillinga til Sandøy (2013), er at ho i tillegg undersøkte haldningar til dialekta i Ålesund når ho studerte språkhaldningane på Midsund. Respondentane på Midsund rangerte ålesundsmålet lågt på både bevisst og underbevisst nivå. I undersøkinga si kalla Fossheim (2010) varieteten rett nok «sunnmørsk», men språkprøvene som vart nytta, var av stemmer frå Nordre Sunnmøre. Ikkje

berre frå lokale område sør for Ålesund vert ålesundsmålet vurdert lågt, men også respondentar nord frå Ålesund, i kryssinga mellom Sunnmøre og Romsdalen, gir ålesundsmålet låg rangering.

Som allereie drøfta i denne oppgåva, kan ei mogleg forklaring på den låge rangeringa for Ålesund i Herøy kommune henge saman med språkutviklinga på Søre Sunnmøre, slik ho er presentert i tidlegare forsking. For dei andre delane på vestlandet kan ein sjå noko samanheng mellom dei underbevisste haldningane og språkutviklinga i dei aktuelle områda, og det vil vere overraskande dersom resultata frå Herøy skulle gi andre indikasjoner. Eit anna påfallande resultat, er at det ser ut til at dialekta i ålesundsområdet vert vurdert lågt fleire plassar enn berre i Herøy (jf. Fossheim, 2010). Nøyaktig *kva* som er slåande med denne varieteten, har ikkje denne oppgåva svaret på. Det er mogleg at vidare forsking på sjølve språket på Sunnmøre kan finne interessante svar på dette.

7.7 Drøfting av forskingsopplegget

I dette prosjektet har eg møtt på utfordringar knytt til forskingsopplegget, og eg vil avslutte drøftingskapittelet med å trekke fram nokre av desse aspekta.

7.7.1 Gode nok språkprøver?

I dette kapittelet har eg drøfta i kva grad ungdomane har hatt utfordringar med å kjenne att dei lokale dialektene og høyre forskjellar mellom dei. Det var til saman ni lokale dialekter i lydprøva, og det var eg sjølv som valde ut personar til å spele inn desse stemmene på bakgrunn av mine eigne nærbilag. Sjølv om eg hadde kontroll på kven desse personane var og kvar dei kom ifrå, kan eg ikkje vere heilt sikker på at eg valde ut dei rette personane med stemmer som var godt nok representert for dialektene. For det første kan ein stille spørsmål ved i kva grad språktrekka frå dialektene kom tydeleg nok fram i opptaka. For det andre kan ein stille spørsmål ved om dei utvalde personane frå opptaka representerte dialektene frå stadane godt nok. Det er vanskeleg å ta ei tydeleg vurdering på dette, men eg må likevel ta omsyn til at språkprøvene både kan vere gode eller mindre gode. Dette kan igjen ha vore med på å påverka resultata frå haldningsgranskninga.

Ungdomane svarte sprikande når det kom til dei lokale dialektene i masketesten, og tidlegare såg vi at både oppstillinga og forholdet mellom dialektane i rangeringa ikkje gav signifikante resultat (jf. tabell 6.1). Ungdomane hadde også problem med å plassere dei lokale

dialektene i dialektpllasseringa (jf. figur 6.1). Ein kan derfor ikkje sjå bort ifrå at kvalitetane ved språkprøvene kan vere ein faktor som har spelt inn på resultata mine. På den andre sida har eg vist at det at det i dag er få forskjellar mellom dei lokale dialektene, og at det kan sjå ut til at det skjer ei utjamning av språket, noko som gjer at det er vanskeleg å fange opp tydelege språktrekk som skil seg ut for dialekta. I språkprøve 11, som hadde klåre språktrekk på lik linje med språkprøve 7, skulle ein tenke seg at elevane oppfatta at denne personen snakka Herøy-dialekt. Dette var ikkje tilfelle. Det viser at sjølv om ikkje respondentane i haldningstesten klarte å plassere dialektene geografisk riktig, er det lite sannsynleg at dette var grunna dårlige språkprøver. Dette heng truleg saman med ein av hovudkonklusjonane i oppgåva, som er at ungdomane i det store og heile har utfordringar med å fange opp desse dialekttrekka og at dei ikkje greier å skilje mellom lokale dialekter på Søre Sunnmøre.

7.7.2 Det digitale spørjeskjemaet

Som nemnt i kapittel 5.3.6.2, gjorde eg ein ny vri på haldningstesten ved at eg utforma digitale spørjeskjema på bakgrunn av dei tidlegare spørjeskjema frå DEP, som var på papir. Målet med å bruke ein digital variant av spørjeskjemaet var å lette etterarbeidet, noko eg også vil påstå at det gjorde. Likevel oppstod det andre utfordringar ved å bruke digitalt spørjeskjema. Det at elevane svarte på eit spørjeskjema på datamaskin eller mobiltelefon, gjorde det utfordrande for meg å ha kontroll på kva elevane hadde oppe på skjermene sine. Spørjeskjemaet var todelt der det var vesentleg at elevane stoppa opp i midten av undersøkinga, fordi dei ikkje skulle finne ut av føremålet med testen før alle var komne like langt. Når eg ikkje hadde tilsyn med dataskjermane til elevane, kunne eg dermed ikkje kontrollere at alle elevane gjorde det dei skulle. I alle dei tre haldningstestane eg hadde, kunne lærarar fortelje meg i etterkant av ein test at dei hadde observert at ein eller to elevar i klassa hadde trykt vidare i spørjeskjemaet utan at dei fekk beskjed om å gjere det.

Ei anna utfordring var at det var fleire elevar som ikkje svarte på undersøkinga slik dei fekk beskjed om å gjere. Til dømes kunne lærarar som var til stades i klasserommet, også formidle at nokre elevar hadde svart «1» på alle kategoriane for alle stemmene. Dette kunne også ha skjedd i dei tidlegare testane der spørjeskjemaet var på papir, men forskjellen med mitt prosjekt var at sidan alt datamaterialet skreiv seg rett inn i programmet, var det ikkje nødvendig å gå gjennom kvart skjema for kvar respondent og eventuelt luke ut uvesentlege svar, slik som blei gjort i DEP. Dette var noko eg kunne ha gjort, men målet med det digitale spørjeskjemaet var trass alt å sleppe slikt krevjande etterarbeid. Eg vil påstå at det oppstår utfordringar både

med digitale spørjeskjema og fysiske spørjeskjema på papir, og at eg likevel gjorde det rette valet med ein digital versjon fordi det var både meir effektivt i sjølve feltarbeidet og i etterarbeidsfasen.

Kapittel 8: Konklusjon

I denne oppgåva har eg studert bevisste og underbevisste språkhaldningar blant ungdomar i Herøy på Søre Sunnmøre. I stor grad har studien basert seg på metodar frå tidlegare haldningsgranskinger gjennom prosjektet *Dialektendringsprosessar*, og eg har på denne måten kunne samanlikne resultata mine opp imot tidlegare forsking for å styrke det metodiske og teoretiske fagfeltet. På denne måten har studien min bidrege til det sosiolinguistiske forskingsområdet og språkhaldningsforskinga.

Eg vil avslutte oppgåva med å hente fram att problemstillingane, der eg vil gi ei oppsummering av det mest sentrale frå funna i studien. I tillegg vil eg legge fram forslag for tema det kan vere interessant å forske vidare på.

8.1 Problemstilling 1: Kva for haldning har ungdomane i Herøy?

Problemstilling 1:

Kva for haldningar har ungdom i Herøy til dialektene i Herøy, Sande, Ulstein, Ålesund og på Austlandet?

Etter å ha utført ein haldningstest og gruppesamtalar med ungdomar i Herøy, har eg fått kartlagt kva for bevisste og underbevisste haldningar ungdomane har til si eiga lokaldialekt og til dialektene i Sande, Ulstein, Ålesund og på Austlandet. På bevisst nivå viser det seg at ungdomane er patriotiske til si eiga dialekt og sitt eige folk ved at dei vurderte dialekta i Herøy på topp i estetikkvurderinga, i tillegg til at dette i stor grad kom fram i gruppessamtalane. Ungdomane i Herøy er også mest negative til dei dialektene og folket dei har nærest rundt seg (Sande, Ulstein, Ålesund). På den andre sida har det vist seg på eit overordna nivå, når dei tre lokale dialektene (Herøy, Sande og Ulstein) vart slått saman til éin varietet, at dei lokale dialektene samla sett kom på topp i rangeringa. Ålesund var framleis vurdert lågast.

Det at ungdomane har så negative bevisste haldningar til regionsmålet, er eit interessant funn. Berre på statusvurderinga vurderer ungdomane talemålet i Ålesund høgt. Sjølv om dei er negative til Ålesund, anerkjenner ungdomane at dette er ei dialekt som har høg status blant folk i samfunnet. Ungdomane i Herøy vurderer også dialekta frå Austlandet høgt, men under si eiga dialekt og over dei lokale og den regionale dialekta. Dei meiner på den andre sida at austlandsk

har låg status blant folk flest i samfunnet, noko som også er eit interessant og uventa funn. Moglegvis kan dette henge saman med at ungdomane ikkje har noko nær tilknyting til Austlandet, og at dei kanskje ser på Austlandet som fjernt og for langt vekke til at dei kan ha noko nært forhold til området.

På underbevisst nivå kan det sjå ut til at ungdomane på eit overordna nivå synest best om dei lokale dialektene på Søre Sunnmøre. Resultata viste eit noko ujamt mønster i rangeringa av dei fem dialektene på eit nyansert nivå, men når eg slo saman dei ni lokale dialektene til éin varietet, viste det seg at desse tydeleg var vurderte høgast. Ungdomane vurderer regionsdialekta i Ålesund lågast på underbevisst nivå slik som på bevisst nivå. På linje med dei bevisste haldningane, vurderer ungdomane i Herøy austlandske midt på treet.

Eg vil avslutte med å konkludere med at det er eit tydeleg mønster mellom dei bevisste og underbevisste haldningane til ungdomane på eit overordna nivå. På eit nyansert nivå har resultata vist eit meir ujamt mønster, og eg har foreslått at det at ungdomane i det store og heile verkar å ikkje høyre forskjellar mellom dei lokale dialektene, kan vere ei mogleg forklaring på dette.

8.2 Problemstilling 2: Kvifor har ungdomane dei haldningane dei har?

Problemstilling 2:

Kva kan vere grunnen til at ungdomen i Herøy har dei haldningane dei har?

Målet med problemstilling 2 har vore å prøve å forstå og forklare resultata frå problemstilling 1. Dette har eg gjort ved å sjå resultata i lys av det teoretiske grunnlaget for prosjektet, som har vore delt inn i sosiale faktorar på makro-, mikro- og mesonivå. På *makronivå* har eg undersøkt korleis ytre faktorar kan hjelpe oss med å tolke resultata frå datainnsamlingane, der eg har lagt vekt på dei ytre samfunnsstrukturane og det geografiske området som ungdomane lever i og rundt, i tillegg til forma av eit lokalsamfunn og normer og reglar for språket i eit område. På *mikronivå* har eg prøvd å forstå korleis indre faktorar kan hjelpe oss å forstå språkhaldningane. Her har eg lagt vekt på psykologiske aspekt ved haldning – kva det er bygd opp av og korleis vi skal forstå fenomenet. På *mesonivå* har eg sett på korleis samhandlinga mellom individua frå dei geografiske områda kan spegle att i haldningane til ungdomane, korleis språkhaldningane

ofte handlar om sosiale framfor reint språklege aspekt, korleis språk heng saman med identitet, og korleis stereotypiar kan henge saman med haldningane.

Det er verdt å peike på at eg har undersøkt eit utval av forklaringsfaktorar som *kan* hjelpe oss med å forstå haldningane til ungdomane på ein heilskapleg måte. Det er dermed ikkje sagt at desse faktorane er avgjerande for haldningane deira, og andre faktorar kan også vere med på å påverke og forklare haldningane frå denne studien. I oppgåva har eg vist at det ikkje berre er enkle og klåre forklaringar på kvifor ungdomane i Herøy har dei haldningane dei har, men at bakgrunnen for haldningane består av ei rekke samansette faktorar. For det andre er det heller ikkje slik at det anten er ein faktor på makro-, mikro- eller mesonivå som er forklaringa, men det viser seg å vere ein kompleks samanheng mellom alle dei sosiale nivåa, der dei ikkje kan studerast utelukkande frå kvarandre.

8.3 Vidare forsking

Målet med prosjektet har ikkje berre vore å avdekke viktige funn og utvikle ny kunnskap innan haldningsforskinga, men det har også vore eit mål at prosjektet kan opne for interesse for vidare forsking. Dette prosjektet har heller ikkje funne svar på alt, og det er fleire spørsmål som står att som det er sentralt å kunne bygge vidare på.

Mitt prosjekt har kunne vidareutvikle kunnskapane vi har om språkhaldningar på vestlandet. Det er enno forska lite på språkhaldningar i Noreg, og meir forsking på dette fagfeltet vil gi meir kunnskapar om språkhaldningar på vestlandet, og eventuelt i Noreg. Dersom vi etter kvart kan sjå språkhaldningar i eit større perspektiv, får vi eit meir heilskapleg bilet av språkhaldningane her til lands.

I denne oppgåva har eg også presentert metodeeksperimentelle artiklar (Anderson, 2010; Maegaard & Quist, 2020) som set spørsmål ved metoden i masketesten. Sjølv utførte eg ingen metodiske eksperiment i mitt prosjekt, men eg undersøkte i kva grad det maskerte føremålet med masketesten hadde noko å seie for resultata eller ikkje. Utan at eg har kunna konkludert med noko sikkert funn, kunne eg i denne studien sjå tendensar til at det var eit felles mønster mellom dei som hadde avslørt og dei som ikkje hadde avslørt føremålet med testen. Har det då noko føre seg om masketesten i det heile er «maskert»? Eg meiner at det er interessant å kunne forske meir på det metodiske rundt masketesten, både for å kome opp med ein mest mogleg effektiv framgangsmåte, og også for å få betre kunnskap om språkhaldningar i seg sjølv.

I denne oppgåva har eg prøvd å sjå samanhengar mellom språkhaldningane til ungdomane og kva tidlegare forsking seier om språkutviklinga på Søre Sunnmøre. Som eg har nemnt i oppgåva, har eg nytta meg av tidlegare studiar som er over 20 år gamle, og vi veit dermed for lite om språkutviklinga i området i dag. Det vil vere interessant å finne ut meir om nyare språkutvikling, og meir om språket på Sunnmøre generelt, fordi dette kan opne for å studere nye samanhengar mellom språk, individ og samfunn – anten det er meir om haldningar, eller om ein vil undersøke samanhengar mellom andre sosiale faktorar.

Litteraturliste

- Abrahamsen, J. (1995). *Utvalede palatal-tal: Metodekritisk lys på avpalatalisering i yngre mål i Herøy på Sunnmøre* (Hovudfagsoppgåve). Universitetet i Trondheim.
- Aghayisi, R. & Fishman, J. (1970). Language Attitudes Studies: A Brief Survey of Methodological Approaches. *Anthropological Linguistics*, 12(5), 137-157.
DOI: <https://www.jstor.org/stable/30029244>
- Akselberg, G. (2005). Talemålsregionalisering – modellar og røynd. *Målbryting*, 2005(7), 109-130.
DOI: <https://doi.org/10.7557/17.4778>
- Akselberg, G. (2006). Horisontalistar versus vertikalistar: Om ulike tolkingar av talespråklege endringsprosessar i Noreg. *Målbryting*, 2006 (8), 133-150.
DOI: <https://doi.org/10.7557/17.4794>
- Akselberg, G. & Mæhlum, B. (2003). Sosiolinguistisk metode. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte: Innføring i sosiolinguistik* (2. utg., s. 73-88). Oslo: Cappelen Damm akademisk forlag.
- Anderson, R. (2010). Medvitne og umedvitne haldningar til bergensk, austlandsk og strilemål hjå ungdomar i Åsane. *Danske talesprog*, 2010(8), s. 80–107.
- Bain, R. (1928). An Attitude on Attitude Research. *The University of Chicago Press*, 33(6), 940-957.
DOI: <https://www.jstor.org/stable/2765988>
- Baker, C. (1992). *Attitudes and Language*. Clevedon: Multilingual Matters Ltd.
- Berg, N. G. (2016). Lokalsamfunn som sted – hvordan forstå tilknytning til bosted? I M. Villa & M. S. Haugen (Red.), *Lokalsamfunn* (s. 34-52). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Bugge, E. (2016). Norske barns språksosialisering og språklige praksisfellesskap. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 34(1), s. 63-82.
DOI: <http://hdl.handle.net/11250/2481439>
- Farstad, M. (2016). Relasjonelle kvaliteter i bygd og by: Stereotypiene møter innbyggernes erfaringer. I M. Villa & M. S. Haugen (Red.), *Lokalsamfunn* (s. 260-282). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Farstad, R. (1996). *En studie av språkholdninger og stereotype forestillinger om og blant sunnmøringer, romsdalinger og nordmøringer* (Hovudfagsoppgåve). Universitetet i Trondheim.

- Fossheim, M. (2010). *Språket på Midøya: En sosiolinguistisk oppfølgingsstudie av talemålet på ei øy i Romsdalen* (Masteroppgåve). Universitetet i Bergen.
- Frøystadvåg, N. (1997). *Gamle ord og uttrykk i herøymålet: Ei sosiolinguistisk gransking av orddød* (Hovudfagsoppgåve). Universitetet i Bergen.
- Garrett, P., Coupland, N. & Williams, A. (2003). *Investigating Language Attitudes: Social meanings of dialect, ethnicity and performance*. Cardiff: University of Wales Press.
- Garrett, P. (2010). *Attitudes to language: Key topics in sociolinguistics*. Cambridge: Cambridge University Press.
- Goksøy, O. (1980). *Vokalar på vandring: Ein studie i endringa av målet i ytre Herøy med vekt på vokalsystemet etter motsetningane eldre-ung og sentrum-periferi* (Hovudfagsoppgåve). Universitetet i Trondheim.
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.
- Halvorsen, L. J. & Båtevik, F. O. (2016). I samme båt og øser for livet – forholdet mellom lokalsamfunnet og de minste dagligvarebutikkene. I M. Villa & M. S. Haugen (Red.), *Lokalsamfunn* (s. 198-215). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Haugen, R. (2004). *Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal* (Doktoravhandling). Universitetet i Bergen, Bergen.
- Hinton, P. R. (2004). *Statistics Explained* (2. utg.). London: Routledge.
- Hjelseth, A. (2016). Idrettslaget som markør for lokalsamfunnsidentitet. I M. Villa & M. S. Haugen (Red.), *Lokalsamfunn* (s. 216-234). Oslo: Cappelen Damm AS.
- Hogg, M. A. & Vaughan, G. M. (2010). *Essentials of Social Psychology*. Harlow: Pearson.
- Hymes, D. (1977). *Foundations in Sociolinguistics: An Ethnographic approach*. London: Tavistock Publications.
- Jahr, E. H. (1990). Dialekter og dialektbruk i Norge. I *Den store dialektboka* (s. 7–27). Oslo: Novus forlag.
- Katz, D. (1960). The Functional Approach to the Study of Attitudes. *The Public Opinion Quarterly*, 24(2), s. 163-204.
DOI: <https://psycnet.apa.org/doi/10.1086/266945>
- Kristiansen, T. (2009). The macro-level social meanings of late-modern Danish accents. *Acta Linguistica Hafniensia*, 41(1), 167-192.
DOI: <https://doi.org/10.1080/03740460903364219>

- Lambert, W. E., Hodgson, R. C., Gardner, R. C. & Fillenbaum, S. (1960). Evaluational Reactions To Spoken Languages. *Journal of Abnormal and Social Psychology*, 60(1), s. 44-51.
- DOI: <https://psycnet.apa.org/doi/10.1037/h0044430>
- Larsen, P. (1977). *Møre og Romsdal*. Oslo: Gyldendal forlag.
- Le Page, R. B. & Tabouret-Keller, A. (2011). *Acts of Identity: Creole-based approaches to language and ethnicity* (2. utg.). Cambridge: Cambridge University Press.
- Lianes, A. (2013). *Endringar i talemålet i Åram på Søre Sunnmøre: Ei sosiolinguistisk granskning i tilsynelatande tid* (Masteroppgåve). Universitetet i Bergen.
- Macrae, C., Bodenhausen, G., Milne, A. & Jetten, J. (1994). Out of mind but back in sight: Stereotypes on the rebound. *Journal of personality and social psychology*, 67(5), 808-817.
- Maegaard, M. (2020). Introduction: Standardization as Sosiolinguistic change. I M. Maegaard, M. Monka, K. Mortensen & A. Stæhr (Red.), *Standardization as sociolinguistic change: A transversal study of three dialect areas* (1–26). New York: Routledge.
- Maegaard, M. & Quist, P. (2020). Perception, recognition and indexicality: Experimental investigations of variation in Northern Jutland, Southern Jutland and on Bornholm. I M. Maegaard, M. Monka, K. Mortensen & A. Stæhr (Red.), *Standardization as sociolinguistic change: A transversal study of three dialect areas* (145–168). New York: Routledge.
- Mæhlum, B. (1992). *Dialektal sosialisering: En studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longeyardbyen på Svalbard*. Oslo: Novus Forlag.
- Mæhlum, B. (2008a). Normer. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte: Innføring i sosiolinguistikk* (89–103). Oslo: Cappelen Damm.
- Mæhlum, B. (2008b). Språk og identitet. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland & H. Sandøy (Red.), *Språkmøte: Innføring i sosiolinguistikk* (105–126). Oslo: Cappelen Damm.
- Opsahl, T. & Alkunne (Nynorsk kultursentrum). (2021). Dialekt. I *Store norske leksikon*. Lese 13. april 2022. Henta frå:
<https://snl.no/dialekt>
- Rabben, B. (1970). *Herøyboka: Landslag og folkeliv*. Fosnavåg: Herøy sogelag.
- Rabben, B. (1989). *Herøyboka: Bygdesoga 3*. Fosnavåg: Herøy sogelag.

- Sandøy, H. (1991). *Norsk dialektkunnskap* (2. utg.). Oslo: Novus forlag.
- Sandøy, H. (2013). Driving forces in language change – in the Norwegian perspective. I T. Kristiansen og S. Grondelaers (Red.), *Language (de)standardisation in late modern Europe: Experimental studies* (s. 125–152). Oslo: Novus press.
- Sandøy, H., Akselberg, G. & Kristoffersen, G. (2007). *Dialektendringsprosesser:* prosjektskisse.
<https://folk.uib.no/hnohs/DEP/Prosjektbeskriving,%20Dialektendringsprosesser.pdf>
- Sævik, R. (2000). *Variasjon og endring i talemålet på Søre Sunnmøre: Ei sosiolinguistisk gransking av talemålet i Herøy, Ulstein, Hareid og Sande* (Hovudfagsoppgåve). Universitetet i Oslo.
- Torseth, H. & Eide, P. (1999). *Herøy og folket*. Fosnavåg: Landego forlag.
- Venås, K. (1991). *Mål og miljø: Innføring i sosiolinguistik eller språksosiologi* (3. utg.). Oslo: Novus Forlag.
- Villanger, S. (2010). «*Da hadde vært litt kult visst vi hadde snakka strilsk om hondra år*»: Ei sosiolinguistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Øygarden (Masteroppgåve). Universitetet i Bergen.
- Wegener, D. (1989). *White bears and other unwanted thoughts: Suppression, obsession, and the psychology of mental control*. New York: Viking Press.
- Aasmundseth, K. (2010). «*I den store samanhengen er me jo bergensarar*» (Masteroppgåve). Universitetet i Bergen.

Referansar i fotnotar:

Nummerert etter rekkefølgja i oppgåva (Kapittel 3)

- 1** <https://kommunekart.com/klient/sunnmorskart> (Lese 14. januar 2022)
- 2** <https://www.google.no/maps/place/Herøy/@62.3294162,5.5446253,11z/data=!4m5!3m4!1s0x46173f35f7f4a589:0xac7bc0ba1ceb2012!8m2!3d62.4365329!4d5.4877263> (Lese 15. januar 2022)

- 3** Statistisk sentralbyrå. (2022). *Kommunefakta: Herøy (Møre og Romsdal)*. Henta frå: <https://www.ssb.no/kommunefakta/heroy-more-og-romsdal> (Lese 23. april 2022)

- 4** Statistisk sentralbyrå. (2022). *04861: Areal og befolkning i tettsteder. Kommuner 2000*

– 2021 [Datasett]. Henta frå:
<https://www.ssb.no/statbank/table/04861/> (Lese 15. januar 2022)

5 Statistisk sentralbyrå. (2022). *06913: Endringer i kommuner, fylker og hele landets befolkning. Kommuner 1951 – 2022* [Datasett]. Henta frå:
<https://www.ssb.no/statbank/table/06913/> (Lese 14. januar 2022)

6 Statistisk sentralbyrå. (2022). *09429: Utdanningsnivå, etter kommune og kjønn. Kommuner 1970 – 2020* [Datasett]. Henta frå:
<https://www.ssb.no/statbank/table/09429/> (Lese 17. januar 2022)

7 Statistisk sentralbyrå. (2022). *08536: Sysselsatte per 4. kvartal, etter region, næring (SN2007), statistikkvariabel , år og kjønn 2008 – 2021* [Datasett]. Henta frå:
<https://www.ssb.no/statbank/table/08536/tableViewLayout1/> (lese 30. april 2022)

8 https://global-uploads.webflow.com/61714237e31d3fa1bc651e82/61c2fed0affc31228014c566_1515%20Herrøy.pdf (Lese 17. januar 2022)

Vedlegg 1: Informasjonsskriv til rektor(ane)⁹

Til rektor ved Ytre Herøy ungdomsskule

Takk for telefonsamtalen vi hadde tidlegare!

Førespurnaden handlar altså om å få utføre ei undersøking med 9. og 10. trinn ved Ytre Herøy ungdomsskule, der eg vil ha med flest elevar frå desse klassene. I haust har eg starta på femte året ved lektorutdanninga i nordisk ved Universitetet i Bergen, og eg vil utføre denne undersøkinga i samband med masterprosjektet mitt i nordisk språk. Målet med masterprosjektet mitt er å studere haldninga til talemål blant ungdom i heimkommunen min Herøy, der dei utvalde deltarane er elevar frå 9. og 10. trinn i kommunen. I prosjektet ønskjer eg å skaffe informasjon både om elevane sine bevisste og underbevisste haldningar til sitt eige talemål, talemålet i Sande, talemålet i Ulstein, talemålet i Ålesund og talemål på Austlandet. Denne informasjonen vil eg skaffe gjennom ein haldningsgranskings-test, i tillegg til gruppessamtalar om talemål med elevar frå 10. trinn.

Metoden for prosjektet er inspirert av metodar som har vore brukt i tidlegare haldningsgranskinger ved UiB gjennom prosjektet *Dialektendringsprosessar på vestlandet* i perioden 2009-2012. I den samanhengen vart det gjort haldningsgranskinger av talemål ved ungdomsskular i område rundt Bergen, Stavanger og i Romsdalen. Tanken med dette prosjektet vil då vere å kartlegge språkhaldningar i Herøy på Søre Sunnmøre, og på denne måten bidra til språkhaldningsforskinga og det sosiolinguistiske forskingsfeltet som heilskap.

Haldningsgranskings-testen er delt i tre delar; Ein masketest, ei dialektpllassering og ei dialektrangering. Det sentrale med testen i undersøkinga er at elevane **ikkje** veit kva eksperimentet går ut på i det heile. Eg innleiar derfor eksperimentet med å halde temaet og føremålet skjult for deltarane (elevane). Slik vil eg kunne få tak i elevane sine underbevisste haldningar. Etter at første del av testen er over, vil bakgrunnen for prosjektet verte avslørt, og det er viktig å poengtere at elevane vil kunne få stille spørsmål om det dei lurer på etter kvart. Her kjem ei tydelegare oversikt over sjølv framgangsmåten for undersøkinga:

- 1) Masketest: Elevane får lytte til 15 innspelte stemmer (frå ulike talemål) og vert bedne om å vurdere personlege eigenskapar hos personane dei høyrer i eit digitalt avkryssingsskjema på mobiltelefonane eller datamaskinene sine. Avkryssinga inneheld nokre skalaar der elevane skal krysse av korleis dei vurderer personane bak stemmene.
- 2) Dialetkpllassering: No vil føremålet med eksperimentet vere avslørt, og elevane veit at dette handlar om haldningar til talemål. Elevane vert bedne om å plassere dei stummene dei høyrde geografisk, ved at dei får høyre lydopptaka éin gong til. Det at elevane får geografisk plassere talemål, viser om dei faktisk kjenner igjen dei ulike talemåla frå lytteprøva.

⁹ Eg skreiv eit informasjonsskriv til kvar av rektorane på dei tre skulane. Informasjonsskriva var tilpassa etter korleis eg låg an i datainnsamlinga på dei enkelte tidspunktene, men skriva bygde på det same innhaldet. Av den grunn har eg valt å legge ved eitt av informasjonsskriva.

- 3) Dialektrangering: Elevane vert bedne om å rangere opplista dialektar. Slik får eg tak i informasjon om elevane sine bevisste språkhaldningars.
- 4) Etter at eksperimentet er over får elevane moglegheit til å stille opne spørsmål om det dei lurer på angåande det dei har vore med på, eller meir generelt om haldningar til talemål.
- 5) Gruppesamtalar i éi eller fleire klasser ved 10. trinn etter eksperimentet (helst same dag som eksperimentet). Det er opp til dykk på skulen å avgjere kor mange klasser eg skal gå inn i. I klassene ønskjer eg å presentere kort resultata frå eksperimentet, og ut ifrå dette opne for diskusjon med klassa om eksperimentet, i tillegg til temaa språkleg varietet, haldningar til talemål og språkleg identitet (jf. kompetansemål etter 10 trinn: «Utforske språklig variasjon og mangfold i Norge og reflektere over holdninger til ulike språk og talespråksvarianter»). Eg vil lage 8 diskusjonsspørsmål som ligg til grunn for diskusjonen i klassa. I denne delen av prosjektet er eg ute etter meir kvalitativ informasjon om elevane sine bevisste haldningar til talemål.

Eksperimentet vil ta om lag éin skuletime, altså 45 minutt. Diskusjonsdelen med klassa/klassene etter eksperimentet vil ta minimum 30 minutt, men dersom det er ønskeleg kan eg lage eit opplegg for éin time (45 minutt). Som nemnt er det med eksperimentet **svært viktig at elevane på førehand ikkje veit at det handlar om språk eller haldningar til språk**. Det er også hensiktsmessig å ikkje informere om at eg kjem frå Universitetet i Bergen, då også dette moglegvis kan påverke testresultata. Derfor vil eg i starten berre opplyse elevane om at dei skal få vere med på eit eksperiment, og at dei vil få full informasjon om undersøkinga etterpå. Som siste del av masketesten vil elevane få skrive ned kva dei sjølve trur eksperimentet har gått ut på, før eg legg fram temaet og føremålet.

Grunna det skjulte føremålet med testen er det viktig at eksperimentet kan verte gjennomført på éin og same time den same dagen. Det vil då vere hensiktsmessig å få samla elevane i ein gymsal eller eit større lokale for å få plass til alle. Det er også fint om timelærarane kan vere til stades i denne timen for å sørge for å halde ro i klassene. Lærarane må gjerne verte informerte om prosjektet, men dei må heller ikkje seie noko til elevane om kva eksperimentet går ut på.

Når det kjem til utstyret som trengs til eksperimentet, har eg berre behov for ein PC som kan koplast på eit lydanlegg. Eg har med ein minnepenn med lydprøvene som skal spelast av. Det er også viktig at elevane har med seg eigne mobiltelefonar eller datamaskiner til eksperimentet, og elevane kan gjerne få vite at dette er vesentleg for å kunne ta del i eksperimentet. Dei vil få ein link frå meg med digitale spørjeskjema som dei skal svare på. Elevane skal svare individuelt og kan ikkje samarbeide med andre.

Det vert ikkje spurta etter sensitive opplysingar i eksperimentet og elevane vil vere heilt anonyme. Det skal altså ikkje opplysast noko namn eller gjenkjenneleg informasjon på det som skal samlast inn verken i masketesten eller ved spørjeundersøkinga. Dei einaste opplysingane som skal samlast inn, er eleven sitt kjønn, alder, klasse og stad eleven er vakse opp på. I tillegg er det frivillig for kvar enkelt elev å ta del i eksperimentet, og dersom ønskeleg er det mogleg å trekke seg underveis. Desse kriteria gjeld også for gruppessamtalane med klassene på 10. trinn. Ingen personopplysingar skal verte samla inn, og det er frivillig å ta del i samtalen. All informasjon om personvern vil eg gjere tydeleg for elevane i feltet.

Heile prosjektet vil vere registrert i personvernportalen til Universitetet i Bergen, UiB Rette. For meir informasjon om dette, ta kontakt med personvernombodet ved UiB: Janecke Helene Veim (e-post: personvernombud@uib.no)

Etter planen min ønskjer eg å utføre undersøkinga i veke 44 eller 45. Gjerne kom med ei tilbakemelding på kva dag som passar best for dykk, så arrangerer eg opplegget etter dette.

Ved spørsmål eller fleire opplysingar om prosjektet kan du ta kontakt på e-post eller telefon.

Kontaktinformasjonen min, i tillegg til kontaktinformasjonen til rettleiaren min, førsteamanuensis i nordisk fagdidaktikk ved UiB, Ragnhild Lie Anderson, vil du finne nedst i skjemaet.

Venleg helsing
Ragnhild Rooney
Masterstudent i nordisk språk ved Universitetet i Bergen

Kontaktinformasjon:

Ragnhild Rooney

- Telefon: 480 98 279
- E-post: rro017@uib.no

Ragnhild Lie Anderson – Førsteamanuensis i nordisk fagdidaktikk ved Universitetet i Bergen

- Telefon: 555 89 489
- E-post: ragnhild.anderson@uib.no

Vedlegg 2: Gaid for haldningsgranskings-test i Herøy

Gaid for haldningsgranskings-test i Herøy

Viktig å gå over før feltarbeidet:

1. Rektor og lærarar bør ha mint elevane på å vere presise til timen.
2. Eg informerer informantane berre om at dei skal få delta i ein test som dei ikkje får vite meir om på førehand, men at eg vil orientere om det og opne for spørsmål etter at første delen av undersøkinga er avslutta. (Derfor unngår eg også å seie at eg kjem frå Universitetet i Bergen. Til rektor og lærarar opplyser eg kvar eg kjem ifrå og vakt om føremålet – for å få løyve til å gjennomføre testen – men med pålegg og forklaring om at det må ikkje seiast vidare til elevane). NB: Alle spørsmål som eventuelt dukkar opp i forkant, blir avviste med denne lovnaden om at dei skal få svar på alt dei lurer på etter første del av testen.
3. Pass på at alle har med seg mobiltelefon (smarttelefon) på møtet. Dei som ikkje har mobiltelefon, kan bruke Chromebook. Lærarane er informerte om dette, og hjelpt til med å halde kontroll.
4. Vis lenke og tilgangskode på storskjerm (etter at elevane har fått hørt kortversjonen første gang). Elevane skal gå inn på nettsida til SurveyXact og skrive inn ei kode for å få tilgang til spørjeskjemaet.
5. Eg (som leier testdelen) bør ha utskrift av spørjeskjemaet føre meg under undersøkinga. På denne måten er det lettare å følgje med, til dømes om nokon av informantane har spørsmål til dei forskjellege delane.
6. Øv inn teksten nedanfor – som er meir eller mindre eit manus. Pass på at eg får naturleg språkføring. (Unngå å lese slavisk).
7. Visst elevane sit for tett saman, ber eg dei flytta stolane frå kvarandre. Presiser at dei ikkje skal snakke med kvarandre mens testen går føre seg, og at det ikkje er lov til å samarbeide med andre. Dei elevane som verken har med seg mobiltelefon eller Chromebook, må sitje heilt stille og ikkje forstyrre dei andre. Lærarane for klassene som er med i lokalet skal sørge for å halde ro blant elevane.
8. Visst ein elev får hjelp av læraren undervegs, er det OK. (Lærarane kjenner til kven som har leseproblem).
9. Begynner nokon å klage på at dei ikkje greier oppgåva, skal svaret vere at ein skal gjere det ein får til.

Manus

1. Innleiing

Eg har vore så heldig å få lov å kome hit på skulen dykkar for å gjennomføre ei undersøking. De skal få vere med på ein test, og de får ikkje vite meir om føremålet no. Etter ei stund skal eg forklare kva det går ut på, og de skal få svar på alt de lurer på etter kvart. Det er ein anonym test de er med på, på den måten at det ikkje kan sporast tilbake kven som har svart på undersøkinga. Det er også valfritt å vere med på testen. Visst du ikkje vil vere med, må du sitje på plassen din og vente. Det er ikkje moglegheit for å samarbeide med andre – ein må gjere denne testen individuelt.

Eg heiter Ragnhild. De skal også få vite meir om kven eg er etterkvart.

Testen er slik at de skal få lytte til femten personar som det er gjort lydopptak med, og etterpå skal de fylle ut i eit skjema korleis de vurderer desse personane. Dette kjem til å skje i to omgangar. De kjem til å få ei kode der de skal logge dokke inn på ei nettside for å få tilgang til eit besvaringskjema. Men før vi begynner, skal de først få høyre opptaka éin gong.

[Spel av fila *KORTVERSJON*]

[Vis lenke til nettisda som informantane skal gå inn på, samt nøkkelkoda som gjev tilgang, på storskjerm]

Når de har kome inn på spørjeskjemaet, vil det stå litt informasjon på første side. Eg skal gje dykk nokre instruksar før de startar på testen.

2. Evaluering av personar – instruksjon

På framsida står det ei orientering for korleis de skal besvare undersøkinga. Eg skal no lese opp det som står på framsida. Fylg godt med på det eg seier, samtidig som at de les på skjermane dykker.

Du skal no få høyre dei same personane igjen, og no skal du vurdere korleis du oppfattar personane.

Oppgåva di er å lytte til personane og vurdere dei på en skala frå 1-7 i alt 8 kategoriar. Det er eitt skjema for kvar av dei femten personane.

Hugs at det er førsteinntrykket ditt eg er interessert i. Kvart opptak er på 15 sekund, og du bør krysse av på alle skalaene på den tida. Det vil ikkje vere mogleg å gå tilbake i undersøkinga. Fylg derfor godt med før du trykker vidare i skjemaet.

Trykk på «NESTE» for å sjå korleis skjemaet ser ut, og vent med å krysse av til du høyrer stemma til person 1.

Trykk «NESTE» for å sjå korleis skjemaet ser ut, til der det står *Person 1* øvst. Det står altså visse eigenskapar som de skal ha i tankane og vurdere etter, og så skal de gradere kor sterkt denne eigenskapen passar for den aktuelle personen. Det er dei same skalaene som går att for alle dei 15 personane de får høyre.

Les nedover kva desse stikkorda er. De ser at det til dømes står «Likar du henne?». Her skal de glide med fingeren gjennom ein skala frå 1-7. Vel du skalaen 1 som er heilt til venstre betyr det at du slett ikkje likar henne. Vel du skalaen 7 heilt til høgre betyr det at du likar henne svært godt. Dei skalaene som ligg mellom ytterpunktene viser gradar mellom «slett ikkje» og «svært». Dei andre eigenskapane vi spør etter, er om du trur personen er klok, sjølvskikker, seriøs, spanande, målretta eller kul, og om du trur personen er til å stole på. Altså heile tida kva du *trur*. Derfor er det ikkje noko hensikt i å sjå kva sidemannen gjer – dette er ingen test der målet er å få best resultat. Hugs at de skal krysse av på alle skalaene for kvar person – det er ikkje nok med berre éin skala per person.

Du har berre den korte tida det tek å spele av opptaket til å sette kryssa dine for kvar person. Det betyr at du må vere rask med å krysse av samtidig som du høyrer på personen. Ein skal ikkje tenkje. Etter kvar avspeling, kjem det denne gongen ein kort pause på 20 sekund slik at de kan innstille dykk på neste person. Når de er ferdige med å krysse av for kvar person, skal de trykke på «**NESTE**» og vente på neste stemme. Kvar person blir lest opp med eit nummer, slik at det skal vere lett å fylgje med. Hugs også at de **ikkje** kan trykke «**TILBAKE**» i skjemaet, så fylg godt med før du trykker vidare.

Då set vi i gang. Ver no klare med mobiltelefonane (datamaskinene), og ha oppe sida der det står *Person 1* øvst.

[Spel av fila LANGVERSJON]

[Før stemma til person 2 dukkar opp:]

Når de no har kryssa av på eigenskapane for person 1, kan de trykke på «**NESTE**».

[Etter at dei 15 stemmene er spelt av:]

Når de no er ferdige å vurdere alle personane, kan de trykke «**NESTE**» der de skal fylle kort inn kva de trur denne testen har gått ut på. De får 1 minutt på dette, før eg kjem med ny beskjed.

3. Forklaring til testen

[Etter 1 minutt:]

Alle må trykke på «NESTE» til de kjem til sida der det står STOPP øvst, og der det viser ei raud hand.

Vil nokon av dykk seie kva han eller ho har gjetta på som føremålet med denne testen? [Prøv å få eit par elevar til å uttale seg].

Den testen de no har vore med på, gjeld språk, eller om de vil: forskjellelege dialekter. Eg er lærarstudent ved Universitetet i Bergen, og denne testen har eg gjort med dykk i samanheng med masteroppgåva mi. Eg ønskjer å få vite noko om korleis folk reagerer på forskjellelege dialekter, og eg trur at det er viktig då å få den typen oppriktige reaksjonar som kjem når ein ikkje samtidig fokuserer på eller er oppteken av at det handlar om dialekt. Derfor har eg gjennomført denne testen slik eg har gjort, med å vere så hemmelegheitsfull i starten.

[Spørje informantane om det er nokre spørsmål eller kommentarar før undersøkinga går vidare]

Men no veit de altså heile føremålet, og eg vil no be dykk vere med i ein siste runde i testen. Trykk på «NESTE» i skjemaet, til der det står *Plassering* øvst. Vi spelar no av dei 15 personane igjen, og de skal samtidig krysse av i boksane kvar de trur kvar person kjem ifrå i landet. No kan vi ta dette så raskt at vi no spelar av stemmene utan noka pause imellom. Dette er altså siste runde med avspelingar. Vi begynner no.

[Spel av fila KORTVERSJON]

[Når alle 15 stemmene er spelt av:]

De kan no trykke «NESTE» i skjemaet, til der det står *Rangering* øvst.

I Noreg har vi mange fleire dialekter enn dei de no har fått høyre. De skal no til slutt få rangere eller vurdere ein del dialekter i landet. På sida finn de to skjema (skjema 1 og 2), og vi tek føre oss det første skjemaet først. Bak den landsdelen som er lista opp skal de velje eit tal frå 1-9 – talet 9 står for finast, og talet 1 står for minst fin. Har alle forstått dette?

No får de først 1 minutt til å gå gjennom skjema 1.

[Etter 1 min:]

Når de no er ferdige med det første skjemaet, skal de gå til skjema 2 nedanfor. Der skal de vurdere dialektene med den same skalaen, dvs. med same talverdiane, men no skal det vere etter kva *status* de trur at desse dialektene har generelt i samfunnet. Med «status» siktar vi til om dialektene er vurderte eller verdsette høgt eller lågt i samfunnet vårt. Og no er det altså tale om korleis de trur at *andre* vurderer dei dialektene som er lista opp. Då betyr det at talet 9 er høgast vurdert, og 1 er lågast vurdert. Har alle forstått dette? De får 1 minutt til dette.

[Etter 1 min:]

De kan no trykke på «**NESTE**», til siste side i skjemaet, der det står *Korte opplysningar om deg sjølv* øvst. Siste minuttet skal de få fylge ut informasjonen her. Når du er ferdig med det, kan du trykke på «**NESTE**», og deretter på «**AVSLUTTE**» for å kome ut av spørjeskjemaet.

[Etter 1 min:]

Dermed er testen vår over, og eg takkar dykk for velviljen de har vist med å vere med på dette. Seinare i dag skal eg innom klassene dykkar for å sjå kort på nokre av resultata frå denne testen, samt gå gjennom nokre diskusjonsoppgåver i fellesskap. Vi sjåast snart!

Spør nokon etter fasiten på dei femten stemmene i testen, kan eg opplyse om kvar stemmene kom ifrå, altså Herøy, Sande, Ulstein, Ålesund og Austlandet.

Vedlegg 3: Mal for rapport til haldningsgranskings-test

Rapport frå datainnsamling – haldningsgranskings-test

1. Skule:

2. Tidspunkt for testen:

3. Kor mange elevar i trinnet til saman, og kor mange møtte fram på testen:

4. Gjekk etter planen (gaiden):

5. Referat frå kommentarar og gjetting i testen:

6. Tekniske kommentarar?

7. Idear til forbetringar?

Vedlegg 4: Mal for rapport til gruppesamtale

Rapport for datainnsamling – gruppesamtale

1. Klasse og skule:

2. Tidspunkt for samtaLEN:

3. Kva fag skulle klassa elles ha hatt denne timen:

4. Kor mange elevar i klassa til saman, og kor mange møtte:

5. Gjekk etter planen (spørsmåla):

6. Referat frå samtaLEN/diskusjonen/samarbeidet:

7. Tekniske kommentarar?

8. Idear til forbetringar?

Vedlegg 5: Digitalt spørjeskjema i testen

4%

Vurdering av personane

Du skal no få høre dei same personane igjen, og no skal du vurdere korleis du oppfattar personane.

Oppgåva di er å lytte til personane og vurdere dei på ein skala frå 1-7 i alt 8 kategoriar. Det er eitt skjema for kvar av dei femten personane.

Hugs at det er førsteinntrykket ditt eg er interessert i. Kvart opptak er på 15 sekund, og du bør krysse av på alle skalaene på den tida. Det vil ikkje vere mogleg å gå tilbake i undersøkinga. Fylg derfor godt med før du trykker vidare i skjemaet.

Trykk på "NESTE" for å sjå korleis skjemaet ser ut, og **vent** med å krysse av til du høyrer stemma til person 1.


> NESTE

9%


Person 1

Kva er førsteinntrykket ditt av denne personen?


ER HO KLOK?



SJØLVSIKKER?



SERIØS?



SPENNANDE?




MÅLRETTA?



KUL?



TIL Å STOLE PÅ?



LIKAR DU HENNE?



Trykk "NESTE" for person 2.

› NESTE

77%

Kva trur du denne undersøkinga har gått ut på?

Kvifor trur du det?

Har du andre kommentarar til undersøkinga du har vore med på, kan du skrive dei her:

» NESTE

81%

STOPP

Vent på ny beskjed før du går vidare i undersøkinga.



» NESTE

86%

Plassering

Kor meiner du at kvar av dei femten stemmene kjem ifrå?

Du skal no få høyre på personane éin gong til. Du skal samtidig krysse av på den staden du trur personen er ifrå.

Person 1

- Herøy
- Sande
- Ulstein
- Austlandet
- Ålesund

Person 2

- Sande
- Austlandet
- Herøy
- Ålesund
- Ulstein

Person 3

- Herøy
- Ålesund
- Ulstein
- Sande
- Austlandet

Person 4

- Herøy
- Sande
- Austlandet
- Ulstein
- Ålesund

Person 5

- Ålesund
- Ulstein
- Austlandet
- Herøy
- Sande

Person 6

- Ulstein
- Austlandet
- Ålesund
- Sande
- Herøy

Person 7

- Austlandet
- Ulstein
- Ålesund
- Sande
- Herøy

Person 8

- Ulstein
- Herøy
- Sande
- Ålesund
- Austlandet

Person 9

- Ålesund
- Sande
- Herøy
- Ulstein
- Austlandet

Person 10

- Austlandet
- Herøy
- Ulstein
- Sande
- Ålesund

Person 11

- Austlandet
- Herøy
- Sande
- Ulstein
- Ålesund

Person 12

- Herøy
- Sande
- Ulstein
- Austlandet
- Ålesund

Person 13

- Austlandet
- Herøy
- Sande
- Ålesund
- Ulstein

Person 14

- Austlandet
- Ålesund
- Herøy
- Ulstein
- Sande

Person 15

- Ålesund
- Sande
- Austlandet
- Herøy
- Ulstein

> NESTE

90%

Rangering

Vi har mange dialektar i landet. No skal du først i skjema 1 rangere dei ulike dialektane nedanfor etter *kor fine* du synest dei er.

La 1 på skalaen vere *minst fin*, og la 9 vere *finast*. Du kan velje same skala på fleire av kategoriane viss du vil.

SKJEMA 1:

Sørlandsk

✓ -- Velje --

1

2

3

4

5

6

7

8

9

Bergensk

– Velje –

Trøndersk

– Velje –

Herøy-dialekt

– Velje –

Sande-dialekt

– Velje –

Ålesund-dialekt

– Velje –

Ulstein-dialekt

– Velje –

Austlandsk

– Velje –

Nordnorsk

– Velje –

I skjema 2 skal du rangere dialektene etter slik du trur *folk generelt i Noreg* vurderer kor høg status dei har. Med *status* siktar vi til om dialektane blir vurderte høgt eller lågt i samfunnet vårt.

La 1 på skalaen vere *minst fin*, og la 9 vere *finast*.

SKJEMA 2:

Ulstein-dialekt

– Velje –

Bergensk

– Velje –

Sørlandsk

– Velje –

Ålesund-dialekt

– Velje –

Trøndersk

– Velje –

Austlandsk

– Velje –

Sande-dialekt

– Velje –

Herøy-dialekt

– Velje –

Nordnorsk

– Velje –

› NESTE

95%

Korte opplysningar om deg sjølv

Du er nesten i mål! Til slutt ber vi deg om å fylle ut nokre korte opplysningar om deg sjølv.

Kjønn

- Gut
- Jente

Fødselsår

Har du budd i Herøy frå du var 6 år gammal?

- Ja
- Nei

» NESTE

100%

Gratulerer! Du er no ferdig med undersøkinga. Takk for bidraget.

Trykk på "AVSLUTTE" for å forlate skjemaet.

» AVSLUTTE

Vedlegg 6: Diskusjonsspørsmål i gruppесamtalane

8 diskusjonsspørsmål

Klasse: _____

1. Kva tankar har de om dykkar eiga dialekt (dialekta i Herøy)?
2. Kor viktig meiner de det er for ein herøyværing å snakke herøydialekt?
3. Kan de peike på typiske språktrekk for dialektene i fylgjande område:

Herøy	
Ulstein	
Sande	
Ålesund	
Austlandet	

4. Synest de det er lett å høyre forskjell på ein som kjem frå Herøy og Sande/Ulstein/Ålesund?
5. Merkar de forskjellar i språket mellom gamle og unge i Herøy? Kom med døme.

- 6. Snakkar de på ulik måte alt etter kven de snakkar med (familie, vener, ukjente, folk frå andre stadar osv.)?**

- 7. Korleis vil de beskrive fylgjande:**

Ein herøyværing	
Ein ulsteinvikar	
Ein sandssokning	
Ein ålesundar	
Ein austlending	

- 8. Kva trur de folk utanfor Herøy meiner om fylgjande:**

a) **Herøyværingar**

b) **Dialekta i Herøy**